

Den sosialt og geografisk strukturerte mobiliteten

Ei kvantitativ analyse av sammenhengen mellom geografisk opphav, geografisk mobilitet og utdannings- og klassemobilitet i Vestlandsregionen for fødselskohortane 1955 og 1960

Hege Beate Stein Helland



Masteroppgåve

Våren 2015

Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen

Samandrag

Formålet med denne oppgåva har vore å studere samanhengane mellom sosial bakgrunn, geografisk opphav, geografisk mobilitet og sosial posisjon. Den norske og vestlandske konteksten har vorte vurdert som særleg interessant med omsyn til den norske diskusjonen om sosial ulikskap som i fylgje Ringdal (2001) har vore farga av ein *myte* om at velferdsstaten har viska vekk alle klasseskilnadar og fungert som ein form for garanti mot klassebasert sosial ulikskap. Samstundes vert nettopp framveksten av velferdsstaten og dei strukturelle endringane i etterkrigstida rekna som særskilt interessante i høve til å studere kor vidt det kan observerast aukande grad av egalitarisme og utjamning av sosial ulikskap i det norske samfunnet i denne tidsperioden. Dette gjeld då særleg i Vestlandsregionen som historisk sett vert sagt å ha vore lite prega av framtrekande sosiale ulikskapsstrukturar.

Den sosiale ulikskapen har vorte studert gjennom tre dimensjonar: *utdanning, klasse og geografisk opphav*. Dei to fyrstnemnde dimensjonane har vore definert som hierarkisk ordna system der mobilitet oppover og nedover i den sosiale strukturen har vore det analytiske fokuset. Den geografiske dimensjonen har vorte vurdert som ein stratifiserande mekanisme for den sosiale og geografiske mobiliteten i dei sosiale strukturane. I tillegg vart individets *geografiske mobilitet* antatt å vere knytt til sosial ulikskap.

Tre generelle problemstillingar har lege til grunn for denne studien: (1) I kva grad kan ein hevde at sosiale posisjonar er eit resultat av tilskrivne eller oppnådde prestasjonar for individ fødde og busette i Vestlandsregionen? (2) Kva betydning har flyttehandlinga for respondentens sosiale posisjon, og er flytting klassestrukturert? (3) Finn ein ulike mønstre i sosial og geografisk mobilitet langs den geografiske dimensjonen? Det vart også formulert eit sett meir spesifikt definerte problemstillingar for kvart analysekapittel, tretten totalt. For å besvare desse spørsmåla har det vore nytta logistisk regresjonsanalyse og krysstabellanalyse, der spørsmåla har vorte tilnærma gjennom tre analysekapittel som har teke for seg høvesvis geografisk-, utdannings- og klassemobilitet.

Denne studien har utfordra Blau og Duncans (1967) liberale hypotese om sosial mobilitet og aukande universalisme i det post-moderne industrialiserte samfunnet både teoretisk og empirisk. Gjennom Goldthorpes (1980, 2000) *rasjonell-aktør teori* om reproduksjon av sosial ulikskap, kulturelle og strukturelle teoriar om geografiske skilnader i sosial mobilitet representert ved Lipset og Bendix' (1992 [1959]) teori om *community of orientation* og Rokkans (1987 [1966]) skildringar av kulturelle

konfliktlinjer i det norske samfunnet, har oppgåva hatt som mål å avdekke sosiale og geografiske skiljeliner og ulikskap i Vestlandsregionen, og med dette svekke den liberale hypotesen. Også Bourdieus (2010 [1984]) teori om *habitus* og *sosiale felt* har vorte nytta for å skildre mekanismane bak sosialt strukturerte handlingar.

Oppgåvas empiriske analysar konstaterer at sosial bakgrunn framleis er av relevans når ein skal studere sosial ulikskap i det post-moderne samfunnet. Konklusjonen er at sosial arv er ein sentral determinant for kvar i det sosiale hierarkiet respondentane i vårt utval endar opp, både gjennom dei direkte effektane av sosial bakgrunn, og indirekte effektar som eigen utdanning og migrasjon. Funna som er gjort tydar på at intergenerasjonell reproduksjon av utdannings- og klasseulikskap framleis var tydeleg i det vest-norske samfunnet for kohortane fødd i 1955 og 1960.

Blau og Duncans (1967) teori om aukande universalisme vert *ikkje* understøtta av dei empiriske analysane i studien. Det tydar på at den økonomiske og sosiale utviklinga i det norske samfunnet i den aktuelle tidsperioden har ført til auka sosial og geografisk mobilitet, samstundes som tilgangen til privilegerte posisjonar har auka, men at dei *relative* sosiale skilnadane varar ved. Det ser også ut til at det har vore ein viss geografisk både kulturell, sosial og strukturell konvergens, men at det framleis har vore store skilnader i både sosiale og geografiske mobilitetsstrukturar mellom ulike geografisk definerte sosiale system i denne perioden, og då spesielt mellom bygd og by. Vi avvisar også Blau og Duncans (1967) påstand om flytتهhandlingas utjamnande effekt. Dei geografisk mobile individa i utvalet oppnår høgare plasserte posisjonar både i klasse- og utdanningshierarkiet, men dei relative strukturane for sosial reproduksjon og mobilitet ser ut til vere dei same for både stasjonære og mobile individ. Det konkluderast også med at den selektive flytتهhandlinga ikkje er ein sosialt uavhengig mekanisme, flytتهhandlinga framstår som tydeleg klassestrukturert og samanfallande med moglegheitsstrukturane i dei ulike samfunnstypene.

Tal ord i hovudteksten: 38 889

Forord

Det har på mange måtar vore ein eineståande oppleving å skrive ei masteroppgåve - det har gått opp, og det har gått ned. Det har vore fantastisk, frustrerande, interessant, altoppslukande, forvirrande, engasjerande - og ikkje minst utruleg lærerikt og spanande.

Den fyrste personen som må takkast er min svært så kunnskapsrike rettleiar Johs. Hjellbrekke som har bidratt med konstruktive og gode innspel, opne dørar, og ikkje minst eit engasjement for prosessen som eg har sett stor pris på. Tusen takk!

Eg vil også takke medstudentane mine i toppetasjen på Sofie Lindstrøms hus for nokre fine år. Takk for gode faglege diskusjonar, lite faglege diskusjonar, og generelt for støttande ord og fine stundar.

Elles vil eg rette ein stor takk til min kjære Jan Ferdinand - du har nok fått høyre meir om sosial mobilitet enn du nokon gang kunne sett for deg, takk for tolmoda. Tusen takk til familien for all god støtte på vegen, dykk er flotte!

Hurra!

Innholdsoversyn

| | |
|--|-----------|
| Samandrag..... | i |
| Forord..... | iii |
| Figuroversyn..... | vi |
| Tabelloversyn..... | vii |
| 1 Innleiing..... | 1 |
| 1.1 Innleiing og bakgrunn..... | 1 |
| 1.2 Historiske utviklingstrekk og den vestlandske konteksten..... | 3 |
| 1.3 Teoretisk og metodisk tilnærming..... | 5 |
| 1.3.1 Sosial stratifikasjon og sosial mobilitet..... | 5 |
| 1.3.2 Mobilitet måla med OED-modellen..... | 6 |
| 1.4 Forskingsspørsmål og problemstillingar..... | 7 |
| 1.5 Oppgåvas struktur..... | 9 |
| 2 Teori og tidlegare forskning..... | 11 |
| 2.1 Sosial stratifikasjon og klasse..... | 12 |
| 2.1.1 EGP-klasseskjema..... | 13 |
| 2.1.2 OED-modellen - ein stratifikasjonsmodell..... | 15 |
| 2.2 Status attainment og den strukturelle kritikken..... | 17 |
| 2.3 Klassestrukturerte mobilitetsstrategiar..... | 20 |
| 2.4 Sosiale strukturar for geografisk mobilitet..... | 21 |
| 2.4.1 Sosiale mekanismar for den klassestrukturerte flyttehandlinga..... | 23 |
| 2.4.2 Lokal habitus og kulturell kapital..... | 23 |
| 2.5 Den geografiske strukturen for sosial mobilitet..... | 25 |
| 2.5.1 Samfunnsstrukturar..... | 25 |
| 2.5.2 Kulturelle skiljeliner..... | 26 |
| 2.6 Tidlegare forskning..... | 28 |
| 2.7 Avslutning..... | 31 |
| 3 Data og metode..... | 33 |
| 3.1 Datamaterialet..... | 33 |
| 3.1.1 Utvalet..... | 33 |
| 3.1.2 Avgrensingar ved datamaterialet..... | 33 |
| 3.2 Operasjonalisering og skildring av variablar..... | 34 |
| 3.2.1 Avhengige variablar..... | 34 |

| | |
|---|------------|
| 3.2.2 Uavhengige variablar..... | 39 |
| 3.3 Analysemetode..... | 43 |
| 3.3.1 Binomisk- og multinomisk logistisk regresjon..... | 43 |
| 3.3.2 Krysstabellar..... | 45 |
| 3.4 Statistisk utryggeleik og statistiske testar i logistisk regresjon..... | 45 |
| 3.4.1 Føresetnadar for logistisk regresjonsanalyse..... | 46 |
| 3.4.2 Signifikanstesting ved utvalsmålingar versus populasjonsmålingar..... | 47 |
| 3.4.3 Stabilitetsproblem i store logistiske regresjonsmodellar..... | 48 |
| 4 Geografisk mobilitet..... | 50 |
| 4.1 Analysen..... | 50 |
| 4.2 Binær logistisk regresjon..... | 52 |
| 4.3 Krysstabellar..... | 58 |
| 4.4 Oppsummering og konklusjon..... | 64 |
| 5 Utdanningsmobilitet..... | 67 |
| 5.1 Analysen..... | 67 |
| 5.2 Multinomisk logistisk regresjonsanalyse..... | 69 |
| 5.3 Mobilitetstabellar..... | 76 |
| 5.4 Oppsummering og konklusjon..... | 86 |
| 6 Klassemobilitet..... | 90 |
| 6.1 Analysen..... | 90 |
| 6.2 Multinomisk logistisk regresjonsanalyse..... | 92 |
| 6.3 Mobilitetstabellar..... | 98 |
| 6.4 Oppsummering av funn og konklusjon..... | 109 |
| 7 Avslutning..... | 112 |
| 7.1 Hovudfunn..... | 112 |
| 7.2 Teoretiske implikasjonar..... | 115 |
| 7.3 Vidare forskning..... | 117 |
| 7.3.1 Oppgåvas avgrensingar..... | 117 |
| 7.3.2 Spørsmål for vidare forskning..... | 118 |

Litteraturliste

Appendiks A

Appendiks B

Appendiks C

Figuroversyn

| | |
|--|----|
| Figur 1.1: OGED-modellen. Direkte og indirekte effekter av sosial bakgrunn og geografisk opphav..... | 7 |
| Figur 2.1: Predikerte sannsyn for barn til å ende opp i forskjellige migrasjonskarrierer, etter fars utdanningsnivå (Rye 2003)..... | 30 |
| Figur 5.1: Utdanningsnivå 1970. Frekvensar fordelt på utdanningsnivå..... | 77 |
| Figur 5.2: Utdanningsnivå 1990. Frekvensar fordelt på utdanningsnivå..... | 77 |
| Figur 6.1: Utdanningsnivå fordelt på klasse 1970..... | 94 |
| Figur 6.2: Utdanningsnivå fordelt på klasse 1990..... | 94 |
| Figur 6.3: Klassetruktur 1970. Prosentvis fordeling i klassetrukturen..... | 99 |
| Figur 6.4: Klassetruktur 1990. Prosentvis fordeling i klassetrukturen..... | 99 |

Tabelloversyn

| | |
|---|-----|
| Tabell 3.1: EGP-klassane forklart for 55- og 60 kohorten..... | 39 |
| Tabell 4.1: OG ₁ E-G ₂ -modell: binær logistisk regresjonsanalyse med geografisk mobilitet som avhengig variabel. 55-kohorten..... | 57 |
| Tabell 4.3: Krysstabell av fars høgaste utdanningsnivå og respondentens geografiske mobilitet fordelt på kommunekategori. 55-kohorten..... | 60 |
| Tabell 4.5: Krysstabell av fars klasse og respondentens geografiske mobilitet fordelt på kommunekategori. 55-kohorten..... | 63 |
| Tabell 5.1: OG-E-modell: Multinomisk logistisk regresjonsanalyse med respondentens høgaste utdanningsnivå som avhengig variabel. 55-kohorten..... | 70 |
| Tabell 5.3: Krysstabell av sammenhengen mellom fars høgaste utdanningsnivå 1970 og respondentens høgaste utdanningsnivå 1990. 55-kohorten..... | 79 |
| Tabell 5.5: Krysstabell av sammenhengen mellom fars høgaste utdanningsnivå 1970, respondentens fødekommune og respondentens høgaste utdanningsnivå 1990. 55-kohorten..... | 82 |
| Tabell 5.7: Krysstabell av sammenhengen mellom fars høgaste utdanningsnivå 1970, respondentens høgaste utdanningsnivå 1990 og respondentens geografiske mobilitet 55-kohorten..... | 86 |
| Tabell 6.1: OGE-D-modell: Multinomisk logistisk regresjonsanalyse med respondentens klasse som avhengig variabel. 55-kohorten..... | 96 |
| Tabell 6.3: Krysstabell av sammenhengen mellom fars klasse 1970 og respondentens klasse 1990. 55-kohorten..... | 100 |
| Tabell 6.5: Krysstabell av sammenhengen mellom fars klasse 1970, respondentens klasse 1990 og respondentens fødekommune. 55-kohorten..... | 103 |
| Tabell 6.7: Krysstabell av sammenhengen mellom fars klasse 1970, respondentens klasse 1990 og respondentens geografiske mobilitet. 55-kohorten..... | 107 |

1 Innleiing

1.1 Innleiing og bakgrunn

Noreg har i løpet av det siste århundret vore igjennom omfattande økonomiske og sosiale endringar. Spesielt har framveksten av velferdsstaten i etterkrigstida vore av stor betydning for den strukturelle utviklinga av det norske samfunnet, Gjennom universalitetsprinsippet skulle alle samfunnets medlemmer sikrast sosiale rettar og tryggleik gjennom eit offentleg velferdssystem, derav universell tilgang på offentlege tenester som helsehjelp, trygd og tilgang til høgare utdanning. Parallelt med framveksten av velferdsstaten og den generelle velstandsauka i befolkninga har diskusjonen om klasse avtatt. I fylgje Ringdal (2001) er den norske diskusjonen farga av ein *myte* om at velferdsstaten har viska vekk alle classeskilnadar og med dette fungerer som ein form for garanti mot klassebasert sosial ulikskap. Ringdal kallar dette ein myte av den grunn at forskarar jamleg avdekkar systematiske samanhengar mellom klassetilhøyring og sosial ulikskap, dette på tross av den generelle auka i velferds- og utdanningsnivå. Slike studiar understreker klasseomgrepets relevans i studiar av sosial ulikskap og sosiale konflikhtar, også i Noreg.¹

Så kvifor er det viktig å studere sosial ulikskap og meir nøyaktig rørsle mellom sosiale posisjonar i det norske samfunnet omtala som eit individs *sosiale mobilitet*? Omgrepet sosial mobilitet definerast som endringar i dei sosiale omgivingane for personar eller grupper av menneske, der individ flyttar seg oppover eller nedover i ein vertikal og hierarkisk ordna struktur, der nokon bytar plass med andre (Ramsøy, 1977: 14-15). Som Natalie Rogoff Ramsøy (1977: 15-16) skriv er sosial mobilitet noko som fangar viktige moment ved samfunnsstrukturen og skildrar endringane slik:

[...] ved at disse flytter, skifter levevei, blir fattigere eller rikere, får mer eller mindre makt en før o.l, og [...] sirkulasjon av personer mellom rangordnede posisjoner i eller sosiale lag, slik at individer som har sin opprinnelse i et sosialt lag havner i et annet lag.

Sosial mobilitet som fenomen er *ein del* av samfunnsstrukturen, og må studerast deretter, som årsak og resultat av strukturelle endringar. Analysar av sosial mobilitet byggjar altså på den føresetnad at sosiale posisjonar lèt seg ordne hierarkisk, det vil med andre ord finnast meir eller mindre privilegerte posisjonar i eit samfunn, der enkelte posisjonar vil vere meir attraktive enn andre

¹ Sjå Ramsøy (1977), Ringdal (1990), Hjellbrekke & Korsnes (2012), Hjellbrekke (2007), Rye (2003, 2006a), Hansen (1999), Lindbekk (1983).

(Hjellbrekke & Korsnes, 2012: 12). Konsekvensane av klassebasert sosial ulikskap kan til dømes gjere seg synleg i skilnader i helse og daude, der dei sosiale helseskilnadane i Noreg i fylgje Ringdal (2001: 197:199) er omfattande og systematisk samanfallande med både klassesetilhøyring og utdanningsnivå.² Dette er eit godt døme på kvifor samfunn der den *intergenerasjonelle mobiliteten* er omfattande, med andre ord der samanhengen mellom fars og barnets sosiale posisjon er svak, vil vere eit samfunnsmessig ideal og ein indikator på eit ope, demokratisk samfunn (sjå t.d Blau & Duncan 1967, Sorokin 1959 [1927]).³ Det understrekar også den samfunnsmessige relevansen av å studere sosial mobilitet i eit sosial ulikskapsperspektiv, vi veit også at den generelle konsekvensen av systematisk sosial ulikskap er ulik fordeling av godar, levestandard og rekruttering til attraktive posisjonar - det er i det store og heile eit spørsmål om rettferd og likeverd (Ringdal, 2001).

Vidare er det slik at klasseskilnader og sosial ulikskap ofte fell saman med andre konfliktlinjar i samfunnet, som til dømes geografisk opphav eller bustad. Kastar vi blikket tilbake til utsegnen henta frå Ramsøys *Sosial Mobilitet* (1977) vert det tydeleg at det å flytte på seg, den *geografiske mobiliteten* i eit samfunn, er ein handling det er naudsynt å vurdere når ein skal studere endringar i den sosiale strukturen. Samstundes har ein sett at avstandar i det sosiale rommet også delvis fell saman med avstandar i det geografiske rommet. Spesielt er dette relevant i høve til utdanning, då utdanningsmobilitet er ansett som ein sentral kjelde til geografisk mobilitet ved at høgare utdanning i mange høve kan krevje fysisk relokasjon. Lengre utdanningsløp er også antatt å stimulere geografisk mobilitet i eit lenger perspektiv (Hjellbrekke & Korsnes 2012: 133).⁴ I NOU 33:1992:34 lyder det til dømes: *Utdanningssystemet i Norge er slik at det det gjør det mulig å ta utdanning uavhengig av geografiske forhold, alder, kjønn, økonomi eller sosiale forhold*” (i Hansen 1999: 198). Jamfør denne erklæringa skal ein kunne anta at klasseskilnader og tilskrivne geografiske eigenskapar i form av fødestad eller oppvekststad ikkje i nokon grad skal påvirke individets mogelegheiter i utdanningssystemet. Systematiske klasseskilnader i utdanningsposisjonar skal med andre ord ikkje forekomme i det norske samfunnet. Om dette faktisk er tilfellet, om industrialiserings- og moderniseringsprosessar har ført oss i retning av sosial og geografisk konvergens, vil vi undersøkje i den føreliggjande studien. Ved å studere den sosiale strukturen for intergenerasjonell utdannings- og klasse mobilitet hos individ fødd i den tidlege etterkrigstida vil vi kunne ta stilling til om den *relative* sosiale mobiliteten for vestlendingane har vore upåvirka av dei strukturelle

² Sjå t.d Claussen og Næss (2002).

³ I kva grad ein kan snakke om sosial mobilitet som relatert til eit velfungerande demokratisk styre, eller grad av demokrati, er omdiskutert, sjå Hjellbrekke og Korsnes for ei innføring i denne diskusjonen (2012: 18).

⁴ Denne studien førar imidlertid ikkje dit at respondentanes flyttekarrierar vil studerast i sin heilskap.

endringane lokalt og nasjonalt, og om sosial ulikskap framleis kan seiast å ha vore systematisk knytt til klasse på tross av den omfattande velferdsauka i det norske samfunnet og eit stadig tiltakande fokus på individualisme.⁵ Det er også eit spørsmål om geografisk opphav er systematisk knytt til sosial ulikskap, og om flytتهhandlinga er klassestrukturert. Rye (2003) hevdar i denne samanheng at klasseaspektet ved migrasjonsstudiar tradisjonelt sett har vorte neglisjert, og at det parallelt med revitaliseringa av klasseomgrepet finnast eit stort behov for studiar som fokuserer på samanhengen mellom klassestruktur og nasjons-intern migrasjon og sosial mobilitet.

Av pragmatiske årsakar er også Noreg i eit særtilfelle med omsyn til tilgangen på tilfredsstillande og svært innhaldsrike empiriske data på området. Det empiriske grunnlaget for slike studiar er med andre ord i stor grad tilstade. Det er vidare av interesse å studere i kva grad moderniseringsprosessen også kan ha ført til sosiokulturell homogenisering av det geografiske landskapet, og med dette redusert både sosial og fysisk avstand. På den andre sida ser vi for oss at geografisk opphav formar handlingsrommet og -mogelegheitene til individ ulikt etter geografisk opphav i Vestlandsregionen. Spesielt interessant er høvet mellom bygd og by, der historiske skilnader i både næring og kultur gjer at diskusjonen om dei to sosiale systema står sentralt, divergerer desse i så vesentleg grad at klassestruktur og sosial mobilitet vil formast ulikt?

1.2 Historiske utviklingstrekk og den vestlandske konteksten

Noreg framhevast gjerne som ein egalitær og open nasjon, både normativt og i praksis.⁶ Ringdal hevdar i tillegg at Noreg aldri har vore eit utprega classesamfunn, i det høve at klassar ikkje har vore ein dominerande kjelde til ulikskap og konflikt (Ringdal 2001). Eg har vald å fokusere på individ fødd i kommunar i landsdelen *Vestlandet* av fleire årsakar.⁷ For det fyrste har det ein nærleik som gjer landsdelen til eit attraktivt studieobjekt. For det andre har eg ikkje oppspora liknande analysar av sosial mobilitet i regionen. Det sterkaste argumentet for nytte regionen som analytisk utgangspunkt tilskrivast imidlertid Vestlandets historiske profil. Saman med Sør-Noreg har landsdelen tradisjonelt sett vore *meir egalitær* enn resten av landet, og generelt lite prega av sosial ulikskap (Ringdal, 1990: 138). På den andre sida finn vi at det geografiske landskapet med sine mange fjordar og fjell i fylgje Båtevik (2000) har vore ei utfordring i høve til å *samle* regionen,

⁵ Omgrepet *relativ sosial mobilitet* skal omtalast med ein viss varsemd, vi vil imidlertid kunne sei noko om sjansane eller oddsen til enkelte grupper til å ha gitt verdi på avhengig variabel, eller rekkjevariabel.

⁶ Sjø Hjøllbrekke og Korsnes (2012: 18-23) for eit oversyn over relevante historiske sosiale høve for sosial mobilitet i Noreg, samt ei undersøking av landas eiga oppfatning av dei sosiale tilhøva i deira eige land, her kjem det t.d fram at norske respondentar oppfatar Noreg som lite prega av sosiale skiljer.

⁷ Vestlandet vert her definert som Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

både fysisk og dermed også sosialt, då som i nyare tid. I dette høvet kan ein anta at regionen er prega av både mangfald og kulturelle ulikskapar mellom ulike geografiske område, og kanskje spesielt spenningar, både fysiske og sosiokulturelle, mellom bygd og by.

Makrostrukturelle endringar av spesiell interesse omsyn til klassestrukturar og mobilitetsmønstre for Vestlandsregionen er som for resten av landet knytt til reduksjonen i talet tilsette i primærnæringane og framveksten av yrker knytt til tertiærnæringane (Hjellbrekke & Korsnes, 2012: 90). Dei samfunnsspesifikke konsekvensane av dette på Vestlandet kan tenkjast å vere høge innslag av sosial mobilitet. Landsdelen har historiske sett vore prega av stor sysselsetting i industrien og i primærnæringa, begge sektorar i avtagande storleik i den aktuelle tidsperioden (sjå t.d Båtevik 2000).⁸ Samla sett har vi sett at delen posisjonar i midten, og delvis også toppen, av klassehierarkiet har auka jamsides med reduksjonen i posisjonar i botnen. Implikasjonane av dette er at fleire vil kunne oppnå middelklasseposisjonar, uansett sosial bakgrunn - spørsmålet er då om dette har føra til endringar i den *relative* ulikskapen i tilgang til middelklasseposisjonane. I dette høvet er det viktig å hugse på at også posisjonar og samfunn kan vere mobile, slik at auka levestandard og endringar i klassestrukturen ikkje naudsyntvis treng å vere eit uttrykk for utjamning av sosial ulikskap (Hjellbrekke & Korsnes, 2012: 13, Ringdal, 2002: 187). Den aktuelle perioden for den føreliggjande studien er også karakterisert av omfattande sentraliserings- og urbaniseringstendensar.⁹ Parallelt med denne utviklinga blomstrar distrikts- og regionalpolitikken i Noreg, blant anna var utdanningsinstitusjonen gjenstand for klåre distriktpolitiske mål og i 1969 startar opninga av distriktshøgskulane.¹⁰ Oppsummert kan vi forvente at dei omfattande omstillingsprosessane som fann stad i regionen i det aktuelle tidsrommet vil ha hatt store implikasjonar for både geografisk og sosial mobilitet.

Den generelle tendensen for landet som heilskap er ein omfattande ekspansjon av utdanningssystemet. Institusjonelle reformar som Reform 74 om vidaregåande opplæring, og ein betydeleg utbygging av utdanningssystemet står sentralt i denne utviklinga. Delen i befolkninga med vidaregåande opplæring har i fylgje Hjellbrekke og Korsnes (2012: 117) vorte firedobla i

⁸ Talet arbeidsplassar i industrien var framleis høgt i 1970 og talet stig også fram mot midten av 70-talet. På 80-talet starter derimot ein kraftig reduksjon i talet arbeidsplassar i industrien, målepunktet for respondentens klasseposisjon er satt til 1990 og må med antas å vere berørt av denne reduksjonen (sjå Hjellbrekke & Korsnes 2012: 90).

⁹ Dette vil sei i tida etter 1955-1960 og fram mot 1990-1995.

¹⁰ Henta frå snl.no (Skoie 2012): Møre og Romsdal distriktshøgskole, i Molde, opna 1969; Rogaland distriktshøgskole, i Stavanger, opna 1969; Møre og Romsdal distriktshøgskole, i Volda opna 1976; Sogn og Fjordane distriktshøgskole, i Sogndal, opna 1976.

perioden frå 1959 til 1991. Også talet på studentar i høgare utdanning har auka enormt, dog periodisk, slik at effekten av utdanningsekspanjonen i høgare utdanning for kohortane i vår studie vil kunne variere noko. Sist og ikkje minst finn ein at yrkes- og utdanningsmobilitetskanalen vert langt opnare for kvinner, og ein vert vitne til ein ekstensiv framvekst av kvinnlege lønsarbeidarar. Den enorme ekspansjonen av offentleg sektor og servicenæringa førar dessutan til at fleire kvinner finn vegen inn i yrke innanfor gitte sektorar (Hjellbrekke & Korsnes, 2012: 90-91).

Dei strukturelle endringane som fann stad i tida etter 1960 vil utvilsomt ha hatt omfattande konsekvensar for mobilitetsmønstra til individ fødde i tida rundt denne perioden. Det er av denne grunn vurdert som særleg interessant å studere mobilitetsløpa til fødselskohortane 1955 og 1960. Det skal også seiast at det på tross av alle dei omtala endringane er observert små endringar i den relative sosiale mobiliteten i det norske befolkninga. Ringdal (2001) finn med omsyn til utdanningsulikskap i Noreg at det har vore ein utjamning av dei relative fordelane med ein privilegert sosial bakgrunn, men at denne utjamninga har stoppa opp. Når det gjeld dei relative mobilitetssjansane i klassestrukturen skildrar han desse som *forbausande stabile* (Ringdal, 2002: 192). Hjellbrekke og Korsnes (2012) finn også at den relative ulikskapen i utdanningssystemet har halde seg stabil, og at den i enkelte høve også har auka svakt.

Avslutningsvis skal det nemnast at valet av aktuelle kohortar og historisk forskingsfokus også har vore avhengig av tilgang på tilfredsstillande datamaterialet for dei empiriske analysane. Av konsesjonsmessige årsakar har ikkje analysar av nyare data vore mogeleg med den konsekvens at bruk av eldre data har vorte sett på som det beste alternativet for å kunne gjennomføre fyldige og fagleg føremålstenlege analysar av intergenerasjonelle sosiale rørsler.

1.3 Teoretisk og metodisk tilnærming

1.3.1 Sosial stratifikasjon og sosial mobilitet

Når ein skal studere sosial stratifikasjon og sosial mobilitet er det vorte stadige vanlegare praksis å studere sosial ulikskap som eit fleirdimensjonalt fenomen. Tanken er at om sosiale ulikskapsstrukturar reduserast til eit eindimensjonalt mål vil mange nyansar i mekanismane som skapar ulikskap gå tapt (Christophersen 2011: 4-5). Her har eg vald å studere sosial ulikskap gjennom tre dimensjonar: *utdanning, klasse og geografisk opphav*. Rettare sagt vert den sosiale mobiliteten måla i to sosiale hierarkiar: utdanning og klasse. Geografisk opphav er vurdert som ein

stratifiserande mekanisme, dog ikkje som eit hierarkisk ordna system.¹¹ I tillegg vert individets *geografiske mobilitet* antatt å vere knytt til sosial ulikskap, der individa er ordna i to grupper: *flyttarar* og *ikkje-flyttarar* (sjå t.d Rye 2003 og Blau & Duncan 1967). Individets evne til å vere geografisk mobil er antatt å henge saman med individets sosiale og geografiske bakgrunn og status, der hypotesen er at flyttehandlinga indirekte har ein modererande effekten av sosial bakgrunn. Geografisk mobilitet vert soleis forstått som ein potensiell kanal for sosial mobilitet. Det teoretiske grunnlaget for å studere sosial stratifikasjon som ein fleirdimensjonell prosess vert presentert i kapittel 2, det same vert EGP-skjemaet som ligg til grunn for operasjonaliseringa av klasseomgrepet som er nytta i studien.

1.3.2 Mobilitet måla med OED-modellen

Analysane og problemstillingane i studien er lagt opp etter logikken frå dei analytiske prinsippa frå Blau og Duncans (1967) *OED-modell*.¹² Denne modellen dekomponerer stratifikasjonsprosessen til ein enkel analytisk modell som skiljer mellom den effekten av sosial bakgrunn på barnets sosiale posisjon som gjer seg til syne gjennom barnets oppnådde utdanningskvalifikasjoner, og den direkte effekten av sosial bakgrunn på barnets sosiale status og prestasjonar. Motivasjonen for å nytte OED-modellen er fyrst og fremst knytt til den analytiske tenkninga om korleis klassemekanismar fungerer, idèen om at vi kan klargjere kor mykje av ein person si plassering i utdannings- og klassehierarkiet som kan tilskrivast sosial bakgrunn, den indirekte effekten av sosial bakgrunn utøvd gjennom utdanningssystemet, og personens eigen utdanning.¹³ Meir konkret kan ein sei at ein tek sikte på å klarleggje i kva grad tilskrivne eigenskapar versus oppnådde eigenskapar påverkar individets sosiale posisjon. Her tilpassast modellen studiens forskingsspørsmål, og med utgangspunkt i dette vil også effekten av geografisk opphav og geografisk mobilitet på individets utdannings- og klasseposisjon studerast i den foreliggjande stratifikasjonsmodellen. Vidare ynskjer vi også å studere kva faktorar som påverkar individets sjansar for å vere geografisk mobile. Ved å inkludere den geografiske dimensjonen vert eit meir passande uttrykk for modellen OGED.¹⁴¹⁵ Her vil G vere eit uttrykk for høvesvis geografisk opphav (G1) og geografisk mobilitet (G2), og individets mobilitet samt mekanismane i stratifikasjonsprosessen kan skildrast slik:


¹¹ EGP-klasseskjemaet er opprinneleg relasjonelt og ikkje hierarkisk strukturert. Men som det greiast ut om i kapittel 2 kan det likevel skiljast mellom meir og mindre privilegerte klasseposisjonar (sjå t.d Christophersen 2011).

¹² Origin - Education - Destination (Hjellbrekke & Korsnes, 2012: 39).

¹³ Det skal seiast at det ikkje er fullstendig uproblematisk å nytte OED-modellen for å skildre mobilitetsprosessar i ein *klasseanalyse*. Blau og Duncan (1967) baserer sine analysar på ein yrkesstatustilnærming (SEI-indeksen) til sosial mobilitet og sosial stratifikasjon. Dette vert utdjupa i kapittel 2.

¹⁴ Origin - Education - Geography - Destination.

¹⁵ Modellen inneheld også variabelen *kjønn*.



Figur 1.1: OGED: Direkte og indirekte effekter av sosial bakgrunn og geografisk opphav

Ein fylldigare skildring av det teoretiske grunnlaget til denne modellen og av den liberale teorien om status attainment frå Blau og Duncans *The American Occupational Structure* (1967) vil bli gitt i kapittel 2.

1.4 Forskingsspørsmål og problemstillingar

I lys av dei teoretiske og sosiale høva skildra over vil dei overordna forskingsspørsmålet i oppgåva vere:

1. *I kva grad kan ein hevde at sosiale posisjonar er eit resultat av tilskrivne eller oppnådde prestasjonar for individ fødde og busette i Vestlandsregionen?*
2. *Kva betydning har flyttehandlinga for respondentens sosiale posisjon, og er flytting klassestrukturert?*
3. *Finn ein ulike mønstre i sosial og geografisk mobilitet langs den geografiske dimensjonen?*

Med utgangspunkt i dette er det formulert eit sett av underproblemstillingar for kvar analysemodell. I det fyrste analysekapittelet er eg interessert i å undersøkje respondentens flyttesjansar (OG^1E-G^2) og problemstillingane er formulert som fylgjer:

1. *Er flyttehandlinga klassestrukturert og korleis fordelar sjansane for å vere geografisk mobil seg på dei ulike sosiale gruppene?*
2. *Er respondentars evne til geografisk mobilitet, uansett geografisk opphav og sosial bakgrunn, assosiert med høgare utdanningsposisjonar samanlikna med geografisk immobile respondentar?*

3. *Er det skilnader mellom dei ulike geografiske kontekstane for korleis den geografiske mobiliteten til respondenten er strukturert? Og kva kommunetypar har størst grad av geografisk mobilitet?*

I det andre analysekapittelet skal respondentens utdanningsmobilitet (OG-E) undersøkjast. I det høve er fylgjande problemstillingar formulert:

4. *I kva omfang vert ulikskap i utdanning reprodusert intergenerasjonelt?*
5. *Kva effektar har sosial og geografisk bakgrunn på respondentens utdanningsposisjon? Og kva faktorar ser ut til å påvirke respondentens utdanning i størst grad?*
6. *Er det strukturelle skilnader i mønster for reproduksjon av utdanningsnivå og utdanningsmobilitet for ulike geografiske kontekstar i Vestlandsregionen?*
7. *I kva geografisk kontekst utdanningsmobiliteten høgast og lågast?*
8. *Er geografisk mobilitet assosiert med høgare utdanningsposisjonar? Og reduserer migrasjon bort frå fødestaden effekten av sosial bakgrunn for respondentens utdanningsprestasjonar?*

I det siste analysekapittelet studerast respondentens klassemobilitet (OGE-D). Her undersøkjast liknande problemstillingar som i analysen av utdanningsmobilitet, men med klasse som mål for sosial ulikskap. Problemstillingane er formulert som fylgjande:

9. *I kva omfang vert sosiale klassar reprodusert intergenerasjonelt?*
10. *Kva effekt har sosial og geografisk bakgrunn på respondentens klasseposisjon? Og kva implikasjonar har den endra kjønnsbalansen i arbeidsmarknaden hatt for den observerte klassemobiliteten?*
11. *Er det strukturelle skilnader i mønster for reproduksjon av klasseposisjonar og klassemobilitet for ulike geografiske kontekstar i Vestlandsregionen? I kva grad er regionen prega av systematisk ulikskap?*
12. *I kva geografisk kontekst er klassemobiliteten høgast og lågast?*
13. *Er geografisk mobilitet assosiert med hierarkisk høgare plasserte klasseposisjonar? Og reduserer migrasjon bort frå fødestaden effekten av sosial bakgrunn på respondentens klasseposisjon?*

Problemstillingane vil bli ytterlegare problematisert og grunngjeve i dei respektive analysane.

1.5 Oppgåvas struktur

I neste kapittel (2) vert dei teoretiske perspektiva for studien presentert. Her definerast sentrale omgrep knytt til sosial stratifikasjon og sosial ulikskap. Vidare vert operasjoniseringa av klasseomgrepet som vert nytta i studien presentert ved å gjennomgå det teoretiske grunnlaget for EGP-klasseskjemaet, det vil også finne stad ein teoretisk drøfting om OED-modellen i lys av den liberale teorien om status attainment. Vidare er kapittelet delt i tre delar. Fyrste del tek for seg den liberale sosial mobilitetsteorien om status attainment, denne teorien er meint å fungere som eit grunnlag for å definere hypotesar basert på idèen om eit universalistisk samfunn. Den teorien vert kontrastert med den strukturelle kritikken som hevdar at eit klasseperspektiv på sosial mobilitet og ulikskapsstrukturar er naudsynt. I den neste delen vert bakgrunnen for å studere sosiale strukturar for geografisk mobilitet lagt fram, fulgt av ein utgreiinga av Goldthorpes rasjonell aktør-teori klassestrukturerte mobilitetsstrategiar i høve til å skildre mekanismane bak reproduksjon av sosiale posisjonar, før vi avslutningsvis presenterer Bourdieus teori om habitus og kulturell kapital. Her vil også Cotès hypotesar om samanhengen mellom utdanningsnivå og migrasjon presenterast kort. I del tre er fokuset *den geografiske strukturen for sosial mobilitet*. Forventinga er at samfunnsstrukturelle og kulturelle eigenskapar ved den geografiske oppvekstkonteksten kan føre til at mobilitetsmekanismane og effekten av sosial bakgrunn varierer over ulike geografiske kontekstar. Dette perspektivet vert representert ved Lipset og Bendixs teori om *community of orientation* og Rokkans teori om sosiokulturelle skiljelinjer i det norske samfunnet.

I kapittel 3 gjennomgås det metodiske rammeverket for oppgåva og dei statistiske metodene som vert nytta. Før dette vert det også ein gjennomgang av korleis variablane i dei ulike modellane har vorte operasjonisert. Deretter fylgjer dei tre analysekapitla. Intensjonen med den valde rekkjefylgja på desse kapitla er å oppnå ein naturleg preogresjon i analysane, der både tidsperspektivet, samt det metodiske og teoretiske grunnlaget for analysane har vore med forma strukturen i analysedelen av oppgåva. Kapittel 4 er det fyrste analysekapittelet, her undersøkjast respondentens *flyttesjansar*, eller *geografiske mobilitet*.¹⁶ I kapittel 5 undersøkjast respondentens *utdanning* ved å analysere effektar av sosial bakgrunn, kjønn, geografisk opphav og geografisk mobilitet i ein logistisk regresjonsanalyse, samstundes som utdanningsmobiliteten blir studert i form av tre ulike mobilitetstabellar. I kapittel 6 er framgangsmåte og forskingsspørsmål mykje det same

¹⁶ Individua i utvalet vil bli referert til som respondentar og barn, relativt til aktuell kontekst. Det kan også nemnast at den direkte tolkinga av resultatata av pragmatiske grunnar vil skje hovudsakleg i presens, medan omtala av resultat som sådan vil liggje føre i preteritum. Problemstillingane er også formulert for å kunne tilnærme seg direkte til dei effektane vi ser i analysemodellane. Det er likevel viktig å hugse på at dei drøftingane som gjerast og konklusjonane som dras gjeld høve bakover i tid og er ikkje naudsyntvis overførbare til dagens situasjon.

som i kapittel 5, men med respondentens *klasse* som avhengig variabel. I det avsluttande kapittelet, kapittel 7, oppsummerast og diskuterast funna som er gjort i oppgåva. Vidare drøftast dei teoretiske implikasjonane av funna opp mot konklusjonane som blir gitt, før eg peikar på ubesvarte spørsmål som kan vere relevant for vidare forskning.

2 Teori og tidlegare forskning

Livssjansar er ikkje jamnt fordelt gjennom befolkninga, og enkelte aktørar startar visseleg med eit betre utgangspunkt enn andre. Klassestudiar kan vere eit godt verkty for å rette fokuset mot dei ibuande strukturelle skilnadane i samfunnet og mot mekanismane som produserer og reproducerer ulikskap (Rye 2006a: 20). Det er imidlertid dei som hevdar at ein i det post-moderne samfunn ikkje bør snakke om livssjansar som hefta med klasse.¹⁷ Samfunnet er ikkje fullstendig meriokratisk, men det moderne individ er fristilt frå tradisjonelle heftelsar i eit industrialisert og ope samfunn, og den eigne aktørs handlingar og personlege eigenskapar er dei utslagsgivande determinantar for kvar ein endar opp i det sosiale hierarkiet, postulerer den liberale hypotesen om sosial mobilitet. Kan ein påstå dette eller bør vi heller snakke om strukturert fridom, og anerkjenne at ein auke i absolutt sosial mobilitet ikkje har gitt endringar i den relative mobiliteten i det post-moderne *industrialiserte* samfunn?

Skilnadar mellom ulike typar geografiske einingar skuldast gjerne demografiske strukturar, urbaniserings- og industrialiseringsmønster, førekomsten av høgare utdanningsinstitusjonar og meir generelt til regionale variasjonar i arbeidsmarknadsstrukturar - dette er alle faktorar som kan gje endringar i absolutt mobilitet eller fungere som strukturell tvang, men kan vi også sjå at relativ mobilitet artar seg annleis for ulike sosial gruppar og aktører med ulikt geografisk *opphav* (Hjellbrekke 2007: 292-293)? Finn vi ulike mønster i sosial mobilitet og kva kan dette bety? Korleis forklarar vi dette?

I dette kapittelet vil eg fyrst gje ein innleiing til området sosial stratifikasjon og mobilitet, og deretter for klassekonseptet som vert nytta i denne studien. Vidare vil eg gjere greie for dei teoretiske vala i høve til å måle klasse, og korleis ein OED-modell kan vere formålstenleg for å analysere effekten av ulike variablar for respondentens sosiale og geografiske status. Eg vil deretter ta for meg den liberale ideen om *status attainment* og kvifor ein strukturell tilnærming til ein slik teoretisk modell vil kunne gje ein adekvat skildring av stratifikasjonsprosessane vi vil studere. Eg vil også presentere ein motsats til den liberale tradisjonen, og gje eit alternativt teoretisk rammeverk for å forstå sosial mobilitet, då hovudsakleg i form av Goldthorpes rasjonell-aktør teori om reproduksjon av sosial ulikskap. Vidare vil eg gje ein kort introduksjon til Bourdieus kulturelle teori om habitus og sosiale felt, for deretter å diskutere korleis denne kan vere teoriens relevant i høve til

¹⁷ Sjå t.d Colbjørnsen (et.al 1987), Clark og Lipset (1996). Sjå også Hjellbrekke og Korsnes (2012) for eit oversyn.

å forklare ikkje berre mekanismane bak reproduksjonen av utdanningsnivå, men også samanhengen mellom sosial og geografisk mobilitet, og for å forstå relevansen av korleis dette kan varierer med geografisk opphav. Argumentasjonen for ein slik tilnærming gjerast ved å trekkje inn element frå Guy Cotés forskingslitteratur. Deretter vil eg presentere ein kulturell og ein strukturell teori som er meint å underbygge hypotesen om geografiske skilnader i sosial mobilitet i høvesvis Lipset og Bendix' teori om *community of orientation* og Rokkans skildringar av kulturelle barrierar i det norske samfunnet. Avslutningsvis vil eg gje eit oversyn over tidlegare forskning på området om sosial og geografisk mobilitet.

2.1 Sosial stratifikasjon og klasse

Med boka *Social and Cultural Mobility* sto den russiske sosiologen Pitirim Sorokin i 1927 for den fyrste systematiske avhandlinga som omhandla *sosial mobilitet* (Ramsøy 1977: 31). Her omtalar Sorokin sosial mobilitet som eit romleg fenomen, altså at rørslene sosiale vesen gjer kan skildrast som rørsler med bestemte avstandar mellom sosiale posisjonar i eit hierarki. Det sosiale rommet er fleirdimensjonalt og stratifikasjon kan med dette målast ved bruk av ulike mobilitetsmål, som klasse og utdanning (Hjellbrekke & Korsnes 2012: 31). For Sorokin var også sosial mobilitet eit framtrudande trekk ved opne, demokratiske samfunn, men han var samstundes av den oppfatning at sosial mobilitet som vert kanalisert gjennom eit gitt sett av mobilitetsdimensjonar er eit produkt av både strukturelle og individuelle årsakar, og såg med dette på sosial mobilitet som eit ynskjeleg samfunnsorganisorisk *prinsipp*, der individ vert fordelte etter eigenskapar og dugleik. I Sorokins funksjonalistiske tilnærming til samfunnet vert dette sett på som rettviss og fordelaktig (Hjellbrekke & Korsnes 2012: 32-33). Ved å sjå sosial mobilitet som eit spørsmål om rettferd førar dette oss vidare til spørsmålet om klasse, og relevansen av å studere sosial mobilitet i analysar av stratifikasjon og reproduksjon av sosial posisjonar. Det er også verdt å merkje seg at sjølv om Sorokin såg for seg det sosiale rommet som adskilt frå det fysiske rommet, vil ein ved enkelte høve finne at sosiale avstandar i det sosiale rommet fell saman med geografiske avstandar og posisjonar (Hjellbrekke & Korsnes 2012: 31, 133, Bell 1971 [1968]: 23-24).

Det kan hevdast at klasse i dagens Noreg ikkje lenger har ein prominent rolle når ein søker å definere konfliktliner i det norske samfunnet (sjå t.d Colbjørnsen et. al. 1987). Dette kan i stor grad skuldast at klassar i dag kan karakteriserast som *class in itself*, og ikkje *class for itself* - klasseidentiteten er svak og det er liten grad av kollektiv handling basert på klassekjensle eller klassefelleskap.¹⁸ Det er

¹⁸Sjå t.d Ringdal (2001).

imidlertid grunn til å tru at dei konfliktlinjene som dras, slik som motsetnadane mellom kjerne og periferi i geografiske område, bortimot alltid er korrelert med klassesdimensjonen (Rye 2006a: 19). Analysar av prosessane bak sosial mobilitet og sosial stratifikasjon i form av klasseanalysar har historisk sett vore sentrale i den sosiologiske faghistoria då studiar av sosial mobilitet byggjer på føresetnader om at sosial posisjonar let seg ordne hierarkisk i det sosiale rommet. Korleis mekanismane for sosial stratifikasjon fungerer, kor mange dimensjonar for stratifikasjon og kanalar for sosial mobilitet ein finn i det sosiale rommet har det vore ulike oppfatningar om, men dei fleste forskarar ser idag på stratifikasjonssystemet som multidimensjonalt slik Sorokin skisserte i 1927. Ein slik multidimensjonal tilnærming til stratifikasjon er inspirert av Max Weber (1978) og hans tredimensjonale modell for stratifikasjon (Hjellbrekke & Korsnes 2012: 12-14, Ringdal 1990: 1-2). I likskap med Karl Marx legg Weber stor vekt på dei økonomiske klassane, men understrekar at ein også må sjå klassane som resultat av ulik prestisje og særreigen livsstil, altså *sosial status*. Webers omgrep *stender* skildrar gruppar individ som delar verdiar, smak og forbruksmønster, og som gjennom dette oppnår ein fellesskapskjensle. Stendene er imidlertid ikkje frigjorte frå klassane, heller meinte Weber at klasse i form av posisjon og interessar i marknaden er det vanlegaste grunnlaget for utvikling av stender, slik at der Marx ser høve til produksjonsmidlane som konstituerande for klassar i eit reint økonomisk perspektiv, ser Weber på klasse som eit omgrep som skildrar gruppar med felles økonomiske ressursar og felles *kulturell identitet* (Weber, 1978 i Hansen 1999: 176, Blau & Duncan 1967: 5, Hjellbrekke & Korsnes 2012: 12-14). Kulturell identitet er eit sentralt omgrep også hos Pierre Bourdieu (2010 [1984]). Særleg vert den kulturelle klassesdimensjonen nytta for diskutere rekruttering til utdanningssystemet, då i hovudsak gjennom ulike klassars ressursar i form av *kulturell kapital* eller *utdanningskapital* (Hansen & Engelstad 2003: 166). I likskap med Bourdieu vektlegg også Sorokin (1959 [1927]) samanhengen mellom kulturell kapital og sosial mobilitet, der sistnemnde anerkjenner skulesystemets stratifiserande mekanismar i det sosiale rommet, men ikkje som nokon primærkjelde til sosial stratifikasjon (Hjellbrekke & Korsnes 2012: 31).

Som vi vil sjå i avsnitt 2.3 ser også Goldthorpe på klassar som knytt til individets livssjansar og posisjon på marknaden (Erikson & Goldthorpe 1992: 41). Før dette vil eg introdusere Goldthorpes konseptuelle forståing av klassar ved å drøfte Erikson, Goldthorpes og Portocaracos teoretiske klassekonseptet i form av EGP-klasseskjemaet.

2.1.1 EGP-klasseskjema

I den aktuelle studien har eg nytta den norske versjonen av klasseinndelinga basert på Erikson, Goldthorpe og Portocaracos fordelingsprinsipp i 1992 for klasseinndeling av norske yrke definert av

NYK-standarden frå 1965 (Gooderham, Lindbekk & Ringdal 1994).¹⁹

Tradisjonelt har ein sett på mobilitet som noko som skjer anten innanfor ein klassestruktur eller gjennom sosiale hierarki der sosiale gruppar er rangerte etter status prestisje, økonomiske ressursar etc. (Erikson & Goldthorpe 1992: 29).²⁰ Erikson og Goldthorpe (1992) vel å sjå sosial mobilitet i den konseptuelle konteksten av klassestrukturar. Rasjonalet for konstruksjonen av eit nytt klasseskjema har for Erikson og Goldthorpe (1992) vore at kategoriane skal kunne fungere som grunnlag for komparative empiriske analysar av sosial mobilitet på tvers av moderne industrialiserte nasjonar. Med dette kan vi anta at klasseskjemaet er eigna for analysar av sosial mobilitet også *internt* i slike nasjonar. EGP-klasseskjemaet (1992) er i denne studien nytta for å definere norske yrkesklassar for den empiriske analysen, der yrkesposisjonar er differensierte på bakgrunn av tilsettingsrelasjonar og autonomi etter prinsipp frå Marx og Weber. Klassifiseringa er modifisert med omsyn til den industrialiserte statens sosiale og økonomiske utvikling i andre halvdel av nittenhundretalet, t.d er dette gjort synleg ved at den hierarkiske statusen innanfor ein gitt sektor, samt tilsettingssektor (privat/offentleg) vert sett som sentrale skiljelinjer mellom ulike klasseposisjonar (Erikson & Goldthorpe 1992: 37, Hjellbrekke & Korsnes 2012: 81). Meir spesifikt er utgangspunktet til Goldthorpe å få gruppert yrker etter kriterier av marknads- og arbeidssituasjonar, altså sorterast innehavere av liknande marknads- og arbeidssituasjonar til same klasse: Marknadssituasjonen består av fire eigenskapar (1) inntektsnivå, (2) grad av inntektstryggleik, (3) utsiktar for økonomisk framgang og (4) inntektskjelde, dvs. arbeidskraft som seljast i avgrensa mengder (anten mot time- eller akkordløn) eller ikkje. Arbeidssituasjon utgjerast av to eigenskapar (1) grad av autoritet over andre og (2) grad av autonomi (Gooderham, Lindbekk & Ringdal 1994).²¹

Dei metodiske fortrinna, utfyllande teoretiske rammeverk, tilpassingsevne og komparative karakter har gitt klasseskjemaet til Erikson og Goldthorpe (1992) ein dominant stilling i sosiologisk sosial mobilitetsforskning. I analysar av sosial mobilitet vert dessutan klasse ofte vurdert som eit betre mål

¹⁹ Sjå standard referanse ved Erikson & Goldthorpe 1992 (sjå t.d Hjellbrekke & Korsnes, 2012).

²⁰ Oppsummert kan konstruksjonen av klassane vi her brukar skildrast ved ein modell beståande av tre målenivå: (1) den teoretiske definisjonen av klasse, (2) det empiriske grunnlaget, her ved yrkeskodane NYK som utgjer EGP-klassane, og til slutt (3) det teoretiske konseptet, eit verkty for å tilnærme seg analysar av sosial mobilitet gjennom yrkesdimensjonen (Ringdal 1990: 7).

²¹ Den klassiske tredelinga av tilsettingshøve ein finn hos både Marx og Weber er startpunkt for klasseskjemaets kategorisering av klassar, men igjen vil ein måtte ta omsyn til moderne transformasjonar av yrkesliv og økonomisk organisering. Enkelte tilpassingar til det norske samfunnet, og til strukturelle og demografiske karakteristikkar og endringar på Vestlandet har her vorte vurdert som formålstenleg. Eit døme på dette i denne studien har måtte fjerne klassen for sjølvstendige næringsdrivande med eller utan tilsette grunna få frekvensar (Ringdal, 1990: 513).

på sosial ulikskap enn kontinuerlege *yrkesprestisjeindeksar* då mål som er basert på posisjonars status og prestisje føreset ein vertikal og eindimensjonal tolking av sosial ulikskap. Nyttar vi klassesdimensjonen er det derimot slik at posisjonane forstås *relasjonelt* til kvarandre i den sosiale strukturen (Hjellbrekke & Korsnes 2012: 80-83, Eikemo & Clausen 2012: 74-75).²² EGP-klasseskjemaet er med dette i utgangspunktet ikkje hierarkisk, men relasjonelt, det *kan* likevel legitimeres å skiljes mellom meir og mindre privilegerte klasseposisjonar og dermed karakterisere forholdet mellom klasseposisjonane i EGP-skjemaet som hierarkisk ordna. Dette gjer ein ved å ta utgangspunkt i tilsettingshøva som karakteriserer yrkene som inngår i dei ulike klassene, der hovudskiljet går mellom klassar der tilsettingshøvet er formulert gjennom ein *servicekontrakt* og der der formulert gjennom ein *arbeidskontrakt* (Erikson & Goldthorpe 1992: 41-47).

Arbeidskontraktane vert vurdert som mindre attraktiv då respondentar med slike kontraktar er enklare å erstatte, og har mindre både autonomi og framtidsutsiktar enn respondentar med servicekontrakt (sjå Erikson & Goldthorpe (1992: 41-42). Med dette kan vi også dele dei ulike klassane inn i to *sektorar*: (1) den *ikkje-manuelle* sektoren som består av rutinefunksjonær- og serviceklassen der arbeidshøvet er regulert gjennom ein servicekontrakt og (2) den *manuelle* sektoren som består av den faglærte og ufaglærte arbeidarklassen, der arbeidshøvet er regulert gjennom ein arbeidskontrakt (Erikson & Goldthorpe 1992: 40-47).²³ Med utgangspunkt i dette vil eg referere til *langdistansemobilitet* som mobilitet der respondenten krysser sektorbarrieren, *kortdistansemobilitet* vil fylgjeleg vere mobilitet som skjer internt i sektoren, eller generelt èitt nivå opp eller ned slik at vi også kan skildre mobilitetsmønstra til bøndene ved den same omgrepsbruka (sjå t.d Hjellbrekke & Korsnes 2012).

Når det kjem til EGP-klasseskjemaets svake sidar har kritikken mellom anna vore retta mot dets utilstrekkelege evnar til å skildre mobilitetsmønstra til kvinner, og den manglande kapasiteten til å skilje mellom klasse- og kjønneffektar. Det er også eit problem at slike relativt grove inndelingar av sosiale posisjonar førar til at interne klassevariasjonar går tapt (sjå Hjellbrekke & Korsnes 2012).

2.1.2 OED-modellen - ein stratifikasjonsmodell

For å skildre stratifikasjonsprosessane i analysen har eg nytta den nemnde OED-modellen. Dette er ein forenkla utgåve av modellen som vart utvikla for Blau og Duncans analysar av

²² Dette er imidlertid omdiskutert, sjå t.d også Erikson og Goldthorpe (1992: 29-31), Gooderham, Lindbekk & Ringdal (1994) og Ringdal (1990:7-8)

²³ Bønder er ikkje inkludert i denne nemninga då dei ikkje kan ordnast hierarkisk på same måte som dei andre klassane, sjå Erikson og Goldthorpe (1992: 41-47)

stratifikasjonsprosessane i det amerikanske samfunnet i studien *The American Occupational Structure* (1967).²⁴ Heller enn for å skildre korleis individ er sosialt mobile er OED-modellen forma etter eit design som har det til hensikt å skildre kva mekanismar som er i spel når individet oppnår gitte posisjonar i det sosial rommet, der individets tileigna kvalifikasjonar og posisjonar omtalast som *status attainment*. Formålet er altså å studere den sosiale mobiliteten som *inter- og intragenerasjonell* i èin og same modell, då ein har mogelegheiten til å sette effektane av sosial bakgrunn og eigne prestasjonar opp mot kvarandre. For oss betyr dette at vi får høvet til drøfte relevansen av og sosial arv og geografisk opphav på respondentens sosiale posisjon og geografiske mobilitetsstatus, samstundes som det opnar for å gje statistiske skildringar av direkte og indirekte effektar av sosial og geografisk bakgrunn (Blau & Duncan 1967: 163-171). For å studere graden av status attainment og kor vidt denne oppnås hovudsakleg på bakgrunn av eigne prestasjonar eller sosial arv, formulerer Blau og Duncan yrkesprestisjeindeksen *SEI*, ein sosioøkonomisk indeks basert på yrkenes inntekt og utdanning (Blau & Duncan 1967, Hjellbrekke & Korsnes 2012: 39). Vårt formål er ikkje å skildre den sosiale mobiliteten gjennom prestisje- og statusbasert mål på sosial ulikskap, den forenkla utgåva av Blau og Duncans modell har imidlertid vore nytta i studiar av klassemobilitet i seinare tid, vurderinga som er gjort er då at dei analytiske prinsippa for å studere stratifikasjonsprosessar er adekvate til å skildre mobilitetsmønstre også i studiar av *klassestrukturert* sosial mobilitet (sjå t.d Christophersen 2011). Vår nytte av modellen kan med dette oppsummerast som dens evne til å tilnærme seg spørsmålet i kva grad sosial og geografisk bakgrunn påverkar individets utdannings- og klasseposisjon, og korleis individets prestasjonar eller handlingar ved eit seinare tidspunkt i livet, t.d om ein har vore geografisk mobil eller teke utdanning, påverkar utsiktene for kva posisjonar ein når i eit påfylgjande stadium i livet (*OGED*) (Blau & Duncan 1967: 164).²⁵ Modellen vil også kunne nyttast for å studere den direkte effekten av sosial og geografisk bakgrunn på respondentens mobilitet (OG_1-G_2).²⁶

Det argumenterast elles for i Blau og Duncans studiar at sosiale stratifikasjonsprosessar bør sjåast på som eit produkt av hovudsakleg to faktorar: utdanning og yrke. Særleg vert utdanning vurdert som sentralt i både reproduksjon av sosial status og oppadstigande sosial mobilitet (Hjellbrekke &

²⁴ I sin originale form fungerte denne modellen som eit utgangspunkt for å studere stratifikasjonsprosessane i eit livsløpsperspektiv, der sosial bakgrunn i form av fars utdanningsnivå og yrkesprestisje, samt respondentens utdanningsnivå, fyrste jobb og yrkesprestisje utgjorde kjernen av variablar.

²⁵ Det skal også nemnast at vi også er interesserte i å studere dei direkte effekten av sosial arv og geografisk opphav på dei *mellomliggjande* variablane, her representert ved utdanning eller geografisk mobilitet. Dette er ein generell modell.

²⁶ Desse samanhengane er illustrert i figur 1.1 i kapittel 1.

Korsnes 2012: 39-40). Deira konklusjon er likevel at sosial status i størst grad kan tilskrivast *eigne* prestasjonar, altså individuelle, i større grad enn strukturelle, faktorar som sosial bakgrunn.

Hypotesen er med dette at reproduksjonen av sosiale posisjonar ikkje utgjer eit problem (i det amerikanske samfunnet), då effekten av egne meritter på individets framtidige sosiale posisjonar vert sagt å vere *sterkare* enn effekten av tilskrivne attributar (Hjellbrekke & Korsnes 2012: 41, Kerkhoff 1976: 358). Så korleis grunnjev Blau og Duncan ein slik påstand? Kva vert sagt å vere dei sosiale mekanismene bak ein slikt syn på sosiale stratifikasjonsprosessar og sosial mobilitet? Og på kva grunnlag vert hypotesen utfordra og kritisert? Dette og kvifor det teoretiske rammeverket til Blau og Duncan kan vere eit interessant utgangspunkt for klasseanalysar vil vi sjå nærare på i neste avsnitt.

2.2 Status attainment og den strukturelle kritikken

Mykje av sosial mobilitetsforskinga i den andre etterkrigsgenerasjonen var inspirerte av Blau og Duncans yrkesprestisje- og livsløpsorienterte analysemodell av sosial mobilitet. Store delar av desse studiene høyrde til den liberale forskingstradisjonen, som kan karakteriserast ved at ein gir individuelle sosiale prestasjonar større forklaringskraft enn tilskrivne sosiale eigenskapar som sosial bakgrunn. Formuleringa av ein slik tilnærming til spørsmålet om sosial mobilitet har sitt opphav i tanken om at ein vil finne dei same trendene i sosial mobilitet i alle industrialiserte samfunn (t.d. Blau & Duncan 1967, Sewell & Hauser 1975). Den liberale tradisjonen byggjar med dette på førestillinga om at ein vil observere ein universalistisk trend i alle industrielle samfunn, der dei industrialistiske prinsippa om effektivitet og rasjonalitet sprer seg til fleire delar av det sosiale og økonomiske liv og har ein utjamnande effekt - både sosialt, geografisk og i høve til kjønn (Ringdal 1990:16).²⁷ Av dette vil ein fylgjeleg få eit opnare samfunn som betre utnyttar dets ibuande menneskelege ressursar, fordi vilkåra for sosial mobilitet er betre (Hjellbrekke & Korsnes 2012: 41, 53).

Å studere mobilitetsprosessen som ein sosialiseringsprosess har vorte kritisert frå fleire hald, av ulike årsakar (Strauss 1971, Boudon 1973, Listhaug et. al. 1982, Beck et. al 1978, Stoltzenberg, 1978).²⁸ Kritikken frå strukturelt hald er mellom anna retta mot dei grunnleggjande prinsippa i *status attainment*-modellen som i den tradisjonelle liberale formen indikerer eksistensen av ein

²⁷ Når ein snakkar om industrialisme som omgrep i høve til graden av industrialistisk utvikling i eit samfunn snakkar ein ikkje om utbygginga av sjølve industrien i direkte forstand, men heller om dei organisatoriske prinsippa som fylgde med denne økonomiske og sosiale utviklinga under perioden av industrialisering av moderne nasjonalstatar (Ramsøy 1977).

²⁸ Sjå Ringdal (1990) for eit oversyn over kritikken av Blau og Duncans status-attainment tilnærming.

homogen nasjonal arbeidsmarknad der alle vert belønna og tilstrekkeleg anerkjend for sin faktiske innsats og personlege attributt. Det vert også førespegla ein situasjon der alle har dei same mogelegheitene på ein kompetativ marknad, der alle i tillegg handlar rasjonelt. Vidare går den generelle kritikken på at ein tilskriv strukturelle determinantar som klasse for liten betydning i prosessen med status attainment (Listhaug et. al 1982). Cotê (1997) hevdar til dømes at ein liberal tilnærming til status attainment i studiar av migrasjon og sosioøkonomiske oppnåingar feilar å skildre arbeidarklassens vanskelegstilte situasjon, og at dette må sjåast i lys av økonomiske kreftar og strukturar på arbeidsmarknaden, heller enn som eit resultat av aktørens rasjonelle handlingar (Cotê 1997: 56). Blau og Duncan (1967) imøtegår problemstillinga kring avgrensande mogelegheitsstrukturar med å vise til menneskers evne til å vere geografisk mobile, og argumenterar for at då individet gjennom migrasjonsprosessen har høve til å *flykte* frå ufordelaktige mogelegheitsstrukturar, vil migrasjon fungere som ein utjamnande mekanisme.²⁹

Migration provides a social mechanism for adjusting the geographical distribution of manpower to the geographical distribution of occupational opportunities (Blau & Duncan 1967: 243).

Denne tilnærminga til det geografiske aspektet ved sosial mobilitet fungerer på mange måtar som ein manifestasjon av teorien om ein sosialt universalistisk samfunnsstruktur (Blau & Duncan 1967: 275, 243, Ringdal 1990: 130). Ein slik tilnærming tek visseleg ikkje omsyn til eventuelle klasserestriksjonar på migrasjonsprosessen. Selektiv migrasjon kan vere løysinga, men er det sosiale gruppar som tener *meir* på migrasjon? Og har enkelte gruppar større sjanse til å faktisk fri seg frå avgrensande geografiske strukturar?³⁰

Ein sentral del av kritikken er også retta mot det metodiske grunnlaget for analysane. Dei statistiske verktya og typen analysar som vart nytta for å behandle det empiriske materialet som studien *The American Occupational Structure* baserer seg på vert av fleire vurdert som lite tilfredstillande, spesielt med omsyn til at ein målar absolutte heller enn relative mobilitetsrater.³¹

²⁹ Blau og Duncan anerkjenner imidlertid at dette ikkje er ein heilt ukomplisert prosess: *Men do not flow from places of poor to places of good opportunity with the ease of water* (Blau & Duncan 1967: 244).

³⁰ Sjå t.d. Fielding (1997).

³¹ Skiljer ein mellom desse vert biletet langt meir nyansert. Featherman et.al (1975) hevdar blant anna at den observerte mobilitetsauken dei liberale teoriane baserer seg på (t.d Lipzet & Zetterberg 1959) skuldast endringar i yrkesstrukturen, ein påstand som blant anna stadfestast i Ramsøys (1977) studie av norske menn. I ettertid har også fleire andre studiar tilbakevist den liberale hypotesen, sjå Ringdal (1990) og Hjellbrekke og Korsnes (2012) for eit oversyn over diskusjonen rundt den liberale forskingstradisjonen.

Påstanden om ein lineær utvikling i sosial mobilitet er imidlertid vurdert som eit godt utgangspunkt for å teste hypotesen om aukande universalisme i det norske samfunnet, og Vestlandsregionen spesielt. Med dette kan vi undersøkje om tendensen faktisk er den at sosial bakgrunn ikkje lenger avgrensar individets livssjansar i avgjerande grad (Ringdal 1992: 24). Argumenta for ein slik tilnærming oppsummerast i Gruskys (1983: 495-496) studie av skilnader i status attainment i Japan, der han hevdar at ein kan forvente at fordelinga av rollar er sterkare korrelert med egne prestasjonar enn sosial bakgrunn som fylgje av den økonomiske utviklinga i vestlege samfunn. Industrialismen har separert familie frå produksjon og økonomi, med den konsekvens at arv får mindre betydning. I tillegg ser ein at den auka differensieringa i samfunnet gjer at det utviklast universalistiske kriterier for rekruttering og evaluering, samstundes som det vert sagt at den moderne økonomien ikkje tillèt rekruttering basert på tilskrivne karakteristikkar ved individet på same måte som tidlegare då dette opponerer mot kapitalismens krav om konkurranse. Det siste, men kanskje mest sentrale, momentet gjeld framveksten av masseutdanning av befolkninga. Dette reduserer tilskrivning av rollar basert på sosial arv ved at mogelegheita til å tileigne seg verdifull kompetanse utlignast, samstundes som masseutdanninga førar til ein resosialisering av studentene og med dette ein svekking av dei kulturelle barrierane for sosial mobilitet.³²

I denne studien vil vi utfordre slike moderniseringsteoriar; teoriar som skildrar samfunnets strukturelle endring som ein utvikling mot sosial, økonomisk og ikkje minst kulturell konvergens og som samstundes hevdar at implikasjonane av denne strukturelle konvergens er at ein vil sjå den same utviklinga i absolutt og relativ mobilitet over alle industrialiserte samfunn. Teoretisk er rasjonalet å kontrastere den liberale teorien med ein klassekonseptuell tilnærming til status attainment studere kor vidt sosial arv og geografisk opphav kan forstås som determinanter for sosial mobilitet hos dei aktuelle kohortane (Ringdal, 1990: 16). Kan det også observerast ein segmentering av sosial mobilitet langs den geografiske mobiliteten, sett bort i frå den nasjonale samfunnsstrukturelle utviklinga? Har den relative sosiale mobiliteten vore stabil og urørt av moderniseringa av det norske samfunnet? Har Vestlandsregionen vore prega av systematisk sosial ulikskap eller har livssjansane vorte jamnare fordelte som fylgjer av den sosiale og økonomiske utviklinga i det normativt egalitære og meriokratiske Noreg frå 1960-talet og framover? Kva er eigentleg effekten av å vere geografisk mobil, og korleis struktureres individets sosiale mobilitet av den geografiske konteksten i oppvekstkommunen?

³² Grusky (1983: 495-496) formulerer imidlertid ein alternativ hypotese i sin studie der den etter kvart universelle eller allmenne karakteren av høgare utdanning gjer at andre kriterier, som verdisett og skuleprestisje, vert vurdert i evaluerings- og rekrutteringsprosessar, slik at sosial bakgrunn igjen vert utslagsgivande for rolletildeling i samfunnet.

2.3 Klassestrukturerte mobilitetsstrategiar

At foreldra sine ressursar er det som formar barnets handlingsmogelegheit og -avgrensingar er i fylgje John Goldthorpe ein generell tendens vi kan observere for eit kvart samfunn. På denne måten kan vi forvente, på tross av ulik grad av intern nasjonal sosial, økonomisk og kulturell ulikskap, at sosiale posisjonar i høg grad vert reproduserte på same måte for alle industrialiserte land, nettopp fordi klassanes *mobilitetsstrategiar* vil variere med klassebakgrunn (Goldthorpe 2000 i Hansen & Engelstad 2003: 163). På denne måten kan ein forvente at det som framstår som rasjonelle handlingar i eit universalistisk samfunn, faktisk er klassestrukturerte.³³ I så måte vil vi også kunne forvente at den sosiale mobiliteten fylgjer det same mønsteret på tvers av dei geografisk definerte sosiale systema i vår analyse. Kva er så mekanismane bak ein slik universell struktur for sosial mobilitet?

John Goldthorpe (2007: 163) antar i sin rasjonell aktør-orienterte handlingsteori at aktørar har ein tendens til å handle rasjonelt ved å kalkulere kostnad og nytte for å nå sine mål. I samråd med foreldra utviklar barna mobilitetsstrategiar, som i fylgje Goldthorpe fungerer ved at aktørar uavhengig av klasse har eit *primært* mål om å unngå fallande mobilitet, medan dei *sekundært* søker å oppnå stigande mobilitet. Vurderingane som tas i denne prosessen vil vere avhengig av sosial bakgrunn då barn med ulik klassebakgrunn vil ha ulike ressursgrunnlag og stille med ulike både sosiale, økonomiske og kulturelle avgrensingar. I høve til val av utdanning vil aktøren velje mellom meir eller mindre risikofylte alternativ basert på ressursgrunnlaget i familien. Når individet er i prosessen med å velje utdanning er det med andre ord ein rasjonell aktør som vurderar kva kostnadar og føremon som er knytt til det å ta utdanning. Den rasjonelle aktøren vil også gjere vurderingar av kva mogelegheit ein har for å lukkast i utdanningssystemet, der oppfatninga av kva sjansar ein har for å lukkast kan relaterast til den sosiale bakgrunnen til individet (Goldthorpe 2000 i Fekjær 2009: 293). Til dømes kan risikoen ved å ta allmennfagleg vidaregåande utdanning for ein aktør med lite ressursar vere høgare enn risikoen ved å ta ein yrkesfagleg utdanning, då sistnemnde gir raskare avkastning og meir definerte jobbutsiktar. Dette heng også saman med risikovurderinga i høve til å ta høgare utdanning, då kostnadane forbunden med å ta høgare utdanning vil vere lågare om ein familie som kan fungere som eit *tryggleiksnett* og som kan støtte deg økonomisk. Slike risikovurderingar kan også hengje saman med individets geografiske opphav i det høvet at ulike utdanningsløp kan ha forskjellige implikasjonar alt etter kva mogelegheitsstruktur som finnast i oppvekstkonteksten. Om valet om høgare utdanning også inneber fysisk relokasjon kan risikoen

³³ Goldthorpes teori om *rational action* må av denne grunn ikkje forvekslast med *rational choice*-teoriar.

vere vurdert som høgare enn risikoen ved å velje eit kortare utdanningsløp der flytting ikkje er påkravd. Desse vala heng fylgjeleg også saman med den *relative risikoaversjonen* som omfattar at individet ynskjer å reprodusere foreldras utdanningsnivå og med dette å unngå fallande mobilitet (Goldthorpe 2000 i Fekjær 2009: 293).

I høve til å skildre prosessane bak reproduksjonen av klasseposisjonar antar vi også at barna sine sjansar for å oppnå privilegerte posisjonar i samfunnet heng saman med ressursgrunnlaget i familien, ikkje berre ved at strategiane vert forma gjennom ulike risikovurderingar, men også ved at foreldrene mobiliserer både økonomiske, kulturelle og sosiale ressursar for å hjelpe barna sine inn i gitte sosial posisjonar (Goldthorpe 2000 i Hansen & Engelstad 2003: 163). Mekanismane bak reproduksjon av privilegerte klasseposisjonar er fleire. For det fyrste kan det tenkjast at dei sosiale ressursane, t.d i form av sosiale nettverk, kan lette tilgangen til tilsetting i privilegerte yrker. For det andre argumenteres det med at kulturelle ressursar i form av sosial framtrede, språk, manerer osv. fylgjer klassebakgrunn, på denne måten kan det tenkjast at individ med ein privilegert sosial bakgrunn vil ha eit fortrinn i arbeidsmarknaden om vi antar at arbeidsgivarar for privilegerte yrke ynskjer å tilsette personar med ein liknande sosial og kulturell bakgrunn (Goldthorpe 2007: 174-175, Hartmann 2000). Ulikskapen kan også skuldast ulike aspirasjonar for individ med ulikt opphav i klassestrukturen, jamfør teorien om relativ risikoaversjon, eller rett og slett fordelar ved direkte overførbar kapital eller eigedom (Fekjær 2009: 293, Goldtorpe 2007: 174).

Oppsummert vil ein ut i frå teorien om risikovurdering og mobilitetsstrategiar kunne forvente at serviceklassebarna i minst grad verte avgrensa av manglande ressursar medan arbeidarklassebarna møtar avgrensingar størst grad (Goldthorpe 2000 i Hansen & Engelstad 2003: 163).

2.4 Sosiale strukturar for geografisk mobilitet

Er det slik at ulike sosiale grupper har større og mindre sjansar for å vere geografisk mobile? Og er det slik at sjansane for sosial mobilitet og for å nå privilegerte sosiale posisjonar aukar med geografisk mobilitet? Det er grunn til å tru at flytting er klassestrukturert, og då spesielt om vi ser på sosial bakgrunn i form av fars utdanning (t.d Rye 2003, 2011, Cotê 1997). Når det gjeld utdanningsmobilitet fell denne ofte saman med geografisk mobilitet i det sosial rommet, og i fylgje Cotê (1997: 56, 62) aukar også tilbøyelegheiten til å vere geografisk mobil med aukande utdanningskvalifikasjonar (sjå også Hjellbrekke & Korsnes, 2012: 133).³⁴ Det er også klare

³⁴ Sjå t.d. Rossi (1980), Friedlander og Roshier (1966) og Fielding (1992).

indikasjoner på at flytteprosessen betrar moglegheitane for høgare posisjonering i utdannings- og klassehierarkiet.³⁵ Blau og Duncan (1967: 250) hevder som ein del av det universalistiske samfunnssynet at det å vere geografisk mobil uansett geografisk opphav og sosial bakgrunn er assosiert med høgare klasseposisjonar i høve til dei geografiske immobile.

Cotê (1997: 73) påpeiker at migrasjon bort frå oppvekstkommunen også kan føre til oppbrot av sosiale nettverk og tap av familiær støtte og med dette ha motsett effekt, sjølv om nettopp avstand til fødestaden også reknast som ein av årsakane til oppadgåande mobilitet. Bakgrunnen for denne påstanden er at individet lausriv seg frå eventuelle sosiale og kulturelle forpliktelsar og avgrensingar, samstundes som det til ein viss grad frigjerast frå direkte påverknad frå familiens normative struktur (Blau & Duncan 1967: 251, Cotê 1997: 56-57, 64). Spørsmålet er vidare om denne tilsynelatande fordelten til geografisk mobile individ i høve til yrkes- eller klasse og utdanningposisjonar eigentleg skuldast ein skilnad i migrasjonspraksis hos ulike sosiale klassar. Geografisk immobile har i fylgje Cotê (1997: 62-63) i tillegg til å ha fedre med lågare utdanningsnivå, også fedre med yrke med lågare *prestisjenivå* enn dei geografisk mobile. Til dømes indikerer Ryes (2011: 175-176) funn klåre samanhengar mellom ut-migrasjon frå rurale område og respondentens klassetilhøyring, der dei øvre sosiale klassane oftare er geografisk mobile. Det er imidlertid ikkje alle studiar av sosial klasse og geografisk mobilitet som konkluderer med at ein mindre privilegert sosial bakgrunn gir mindre sannsyn for å vere geografisk mobile, slutningane som blir dratt i høve til kva grupper som er mest mobile er variierende. Det er også skilnader i forskingsdesign og kva form for mobilitet som er fokus for studien.³⁶ Det vi imidlertid kan sei er at dei empiriske funna i stor grad indikerer ein samheng mellom sosial mobilitet, klassebakgrunn og migrasjon (Rye 2003: 4-6)³⁷. Korleis forklarar ein så slike samanhengar i eit klasseperspektiv? Vi kan anta at sosial reproduksjon av klassar førekjem i Noreg, spørsmålet er her om denne reproduksjonen er korrelert med individet evne til å vere geografisk mobil og om dei geografisk mobile oppnår høgare sosiale posisjonar enn dei immobile i form av utdanningsnivå og klasseposisjonar for den aktuelle geografiske regionen Vestlandet.³⁸ Kan det også tenkjast at migrasjon bort frå fødestaden reduserer effekten av sosial bakgrunn? Vidare vil eg drøfte kva sosiale mekanismar som kan vere med på å forklare desse samhengane med utgangspunkt i teorien om kulturell kapital og kulturell orientering.

³⁵ Sjå t.d. Lipset og Bendix (1992 [1959]) og Ramsøy (1977).

³⁶ Sjå t.d. Ramsøy (1997: 145-146).

³⁷ Sjå t.d. Brox (1984), Halfacree (et. al 1992), Lindbekk (1983) og Cotê (1997).

³⁸ Sjå t.d. Hjellbrekke (2007), Hjellbrekke og Korsnes (2012) og Ringdal (1990, 2001).

2.4.1 Sosiale mekanismar for den klassestrukturerte flyttehandlinga

Ulike lokale kontekstar tilbyr ulike moglegeleghetsstrukturar for sosial mobilitet, og vi kan med dette forvente ein viss grad av korrelasjon mellom respondentens geografisk mobilitet og immobilitet, klasse, utdanningsnivå og næringsksamansetjinga i kommunekategorien. Men om vi tek høgd for den geografiske strukturelle konteksten, finn vi ulikskapar? Når vi tek utgangspunkt i Blau og Duncans antakelsar om geografisk mobilitet som ein sosialt utjamnande mekanisme, der individet står fritt til å forbetre sin eigen situasjon ved å *flykte* frå avgrensande strukturar gjennom fysisk relokasjon, vert spørsmålet om klasse raskt relevant. Om det er slik at geografisk mobilitet er klassestrukturert har ikkje alle sosiale grupper dei same premissene for å vere geografisk mobile og med dette jamstilte sjansar til å fri seg frå potensielt avgrensande arbeidsmarknasstrukturar og utdanningsmoglegeheiter. Også normative strukturar, og forventingar frå familie og sosiale nettverk er forventa å ha ein restriktiv effekt på individets framtidige sosiale posisjon (Cotê 1997: 56-57).³⁹ Finn vi i analysane av det empiriske materialet at det faktisk er skilnader i geografisk mobilitet mellom sosiale klassar kan dette tilseie at vi bør avvise hypotesen om at selektiv migrasjon fungerer som ein perfekt utjamnande mekanisme (Cotê 1997: 56). Under vil eg kort presentere Bourdieus teori om habitus og kulturell orientering, denne teorien vert nytta for å skildre mekanismane bak det som antas å vere differerende migrasjonsmønster for ulike sosiale grupper, men det skal nemnast at prinsippa for denne teorien også kan settast saman med teoriane under avsnitt 2.5 om kulturelle konfliktlinjar og *community of orientation* for ein djupare forståing av mekanismane i desse. Også Cotês (1997) hypotesar om mekanismane bak ulike sosiale gruppars tilbøyelegheit til geografisk mobilitet vil bli gjort kort reie for under.

2.4.2 Lokal habitus og kulturell kapital

Av pragmatiske årsakar vert Bourdieus kombinasjon av kulturell klasseteori og handlingsteori vurdert som høveleg til å studere klasse i samband med ein aktørorientert handling som selektiv migrasjon jo er (Rye 2003: 3,10, 2006a: 20, Fekjær 2009).

Bourdieu (2010 [1984]) sosiale praksisteori byggjer på føresetnaden om ein fleirdimensjonell tilnærming til klasse der klassestrukturen er differensiert etter økonomiske- og kulturelle ressursar, og der stratifikasjonsprosessen dannar ulike *sosiale felt* i det *sosiale rommet*. Aktørane innad i desse felte internaliserer omgjevnadane og opplev ein form for felles eksistens i feltet, dette fenomenet har Bourdieu omgrepsfesta som aktørens kroppsleggjorte disposjonar, eller *habitus*. Ein slik form

³⁹ Cotê (1997: 56-57) skildrar her i hovudsak situasjonen for den underpriviligerte arbeidarklassen.

for internalisering av dei strukturelle omgjevnadane kan tenkjast å opptre forskjellig ikkje berre for ulike klassar, men også for individ av ulike geografisk opphav.⁴⁰ Vår forventning er at dei sosiale strukturane differerer mellom dei ulike geografiske kontekstene i analysen, med dette antar vi at individa kan utvikle *lokale habitus*, forma av både kulturelle og samfunnsstrukturelle høve i den geografiske konteksten ein veks opp i og den nedarva posisjonen i det sosiale hierarkiet (sjå t.d Rye 2006a: 21, 2003: 11, Coulangeon & Duval 2015: 75). Ved at aktørarar strukturerast inn i slike subkulturelle gruppar, eller felt, vil dei også utvikle ulik kompetanse og kunnskap, og ikkje minst ulike vurderingar av ulike samfunnsområder (Bourdieu 2010 [1984]: 95). Haldningar, verdiar og preferansar vil med dette vere prega av klassebakgrunn og lokal habitus, denne sosialiseringprosessen formar vidare individets oppfatningar om kva som er verdifullt og meningsfullt å bruke tida på, og kva som ikkje er det, noko som kan reflekterast i både utdannings- og yrkesval (Flemmen 2009: 518).⁴¹ Her forventar ein at slike prosessar også kan forme geografisk mobilitet.

Når det gjeld kulturell orientering og migrasjon kan vi i fylgje Cotê (1997: 56) forvente at velutdanna aktørar framstår meir *universalistiske* enn lågare utdanna individ eller arbeidarklassen, og med dette vil vere meir tilbøyelege til å vere geografisk mobile. Overfører vi denne hypotesen til teorien om kroppsleggjorte disposisjonar kan det også tenkjast at barn med foreldre med høg utdanning kan karakteriserast som meir *universalistiske* ved at dei vil får overført ein slik habitus frå sine foreldre (Rye, 2003: 11).⁴² Betre utdanna menneske vil også ha betre økonomiske tilhøve og vere mindre bunden til lokalsamfunnet ved at dei ikkje er avgrensa av ei avhengigheit av offentlege stønadsordningar i form av bustad og liknande, eller av familiær økonomisk (og emosjonell) støtte. Dei vil også ha universelle kvalifikasjonar oppnådd gjennom utdanningsystemet som kan føre til mindre stedsavhengigheit, i motsetnad til dei lågt utdanna som vil i større grad vil vere avhengig av den lokale arbeidsmarknaden (Cotê, 1997: 56). I fylgje Cotê (1997: 56) har også dei lågt utdanna høgare grad av lokal fellesskapsskjensle, som vil kunne føre til større grad av

⁴⁰ Sjå t.d Karl Mannheim (1952) om samfunnets rolle som formande for tradisjonar og verdiar i barndommen.

⁴¹ Bourdieu identifiserer to, potensielt gjensidig forsterkande, *primæreffektar* som bidrar til korrelasjon mellom aktørens praksis og sosiale opphav; (1) effekten av foreldres direkte formaninger ovanfor barnet, og (2) effekten av strategiar forma av aktørens sosiale startposisjon, med referansepunkt i dets disposisjonar og verdsett (Bourdieu 2010 [1984]: 105). Aktøren formast med dette umedvite gjennom det som framstår som objektive mogelegheit for suksess, der samansetjinga av kapital og habitus, og sosiale feltilhøyning strukturerar aktørens praksis og aspirasjonar (Bourdieu 2010 [1984]: 95). Sjå Boudon (1984) for ytterlegare skildringar av slike effektar.

⁴² Nemninga *universalistisk* er her nytta for å skildre ein *utvida* eller i større grad *fleirsidig* persepsjon av omgjevnadane i høve til å skildre individ som t.d er mindre stadsbunden og som fylgjer av kunnskapen som er erverva gjennom utdanningssystemet kan tenkjast å søkje andre, t.d meir *urbane*, impulsar (sjå Rye 2003, 2006).

geografisk immobilitet. Dette er imidlertid påstandar gjort på bakgrunn av aktørens eige utdanningsnivå, og sjølv om vi på bakgrunn av teorien om habitus kan tenkje oss at dette også gjeld for barn av foreldre med eit gitt utdanningsnivå er det på ingen måte gitt at vi vil sjå dei same samanhengane. I analysen vil det også vere eit spørsmål om kausalitet, og kva som kjem fyrst av utdanning og flyttehandling, for mange inneber valet om å ta høgare utdanning også flytting (Rye 2003: 10, Blau & Duncan 1967: 225).

2.5 Den geografiske strukturen for sosial mobilitet

Den geografiske konteksten reknast å forme og også potensielt avgrense sosial mobilitet avdi ulike geografiske område har ulike strukturelle karakteristikkar knytt til arbeidsmarknad, utdanningsinstitusjonar, tradisjon og kultur, noko som tilseier at aktørar har ulike utgangspunkt for sosial mobilitet og med dette ulike *startpunkt* (Blau & Duncan 1967: 1, 10, Listhaug et.al 1982: 269-270, Ramsøy 1977: 145). Moderniseringsteoritradisjonen som den Blau og Duncan høyrer til vil imidlertid argumentere for at både arbeidsmarknadsstruktur og kulturelle skilnader vil jamnast ut ettersom den tradisjonelle lokale og regionale kulturen vert erstatta av moderne kultur, samstundes som arbeidsmarknaden vert standardisert og kommunikasjon vert enklare (Ringdal 1990: 16).

Når vi skal sjå på sosial mobilitet i eit geografisk perspektiv vil eg her anta at implikasjonane av dei strukturelle og kulturelle faktorane vil vere at mobilitetsmekanismer og effekten av sosial bakgrunn vil variere over ulike geografiske kontekstar, og med dette gje eit motperspektiv til Blau og Duncans teori om ein universalistisk struktur for sosial mobilitet (Ringdal 1990, Listhaug et. al., 1982). Under vil eg gjennomgå Lipset og Bendix' *community of orientation*-teori om geografiske skilnader i sosial mobilitet. Deretter vil eg nytte teorien om geografisk kulturelle barrierar og presentere Rokkans teori om sosiokulturelle konfliktliner i det norske samfunnet.

2.5.1 Samfunnsstrukturar

Storparten av teoriane som tek for seg den geografiske dimensjonen i sosial mobilitetsforskning fokuserer på høvet mellom rurale og urbane strøk, samfunnsstorleik, eller grad av industrialisering som differensierande for sosiale mobilitet (Ringdal 1990: 144)⁴³. Lipset og Bendix (1992 [1959]) finn blant anna at relativ mobilitet er positivt korrelert med urbanisering, og hevdar at den sosiale

⁴³ Sjå Blau og Duncan (1967), Featherman og Hauser (1977), Grusky (1983), Listhaug et. al. (1982), Hirsch (1978), Horan og Tolbert (1984).

mobiliteten er høgare i urbane enn i rurale område.⁴⁴ Så kva mekanismar i dei ulike samfunnsstrukturane er det som gjer at vi kan forvente ulike mobilitetsrater? Er meir urbaniserte kommunar opnare for mobilitet enn bygdesamfunn eller mindre sentralt plasserte kommunar?

Hypotesen om *community of orientation*, samfunnet der individet har tilbrakt sine barndomsår, står sentralt i Lipset og Bendix' teori om sosial mobilitet: [...] *the larger a man's community of orientation [...], the higher the status of the job he holds is likely to be* (Lipset, Bendix 1992 [1959]: 204). Tanken om at eit individs oppvekstsamfunn har ein effekt på individets framtidige sosiale posisjon er for denne studien vurdert å vere av spesiell interesse sett opp mot andre teoriar på feltet då denne hypotesen er formulert med utgangspunkt i ein forståing av relevansen av geografisk kontekst for individets sosiale posisjonering som ein *sosialiseringssprosess*, heller enn som ein direkte effekt av den augeblikkelege marknadsstrukturen. Community of orientation-hypotesen er formulert med utgangspunkt i Lipset og Bendix' teori om urbanisering og migrasjon, der desse faktorane er sett på som svært viktige kjelder til sosial mobilitet, ein påstand som også påvisast i dei empiriske analysene i monografien *Social Mobility in Industrial Society* (1959).

Vi kan altså anta at individ med ein oppvekst i urbane strøk vil oppleve større sosial mobilitet enn individ med ein oppvekst mindre urbane, eller rurale, strøk. Lipset og Bendix skildrar dette som eit resultat av samfunnskonteksten evne til å forme individets ambisjonar og oppfatningar av yrkesstrukturen, men også kva mogelegheiter som finnast i dei ulike samfunnstypene, blant anna med omsyn til utdanning (Ringdal 1990: 129). Mekanismane i denne stratifikasjonsprosessen gir assosiasjonar til både Bourdieus teori om habitus og Goldthorpes teori om mobilitetsstrategiar, og antas med dette å fungere ved at sosiale og kulturelle kvaliteter ved samfunnskonteksten internaliseres gjennom den tidlige sosialiseringssprosessen. Ein slik hypotese indikerer også at bysamfunn er opnare for sosial mobilitet enn mindre samfunn, dette er imidlertid ein påstand som blant anna Tore Lindbekk (1983) har avvist gjennom sine analysar med norske data av Trøndelag.⁴⁵

2.5.2 Kulturelle skiljelinjer

Transisjonen i den økonomiske basen i både i rurale og urbane område i (post-)moderne tid har ført til at skilnader i tradisjonell kulturell og sosial eigenart for lokale geografiske kontekster er i ein

⁴⁴ Dette er også påvist for norske høve, Natalie Rogoff Ramsøys (1977) funn i sin studie av sosial mobilitet i Noreg indikerer ein positiv korrelasjon mellom urbanisering og relativ mobilitet.

⁴⁵ Heller ikkje hypotesen om at større samfunn gir høgare sjansar for sosial mobilitet vert understøtta av dei empiriske analysene til Lipset og Bendix (1992 [1959]), hypotesen om urbanisering og migrasjon som kjelder til sosial mobilitet vert imidlertid støtta.

prosess av å verte viska ut. Prosessar av lokal nasjonalisering og lokal heterogenisering har gjort lokale samfunn meir differensierte, samstundes som ein på tvers av lokale kontekster har vorte utsett for dei same nasjonale sosiale kreftane og med dette utvikla liknande sosiale og kulturelle praksisar (Rye 2011: 173).⁴⁶ Rokkan (1987 [1966]) identifiserer imidlertid fem geografiske og kulturelle skiljeliner, eller konfliktliner, i det norske samfunnet som dannar ulike geografiske subkulturar. På tross av at Noreg, og også Vestlandsregionen, generelt sett er svært kulturelt homogent, og at desse konfliktlinene opprinneleg er dratt på regionsnivå for avdekke politiske skilnader, vil eg anta at hovudlinene er overførbare til å skildre kulturelle skilnader for sosial mobilitet også mellom meir lokale kontekster (Rokkan et. al 1987: 226). For Rokkan er dei framtrekande kulturelle konfliktane religiøse og sosiokulturelle motsetningar mellom byenes akademisk utdanna embetsstand og borgarskap, og landsbygdas tradisjonelt orienterte bondestand - urbane sekulariserte verdiar versus rurale tradisjonelle verdiar (Ringdal 1990: 139). Det hevdast også at menneska i periferien forventast også å oppføre seg annleis og ha andre kulturelle og politiske preferansar enn menneska i kjernen. Menneska i periferien vert sagt å vere definert av ein form for avstand og avhengigheit blant anna fordi dei vert held utanfor sfæren av politiske avgjerder som vert gjort i kjernen. Med utgangspunkt i denne konflikten oppstår det ein *motkultur* mot det som opplevast som ein urban kulturell dominans (Rokkan 1987 [1966]: 198). Andre konfliktdimensjonar er økonomiske og er dratt mellom kjøparar og seljarar av råvarer på marknaden, t.d bønder på bygda og kjøpmenn i byen, og til den generell konflikten på arbeidsmarknaden.

Det vi kan forvente er altså at desse kulturelle skiljelinene, då spesielt mellom kjerne og periferi men også mellom ulike næringskontekstar, er at dei kan ha konsekvensar for sosial mobilitet. Den kulturelle konteksten individet oppheld seg i oppvekståra kan i fylgje teorien om habitus verte ein internalisert del av individet, og individets fødestadskommune kan med dette forventast å fungere strukturerande for individets aspirasjonar og praksis.⁴⁷ Spesielt framhevar Ringdal (1990: 139-140) relevansen av den tradisjonelle kulturen som potensielt hemmande på sosial mobilitet, då sosial mobilitet som fenomen er fremjande for sosiale endringar. Implikasjonane av dette vil då vere at sosial mobilitet indirekte truar det stabile sosiale systemet som er sagt å vere høgt verdsatt hos menneske med tradisjonelle verdsett. Sjølv om vi ikkje kan forvente å sjå veldig tydelege spor av dette, kan det tenkjast at konservative kreftar kan ha ein negativ effekt på moderniseringsprosessen

⁴⁶ Ringdal (1990: 139) skildrar også ein viss økonomisk konvergens, og legg samstundes vekt på den kulturelle homogeniseringa ein har observert som fylgje av utdanningsekspansjonen og tv-apparatets inntreden i det norske samfunnet.

⁴⁷ Sjå avsnitt 2.4.2.

og motivasjonen for å stimulere til sosial mobilitet. Det kan også tenkjast at Vestlandsregionen er så kulturelt homogent, at få skilnader vil vere observerbare internt i regionen, sjølv om regionen som sådan kan forventast å framvise ulike mobilitetsmønster komparativt med andre norske regionar, denne studien førar imidlertid ikkje hit.

2.6 Tidlegare forskning

I dette avsnittet vil det presenterast eit utval tidlegare studiar av samanhengen mellom sosial mobilitet, geografisk opphav og mobilitet. I den fyrste delen vil det føreliggje ei kort presentasjon av Blau og Duncans klassiske studie av det amerikanske samfunnet, der Guy Cotê's konklusjonar om sosial og geografisk mobilitet kort trekkjast inn avslutningsvis. Deretter å presenterast dei mest sentrale norske bidraga til forskingsfeltet for *vår* studie.

I Blau og Duncans nemnde monografi *The American Occupational Structure* frå 1967, studerast det geografiske aspektet ved sosial mobilitet ved å utvide den omtala OED-modellen ved å inkludere ein forklaringsvariabel som differensierer mellom storleiken på individets lokalsamfunn i 1962.⁴⁸ Deira konklusjon er at arbeidsdelinga er meir kompleks i metropolane enn kva dei er i rurale område, og at dette fylgjeleg har konsekvensar for dei mogelegheitsstrukturane som formar karrieren til individet. Individet står med dette fritt til å fri seg frå avgrensande strukturar på ein anna måte enn kva som er mogeleg ved tilskrivne bakgrunnskaraktistikkar som til dømes rase og etnisitet (Blau & Duncan 1967: 243). Dei konkluderer vidare med at geografisk opphav har meir å sei for kva ein oppnår i yrkeslivet enn plassen ein arbeidar på ved siste målepunkt, og understrekar at migrantar, kontrollert for eit utval andre høve, med få unntak alltid oppnår høgare yrkesstatus og høgare grad av oppadstigande sosial mobilitet enn dei geografiske immobile (Blau & Duncan 1967: 272). Men er det eit kausalt forhold? Cotê hevder i sin doktorgradsavhandling frå 1983 det (Savage 1988). Ikkje all sosial mobilitet kunne relaterast til geografisk mobilitet, men det var enkelte viktige linkar. Han finn blant anna at for både for intra- og intergenerasjonell sosial mobilitet var det slik at sannsynet for dei som var flytta til å stige i det sosiale hierarket var høgare:

Upward occupational mobility controlling for class of origin or class of entry (to work) is associated strongly with propensity to migrate. The greater the migration the greater the upward mobility (Cotê 1983: 2-100 i Savage 1988: 559-560).


⁴⁸ Respondentens alder er i 1962 mellom 27 og 66 år (Blau & Duncan 1967: 82).

I Noreg har forskningstradisjonen på sosial mobilitet stått sterkt, mykje takka vere innverknadssrike bidrag til feltet som Natalie Rogoff Ramsøys *Sosial Mobilitet* frå 1977. Denne studien inneheld også ei kort skildring av regionale ulikskapar i sosial mobilitet, og ho finn at det per 1977 framleis er regionale ulikskapar i sosioøkonomisk status og utdanningsnivå, halvparten av regionane framviste større sosiale ulikskapar for barnegenerasjonen enn for foreldregenerasjonen. Samstundes ser Ramsøy positivt på den politiske og økonomiske utviklinga ein observerer i landet, og meiner potensialet ligg i ein integrerande og landsomfattande omstillingsprosess. Så utviklinga går i riktig retning - men det vil ta tid (Ramsøy 1977: 101-103). Ho finn også ein samanheng mellom foreldres utdanningsnivå og familiens (respondentens familie) bustadskommune, dess meir utdanning foreldra hadde, desse høgare var befolkningsmengda i kommunen (Ramsøy 1977: 140). I høve til effekten av å vere flytta finn ho at det er fleire med høgare utdanning blant flyttarane, noko som forklarast i ein geografisk skeivfordeling av utdanningstilbodet at flyttehandlinga ofte var *prisen ein måtte betale* for å kvalifisere seg. Då utdanning er så tett knytt til yrkeslivet endte også flyttarane høgare opp i klassehierarkiet. Ho finn også at flyttarane ikkje skilte seg nemneverdig ut frå andre grupper, korkje i høve til sosial bakgrunn eller befolkningsmengde i kommunen (1977: 146).

I seinare tid er bidraga til Johan Fredrik Rye (2003, 2006, 2011), Tore Lindbekk (1983) og Kirsten Ringdal (1990) av spesiell interesse.⁴⁹ Desse tek alle for seg sosial mobilitet i eit geografisk perspektiv, men med ulike teoretiske utgangspunkt. Rye (2006a) søkjer å identifisere klassespesifikke migrasjonsmønster gjennom multinominal logistisk regresjonsanalyse. Rye har det siste tiåret publisert ein rekkje studiar på forskingsfeltet for sosial og geografisk mobilitet med spesielt fokus på ruralitet og migrasjonsmønster hos unge menneske, der han argumenterer for eit større analytisk fokus på klasseperspektivet i sosiologiske analysar av det rurale sosiale livet og migrasjonspraksis i Noreg (Rye 2006a: 2). Ryes tilnærming til migrasjonsspørsmålet strekk seg frå det mikrososiologiske til det makrososiologiske, der både livsstilsval, flyttepreferansar, sosial bakgrunn og kapitalakkumulasjon er nytta som sentrale forklaringsfaktorar på vegen mot å forklare migrasjonsmønster hos den unge, norske befolkninga. Rye brukar ved fleire høve ein bourdieuansk teoretisk tilnærming til migrasjon, og hevder i denne tradisjon at migrasjonsval og bustadspreferansar er strukturert av predisposisjonar bestemt av individets *rurale klassehabitus*. Rye forsonar med denne teoretiske bruken det sosialkonstruksjonistiske perspektivet med eit objektivistisk perspektiv for å forklare migrasjonsmønster, og skildrar med dette unge menneske sin konstruksjon av ruraliteten og vidare korleis deira strukturerte fridom i form av habitus står fram

⁴⁹ Sjå også Ola Listhaug et. al (1982) og Johs. Hjellbrekke (2007).

som ein relevant del av migrasjonspraksisane (Rye 2011: 170, 2006a: 2). Rye finn blant anna at rural til urban migrasjon har ein klar klassestruktur (sjå figur 2.1), og at sjansane for at ungdom frå høgare sosiale lag flyttar er større enn hos dei andre sosiale laga (2003, 2006). Han finn imidlertid at den kulturelle arven, eller utdanningskapitalen, har større innverknad på bornas migrasjonsmønster enn den økonomiske kapitalen, og hevder i artikkelen *Class and rural to urban migration* (2003: 12) at foreldres ressursar i form av økonomisk kapital måla i fars inntekt har langt mindre relevans for bornas migrasjonspraksis. Det hevdast òg at rural til urban migrasjon hos den sosiale øvre klassen i rurale strøk er gunstigare enn for andre sosiale klassar:



Figur 2.1: Predikerte sannsyn for barn til å ende opp i forskjellige migrasjonskarrierer, etter fars utdanningsnivå.⁵⁰

Tjue år tidlegare avdekkja også Tore Lindbekk (1983) store skilnader i den geografiske mobilitetet mellom forskjellige yrkesgrupper. Han finn samstundes at barnets mobilitet også var avhengig av yrket til barnets forsørgar. Han hevdar også at befolkninga i *herredskommunar* totalt sett er meir geografiske stasjonære, men om ein kontrollerer for forsørgars yrke er *herredskommunane* befolkning *mindre* geografisk stasjonære enn befolkninga i *bysamfunnene*, sett bort i frå gardsbrukssønene som uansett kommunetype var ein svært stasjonær gruppe.⁵¹ Han finn imidlertid at denne situasjonen endrar seg noko i etterkrigstida, og at innslaget av geografisk mobilitet i bysamfunna ble større enn i herredskommunane også når yrkestilknytning heldes konstant. I den same studien konkluderer Lindbekk med at den sosiale mobiliteten, måla i yrkesnivå, var større i herredskommunane enn i bysamfunnene, noko som viste seg å gjelde for både den stasjonære

⁵⁰ Henta frå Rye (2003: 9).

⁵¹ Herredskommune er ein nemning for *landkommunar*, eller *bygda*, den andre type kommunane vi finn er hos Lindbekk karakterisert som *bysamfunnene*. Desse utgjer to ulike sosiale system og er kvarandres motstykke.

befolkninga her, samt til- og fråflyttarar frå slike kommunar. Denne høge mobiliteten forklarar Lindbekk blant anna i ein *openheit* mot omgjevnadane som ikkje bysamfunnet har, og det han skildrar som ein historisk egalitær samfunnsstruktur. Nærings- og busettingsmønster fann han imidlertid til å vere urelevant som forklaringsfaktor. Det visar seg også at den geografisk mobile delen av utvalet utvisar større sosial mobilitet enn sin geografisk stasjonære motpart, uansett geografisk tilknytning. Eit siste interessant moment frå Lindbekks studie er at oppvekst i bysamfunn, uansett om ein var flyttar eller ikkje, for menn frå det han kallar *det øvre samfunnsskikt* gav eit pluss i avansementsprosent, medan oppvekst i bygdesamfunn gav søner av ufaglærte arbeidarar, småbrukarar med fleire, eit pluss i avansementsfrekvens.⁵²

Avslutningsvis nemner vi Kristen Ringdal studie frå 1990 som har ein regional tilnærming til mobilitetsspørsmålet, der han blant anna tek for seg dei geografiske strukturane for sosial mobilitet, og der konseptet om lokale arbeidsmarknader, samt teoriar om industrialisme og geografisk strukturerte kulturelle barrierar er sentrale for diskusjonen (Hjellbrekke & Korsnes 2012: 94-96, Ringdal 1990).⁵³ To relevante hypotesar som testast i denne studien er: (1) avkastninga for human kapital som utdanning og yrkesprestisje vil vere høgast i urbane og eller sentrale arbeidsmarknader, og (2) sosial bakgrunn har ein sterkare effekt for barnets *status attainment* i rurale eller perifere arbeidsmarknader enn i dei urbane eller sentrale marknadane. Ringdal finn geografiske skilnader i sosial mobilitet. Han observerer skilnader i nivået for *status attainment* mellom dei norske fylka som han tolkar å understøtte Blau og Duncans teori om industrialisme, medan skilnadane i mekanismane for status attainment ikkje fylgjer noko klårt mønster. Både hypotese ein og to vert med dette understøtta av Ringdals analysar om vi operasjonaliserer den geografiske konteksten etter rurale og urbane arbeidsmarknader, effekten av tilskrivne eigenskapar er sterkare i rurale arbeidsmarknader, samstundes som effekten av *eigne* prestasjonar i byane er sterkare. Når Ringdal tek utgangspunkt i teorien om kulturelle barrierar tydar resultatata imidlertid på at geografiske skilnader i sosial mobilitet, eller status attainment, *ikkje* let seg forklare med utgangspunkt i kulturelle skilnader.

2.7 Avslutning

Den presenterte forskinga som er gjennomgått og referert til i det føreliggjande kapittelet har demonstrert at den geografiske oppvekstkonteksten kan vere av relevans når vi skal studere sosiale strukturar for ulikskap og mobilitet. Det kan også tyde på at høvet mellom bygd og by eller generelt

⁵² Sjå tabell 2.7 (s. 96) i Lindbekks monografi *Samfunnsendring og sosial mobilitet i Trøndelag* (1983).

⁵³ Studien fokus er på det norske samfunnet i etterkrigstida.

storleiken på oppvekststaden kan vere eit godt analytisk utgangspunkt når ein skal studere ulikskap gjennom geografidimensjonen. Forskinga som er gjort på området leiar oss også i den retning at vi kan forvente å finne systematiske sosiale ulikskapar i vårt utval, samstundes som geografisk mobilitet i fleire høve har vist seg å vere en høgst aktuell faktor når ein skal skildre sosial rørsle og ulikskapsstrukturar.

I det fyrstkommande kapittelet skal datamaterialet som er nytta i studien presenterast, før det vidare blir gitt ei innføring i det metodiske rammeverket for studien og framgangsmåten for operasjonisering av variablane som inngår i analysen.

3 Data og metode

I dette kapittelet skal det metodiske rammeverket for oppgåva greiast ut for. Eg vil fyrst presentere datamaterialet som er nytta i denne studien, deretter vil operasjoniseringa av dei avhengige og uavhengige variablane som inngår i studien gjennomgå. Vidare greiast det ut for det teoretiske grunnlaget for dei statistiske metodene som er nytta og deira funksjonelle eigenskapar i høve til å besvare våre problemstillingar. før kapittelet avsluttast med å drøfte problemstillingar knytt til statistisk utryggleik og statistiske testar av modellane.

3.1 Datamaterialet

Datamaterialet som er brukt i denne studien er individdata i form av registerdata frå Generasjonsdatabasen. Dette datasettet er stilt til min disposisjon av Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste (NSD), og er utarbeida av Statistisk Sentralbyrå (SSB). Dataa i Generasjonsdatabasen er henta frå Folke- og bustadtellingane (1960-1990), Det sentrale personregister, inntektsregistre og utdanningsregistre (Kiberg & Wikholm, 1997: 5, 9). Som namnet tilseier gir dette datasettet moglegheita til å studere samanhengar mellom generasjonar, her mellom barn fødd kvart femte år frå og med 1950 til og med 1990, og deira foreldre og besteforeldre.

3.1.1 Utvalet

Utvalet består av tre delar: hovudfilen, innteksfilen og endringsfilen. I fyrste del er opplysingane konstruert som tidsseriedata med snitt kvart tiår, i siste del er opplysingane lagt opp som forløpsdata med år som tidsmelding. Del to innteksfilen er ikkje nytta her. Utvalet i Generasjonsdatabasen består av opplysingar om 580.964 barn, 525.977 mødre, 514.910 fedre og 670.000 besteforeldre (Kiborg & Wikholm 1997: 9). Utvalet eg har fått tilgang på består av opplysingar om individ fødd i kommunar lokalisert i Vestlandsfylka, og rommar eit utval på 68.124 barn med tilhøyrande opplysingar om foreldre og besteforeldre. Vidare vert utvalet avgrensa til å gjelde 55- og 60 kohorten som består av høvevis 13.244 og 12.969 observasjonar.

3.1.2 Avgrensingar ved datamaterialet

For å unngå identifikasjon av enkeltpersonar er individa anonymisert ved at fødselsnummeret er fjerna og erstatta med eit løpande nummer i datasettet. Vidare er datasettet anonymisert ved at kommunetilhøyring i form av fødestad og siste norske bustad gitt i kommunenummer er fjerna frå datasettet. Opprinneleg er desse erstatta med informasjon om fylke, men avdi kommunetilhøyring er ein sentral indikator i oppgåva vert desse opplysingane gjort tilgjengeleg for analysen ved

omkodning til kvalitative mål i form av ein deskriptiv gruppering av kommunane (Kiberg & Wikholm 1997: 9).

Det finnast enkelte avgrensingar ved datamaterialet i høve til utvalet i hovudfilen. Observasjonane i datamaterialet er for enkelte variablar basert på utvalsmålingar, og ikkje populasjonsmålingar. Dette kan ha konsekvensar for korleis vi definerer modellen vår, og for dei statistiske testane. Det vil eg problematisere nærare i avsnitt 3.4.

3.2 Operasjonalisering og skildring av variablar

Operasjonalisering av variablar er eit avgjerande steg i forberedinga av datamaterialet for analyse. I denne prosessen vil eg ta dei opplysingane som finnast i datamaterialet og gjere dei endringane som trengs for å tilpasse variablane for dei analytiske modellane i studien, og samstundes sjå til at dei skildrar det vi ynskjer at dei skal skildre på ein adekvat måte. Denne prosessen krevjer vidare at ein underbyggjer dei teoretiske og pragmatisk vala ein tek ved å vise til relevant teori og tidlegare forskning på emnet, og ved å vise til relevansen av desse vala i høve til studiens problemstilling (Eikemo & Clausen 2012: 57, 117). Alle variablane vil i denne analysen vere kategoriske og eigenskapane vil tilsvare eit målenivå på entan nominal- eller ordinalnivå.⁵⁴

Dei avhengige variablane respondentens høgaste utdanning og geografiske mobilitet vil også ha rolla som uavhengige variablar ved ulike tidspunkt. Desse vil av dette ikkje verte skildra ytterlegare under avsnittet for uavhengige variablar.

3.2.1 Avhengige variablar

Dei avhengige variablane i datasettet er vald ut med utgangspunkt i kva som er objektet av interesse i dei ulike analysemodellane og det teoretiske formålet med analysemodellen som heilskap. Her vil dette vere tredelt, og eg vil køyre tre modellar basert på det teoretiske rammeverket til den tidlegare nemnde OED-modellen (Blau & Duncan 1967).

Geografisk mobilitet

Denne variabelen nyttast som avhengig variabel i kapittel 4 (modell OG₁EG₂). Dette gjerast då det

⁵⁴ Analysemetoden utelukkar i utgangspunktet variablar på høgare målenivå, men det kan ikkje seiast å vere vanleg praksis å inkludere eit nemneverdig tal av variablar av denne typen i mobilitetsstudiar, då forklaringsvariablane ofte er basert på kvalitative mål for sosiale eigenskapar og liknande (Skog 2004: 367, Fridstrøm 1980: 39). Det er også praktiske årsakar knytt til den logistiske regresjonens forutsetningar som kan argumentere *mot* bruk av variablar på høvetalsnivå, dette kjem eg tilbake til i 3.2.2 og 3.4.

sentrale målet i dette kapittelet å undersøkje i kva grad respondentenes geografisk mobilitet er klassestrukturert, og samstundes studere effektane av geografisk opphav på sjansane for å vere geografisk mobil. Ved å nytte geografisk mobilitet som avhengig variabel får vi også mogelegheita til å studere flyttehandlingas korrelasjon med respondentens utdanning. Geografisk mobilitet vert representert ved ein dikotom variabel som skildrar kor vidt respondenten har flytta eller vore bufast i fødekommunen. Denne variabelen er operasjonalisert ved at opplysningane i variablane fødestadskommune og siste norske bustadskommune vert nytta som utgangspunkt for den nye variabelen. Dette er koda med sju verdiar som skildrar kommuneklasse etter næringsamansetnad og sentralitet. Den nye variabelen *geografisk mobilitet* vert koda på ein slik måte at same verdi på fyrstnemnde og sistnemnde variabel indikerer at individet *ikkje* har flytta og individet vil få verdien 0. Motsett vil ulike verdiar indikere at individet *har* flytta, og at individet ved siste målepunkt for bukommune, 1995-1997 avhengig av individets inndato (Filskildring av Generasjonsdatabasen, 1998-versjonen) er busett i ein anna kommune enn det han eller ho vart fødd i, og få verdien 1.⁵⁵

Det kan identifiserast enkelte svake punkt ved å velje ein slik operasjonalisering av flyttekarriere. For det fyrste er det ein forenkla situasjon ein presenterar. Vi har diverre ingen informasjon om tidspunktet for flyttinga, eller kva kommunetype ein flyttar til eller frå. Samstundes fangar ein berre opp dei som flyttar til *ein anna kommunetype*, dette vil sei at ei slik koding kan tilsløre noko informasjon om dei som flyttar ut av kommunen, men til ein kommunetype av samme klassifiseringkategori. Vidare er det ein generell utfordring når ein nyttar flyttingdata og offisielle data på kommunetilhøyning at mange ikkje oppdaterer informasjon om folkeregistrert adresse og med dette reflekterer ikkje alltid desse dataa heile røynda, dette er spesielt tilfellet med flytting i ung alder og i samband med utdanning (Foss 2005). Dette er ikkje antatt å få avgjerande konsekvensar for den informasjonen som er nytta då målepunktet for flytting er sett til eit tidspunkt som tilseier at barnet er eit minimum av 35 år.

Sosial posisjon - respondentens høgaste utdanningsnivå

For å måle respondentens høgaste utdanningsnivå nyttar vi variablane som skildrar respondentens utdanningsnivå i 1990 og 1995, respondenten er då 30 år.⁵⁶ Dei fleste, kanskje med unntak av

⁵⁵ Filskildringa er gjort tilgjengeleg av NSD for den føreliggjande analysen. Sjå elles avsnitt 3.2.2 for ytterlegare skildringar av orginalvariabelen som er nytta til å operasjonalisere både geografisk mobilitet og geografisk opphav, eller fødekommune.

⁵⁶ Ved å bruke gitt målepunkt saman med gitt kohort vil vi få same alder ved målepunktet, altså vil 55-kohortens høgaste utdanningsnivå vere måla i 1990, medan 60-kohortens målepunkt for høgaste utdanningsnivå vil vere 1995. Av den grunn er ikkje alder med som ein eigen uavhengig variabel i analysemodellane omhandler.

respondentar som tek dei lengste universitetsutdanningane, vil då vere ferdige med utdanninga. Utdanningsnivået er nytta som avhengig variabel i kapittel 5 (modell OGE) og med dette får vi høve til å studere både dei direkte og indirekte effektane av dei uavhengige variablane, som sosial bakgrunn og geografisk opphav, på respondentens utdanningsposisjon. Utdanning er i datasettet koda etter NUS2000 (Longva 2001), Norsk Standard for Utdanningsgruppering, som er ein hierarkisk inndeling av utdanningsnivå (Kiberg & Wikholm 1997: 19). Hovudklassifiseringa til denne standarden er gitt i 9 hierarkisk ordna grupperingar, medan heile standarden består av eit 6-sifra kodesystem som klassifiserer utdanninga etter nivå og fag (Longva 2001: 7). I datasettet finn ein ei tresifra kode som skildrar utdanningas nivå, fagfelt og faggruppe, denne tresifra koden er vidare koda om til 6 utdanningsgrupperingar, for å gjere utdanning til eit kvalitativt mål i datamaterialet.⁵⁷ Verdiane som representerer gitte utdanningsnivå vert i fyrste omgang koda på fylgjande måte: grunnskuleutdanning = 1, vidaregåande utdanning 1-2 år = 2, vidaregåande utdanning yrkesfag 3 år + påbygg = 3, vidaregåande utdanning allmenn + påbygg = 4, høgskule-/universitetsutdanning, lågare nivå = 5, høgskule-/universitetsutdanning, høgare nivå = 6.⁵⁸ I siste omkodingsprosess vert verdiane 2, 3 og 4 slått saman til å utgjere den nye verdien VGS = 2, verdiane for høgare utdanning er også slått saman slik at høgskule-/universitetsutdanning no får verdien *høgare utdanning* = 3. Verdien for utdanning på *grunnskulenivå* forblir uendra, og har verdien = 1. Gitt studiens problemstillingar kunne det ha vore føremålstenleg å oppretthalde skiljet mellom høgskule og universitetsutdanningar, men av omsyn til modellens stabilitet og få observasjonar i desse kategoriane let ikkje dette seg gjere.⁵⁹ Som avhengig variabel vert referansekategorien for barnets høgaste utdanningsnivå sett til å vere *høgare utdanning*.⁶⁰

Sosial posisjon - respondentens klasse

I det siste analysekapittelet (6) er klasse avhengig variabel (modell OGED) og fokuset her er å studere den intergenerasjonelle mobiliteten og mekanismane bak, og samstundes studere dette opp mot den *direkte* effekten av eiga utdanning samanlikna med sosial bakgrunn. Også her er den

⁵⁷ Syntaksen som operasjonaliseringa av utdanningsvariabelen er byggja på er gjort tilgjengelege for studien av Johs. Hjellbrekke (UiB).

⁵⁸ Verdiane som visar til uoppgett opplysningar, individ som ikkje er med og anna som tilseier at det manglar informasjon eller at dei ikkje fell innanfor nokon av utdanningskategoriane, vert koda som missing og dei vil ikkje verte teke med vidare.

⁵⁹ Også skiljet mellom yrkesfag og allmennfagleg vidaregåande opplæring ville vore interresant å oppretthalde, med omsyn til den regionale utbygginga av høgskulesystemet er det imidlertid høveleg å tru at vi kunne funnet skilnader i kva høgare utdanning respondentane tok om vi differensiere for sentrale og mindre sentrale strøk i Vestlandsregionen.

⁶⁰ Denne referansekategorien er hovudsakleg vald av pragmatiske årsakar knytt til modellens stabilitet, men det er også teoretiske argument for dette, sjå 3.2.2.

geografiske dimensjonen sentral ved at vi ynskjer å undersøkje i kva grad det geografiske opphavet har ein effekt på respondentens klasseposisjon og om det kan avdekkast geografiske skiljeliner. Vi kan også studere i kva grad flyttehandlinga har ein direkte samanheng med respondentens klasseposisjon, samstundes som vi får høve til å avdekke kva kjønnskilnader som finnast. Mobilitetsdimensjonen sosial klasse vert operasjonalisert ved at barnets yrke 1990 vert koda til sosiale klassar basert på Erikson, Goldthorpe og Pontecaros (1992) klasseskjema, EGP-skjemaet. Målepunktet 1990 er vald då dette gir at sonen eller dottera i analysen har ein alder på høvesvis 30 og 35. Det er noko usikkert i kva grad vi kan anta at respondentens klasseposisjon representerer eit korrekt bilete på tvers av klassane då det for klassar som inneheld yrke som krevjer meir utdanning kan innebære at respondenten ikkje endå har *funne sin plass* i marknaden, dette er imidlertid antatt å vere eit mindre problem når vi målar klasse samanlikna med andre mål som inntekt, sjå t.d Hansen (2006).

EGP-skjemaet er byggja opp på prinsipp for sosial status, der denne vert måla i form av arbeidsrelasjonar, graden av ansvar og autonomi, samt yrkets tilsettingshøve. For å gjere dette vert den originale yrkesvariabelen som i datasettet er koda med ein tresifra yrkeskode basert på Nordisk Yrkesklassifisering (NYK 1965) koda om til EGP-klassar. Desse kodane vert vidare koda om til kategoriar, 11 totalt.⁶¹ Dette vert gjort ved å ta i bruk grunnklassifiseringa av norske yrkesgrupper til EGP-klassar, dette finn ein i ISS rapport nr. 41 utvikla av Gooderham, Lindbekk og Ringdal i 1994 som er den norske versjon av det originale EGP-klasseskjemaet til Erikson og Goldthorpe i *The Constant Flux* (1992).⁶² Desse klassane er utvikla for å kunne skildre dei norske klassane baserte på NYK-kodane, og inneheld originalt totalt 13 klassar. I fyrste omkoding frå NYK til EGP vert imidlertid enkelte av klassane koda saman, slik at den endelege kodinga som nemnd over består av 11 klassar slik som for Erikson og Goldthorpes fulle versjon frå 1992. Denne variabelen har verdiane 1, 2, 3, 4, 5, 7, 9, 10, 11, 12 og 13. Verdiane 6 og 8 er slått saman med andre verdier, 6 med 5, og 8 med 7. Dette reflekterer det opprinnelege EGP-klasseskjemaet frå *The Constant Flux* (Erikson & Goldthorpe 1992) som består av elleve klassar, som deretter blir redusert til sju klassar. Den endelege kodinga for denne analysen er utarbeida ut i frå tidlegare bruk av standarden hos blant anna Hansen og Engelstad (2003), samt Hjellbrekke og Korsnes (2012), med enkelte modifikasjonar for betre tilpassing til modellane og problemstillingane. Denne kodinga vert gjort ved at fars klasse 1970 og respondentens klasse 1990 vert koda om frå 13 (11) til 7 verdier med

⁶¹ Syntaksen som operasjonaliseringa av klassevariabelen er byggja på er gjort tilgjengelege for studien av Johs. Hjellbrekke (UiB).

⁶² 1992-versjonen av EGP-skjemaet baserer seg på lang veg på fordelingsprinsippa som vart presenterte av Goldtorpe i 1980, det føreligg imidlertid ein større grad av differensiering av klassane.

verdiane for landbruksarbeidarar (12) og tilsette i fiskerinæringa (13) inkludert i verdien for bønder, og utan klassen for sjølvstendige næringsdrivande/småborgarskapet (4). Variabelens verdier vert ytterlegare redusert til å inkludere ein i staden for to serviceklassar, slik at den endelege versjonen har 5 verdier, altså 5 klassar: (1) serviceklasse, (2) rutinefunksjonær, (3) bonde, (4) faglærte arbeidar og (5) ufaglærte arbeidar. Som avhengig variabel er referansekategori for barnets sosiale klasse er sett til verdien for *ufaglærte arbeidar*.

Den kodeprosessen som er gjennomført her har ikkje fulgt det nøyaktig same oppsettet som vert skildra i klasseskjemaet til Erikson og Goldthorpe (1992) eller Gooderham, Lindbekk og Ringdal (1994). Her er som nemnd verdiane 12 og 13 inkluderte i klassen for bønder, og ikkje i klassen for ufaglærte arbeidarar.⁶³ I tillegg er klassen for sjølvstendige med og utan tilsette fjerna av årsakar knytt til statistisk utryggleik og få observasjonar, blant anna kan dette relaterast til forutsetnaden om fråvær av såkalla *diskrimineringsproblem*, knytt til vanskar med å rekne ut oddsratioer og logitkoeffisientar med tilfelle av låge observasjonstal (Eikemo & Clausen 2012: 161-162, sjå også Hjellbrekke 2007: 290). Det kan kritisast å fjerne heile gruppar frå analysen på denne måten. Men der samanslåinga av dei to serviceklassane vil kunne forsvarast enkelt ved å peike på dei samanfallande eigenskapane til klassane, finnast det ikkje den same argumentasjonen for å slå saman denne yrkesgruppa med andre gruppar, så for å kunne gjennomføre analysen utan at enkelte observasjonar og verdier skal destabilisere modellen og føre til urelevante resultat vert denne fjerna (sjå t.d Eikemo & Clausen 2012: 74-75, Hjellbrekke 2007: 290). For problemstillinga si del var heller ikkje denne gruppa av særskild interesse. Under gis eit deskriptiv oversyn over dei 5 klassane med utgangspunkt i skildringar av yrkeskategoriar som inngår i dei ulike klassane i den norske versjonen av EGP-skjemaet, og fordelinga av respondentar på den enkelte klassekategori:

⁶³ Dette er ein noko brei definisjon av *bønder* som ikkje utan vidare er uproblematisk. Men av årsakar knytt til eit lågt tal observasjonar i den opprinnelege klassen for bønder og til yrkesgruppanes nære relasjon til landbruket finn eg det formålstenleg å gruppere desse yrkesgruppene saman med bøndene (sjå t.d Hjellbrekke 2007).

Tabell 3.1: EGP-klassene forklart for 55- og 60 kohorten (Gooderham, Lindbekk & Ringdal 1994).

| | Klasse | Deskriptiv skildring av klasseposisjonane | N (55) | N (60) |
|---|--------------------|--|--------|--------|
| 1 | Serviceklasse | Profesjonelle på høgare nivå (tilsett/sjølvtendig), funksjonærar på høgare nivå (offentleg og privat sektor), leiarar av bedrifter med 25 eller fleire tilsette, eigarar av bedrifter med 25 eller fleire tilsette, profesjonelle på lågare nivå og teknikarar på høgare nivå, funksjonærar på lågare nivå, leiarar av bedrifter med færre enn 25 tilsette, leiarar av ikkje-manuelle tilsette | 921 | 676 |
| 2 | Rutinefunksjonær | Kontorpersonale på dei lågaste nivåa, salspersonell, personell i servicenæringane på dei lågaste nivå | 837 | 723 |
| 3 | Bonde | Bønder, fiskarar, tilsette i primærnæringane | 180 | 170 |
| 4 | Faglærte arbeidar | Faglærte arbeidarar | 421 | 424 |
| 5 | Ufaglærte arbeidar | Ufaglærte/delvis-ufaglærte-arbeidarar | 480 | 420 |

3.2.2 Uavhengige variablar

Dei uavhengige variablane i analysemodellane er barnets sosiale og geografiske bakgrunn gitt i *fars høgaste utdanningsnivå* i 1970 og *fars klasse* i 1970, respondentens *fødekommune* og *geografiske mobilitet* samt *respondentens høgaste utdanningsnivå* og *kjønn*. Som nemnd vert ikkje operasjonaliseringa av variablane geografisk mobilitet og respondentens høgaste utdanningsnivå skildra ytterlegare enn det som er gjort i 2.1.1 og 2.1.2. For å sikre seg mot brot i forutsetnadene for logistiske regresjon nyttar ein også her dummykoding av variablane.⁶⁴ Geografisk mobilitet eller *flytta* er allereie dikotom med verdiane *flytta* og *ikkje-flytta*, og vil ikkje behøve omkoding, medan respondentens og fars høgaste utdanningsnivå, samt fars klasse er delt opp i fleire variablar for å tilpassast den logistiske modellen.

Sosial bakgrunn

Når det kjem til sosial bakgrunn har eg vald å ta utgangspunkt i *fars høgaste utdanningsnivå* og *fars klasse*. Årsaka til dette kan i stor grad tilsiktast mangefulle opplysningar for mors høgaste utdanningsnivå og yrke i datamaterialet. Det har vore praksis i mobilitetsstudiar som tek utgangspunkt i datamateriale frå den gitte tidsperioden å ta utgangspunkt i fars sosial posisjon, som eit resultat vil litteraturen og dei ulike klasseskjemaa vere utvikla for å kunne skildre *menns*

⁶⁴ Dette har også ein anna praktisk årsak når ein definerer variablane som uavhengige heller enn avhengige, då omkodinga til sett av dummyvariablar fungerer som ein måte å sikre analysemodellens tilpassing til den logistiske modellen i høve til å unngå avvik i den empiriske regresjonskurven (Skog 2004: 385-390).

klasseposisjonar og med dette vil ein ukritisk bruk av dei same rammene for å studere kvinners mobilitet kunne vere problematisk (Hjellbrekke & Korsnes 2012: 135, Hansen 1999: 180, Birkelund 2002). Eg vel imidlertid å inkludere døtre i analysen, primært då dette er av fagleg interesse med høve til tidsperiodens samfunnsmessige utvikling, samstundes som informasjonen om barnegenerasjonen i datamaterialet er langt meir utfyllande enn for mødre- og bestemødre-generasjonen (sjå t.d Hansen 1999: 180). For å måle fars utdanningsnivå og sosiale klasse vert variabelen som inneheld opplysingar om fars høgaste utdanningsnivå i 1970 og fars yrke i 1970 nytta. Målepunktet 1970 er vald då dette gir at sonen eller dottera i analysen har ein alder på høvesvis 10 og 15 år, borna vil då med stort sannsyn vere busett hos foreldra (sjå t.d Hjellbrekke 2007).⁶⁵

Fars høgaste utdanningsnivå

Denne variabelen er operasjonalisert på same måte som for barnets høgaste utdanningsnivå, med verdien *høgare utdanning* som referansekategori. Det vurderast som særleg interessant å studere tilgangen til høgare utdanning, og samstundes undersøkje korleis sjansane for å ta høgare utdanning versus lågare utdanningar for respondentar når fars utdanningsnivå er høgare utdanning versus utdanning på grunnskule- og vidaregåande utdanningsnivå.

Fars sosiale klasse

Variabelen *fars klasse* er operasjonalisert på same måte som for barnets sosiale klasse, der verdien *ufaglærte arbeidrar* er sett som referansekategori. Dette er sett som referanseverdi då det vil vere eit naturleg å bruke den lågaste EGP-klassen som referansepunkt og grunnlag for samanlikning med dei andre hierarkisk høgare plasserte EGP-klassene av årsakar knytt til blant anna utdannings- og ressursnivå. Eit sentralt spørsmål i oppgåva er i kva grad vi kan avdekke mønster i intergenerasjonell reproduksjon av sosial ulikskap og i sosial mobilitet, og i kva grad geografisk mobilitet er betinga av sosial bakgrunn. Fars klasse vert i dette høve nytta for å avdekke eventuelle skiljelinje i dei sosiale og geografiske strukturane i vårt utval.

Geografisk opphav

Utvalet som er gitt i datasettet er basert på observasjonar der respondenten bur i Vestlandet per

⁶⁵ Vi har ikkje inkludert informasjon om fars alder ved målepunktet, det kan med dette tenkjast å vere interne skilnader i høve til kvar far finn seg i klassestrukturen som kan tilskrivast aldersvariabelen (sjå t.d Hjellbrekke & Korsnes 2012: 72).

1998. Altså er flyttingane gjort bakover i tid, og alle respondentane vi skildrar den geografiske mobiliteten til i den føreliggjande studien vil vere busette og fødde i Vestlandsregionen. Dei som eventuelt er fødd i Vestlandsregionen, men som har flytta ut av regionen før den siste oppdaterte versjonen av Generasjonsdatabasen i 1998 vil heller ikkje på noko tidspunkt vere inkluderte i analysen. Dette vert gjort av årsakar knytt til den geografisk avgrensinga og formålet med analysen.⁶⁶

Kommunevariabelen er omkoda og gjort om til ein kategorisk variabel med sju kategoriar basert på Svein Longvas *Standard for kommuneklassifisering* frå 1994. Denne standarden delar Noregs kommunar inn i sju ulike klassar basert på kommunanes grad av sentralitet, samansetnad av næringar og busetnadstettleik. Graden av og eigenskapane ved desse faktorane er gitt ved ulike grunnkodar, som legg grunnlaget for den vidare hovudinndelinga av kommunane inn i dei ulike klassane. Dei sju klassane inneheld kommunar karakteriserte som: (1) *primærnæringskommunar* (N=468/442), (2) *blanda landbruks- og industrikommunar* (N=491/384), (3) *industrikommunar* (N=1188/1109), (4) *mindre sentrale, blanda tenesteytings- og industrikommunar* (N=607/547), (5) *sentrale, blanda tenesteytings- og industrikommunar* (N=849/811), (6) *mindre sentrale tenesteytingskommunar* (N=728/756) og (7) *sentrale tenesteytingskommunar* (N=2327/2336).⁶⁷ Dette vart gjort av praktiske årsakar med omsyn til gjennomføringa av analysen, då spesielt med omsyn til å evaluere flyttemønster på ein meir oversynleg og hensiktsmessig måte, men òg av tidlegare nemnde årsakar knytt direkte til datasettet med omsyn til å redusere risikoen for identifikasjon av enkeltindivid i datasettet. Eit svakt punkt ved ein slik operasjonisering av geografisk opphav er at vi tek eit atterhald om at respondenten har vorte buande i fødekommunen. Modellen tek visseleg ikkje omsyn til at det er ein mogelegheit for at ein har tilbragt barndommen ein anna stad enn det som oppførast som geografisk opphav.

Eg vil referere til kommunekategoriene etter hovudnæring og sentralitet, gitt det teoretiske rammeverket og formuleringa av studiens problemstillingar framstår ei slik tilnærming som den mest adekvate for å kunne gje relevante substansielle drøftingar av samanhengane i modellene. Går vi kommuneklassifiseringa (Longva 1994) etter i saumane og studerar dei relevante kommunane i vårt utval ser vi at primærnæringskommunane i all hovudsak består av lite sentrale til svært lite sentrale kommunar, den eine kommunen som har høgt sentralitetsnivå har tiggjengjeld ein befolkningstettnad på beskjedne 10-19,9%. Dei blanda landbrukskommunane har eit noko variert

⁶⁶ Denne informasjonen er gitt frå NSD.

⁶⁷ N=55-kohorten/60-kohorten.

sentralitetsnivå, men også her er dei alle kommunane spreitt- og lågt befolka, forutan om kommunane Klepp og Hå i Rogaland (sjå Longva 1994). Med bakgrunn i dette vil begge kommunekategoriene refererast til som *bygdesamfunn* i analysane. Når det kjem til dei mindre sentrale, blanda tenesteytande og industrikommunane, er sentralitetsnivået og befolkningstettnaden gjennomgåande noko høgare enn for dei to føregåande. Desse kommunane vil med dette også definerast som bygdesamfunn og mindre sentrale, men dei to fyrstnemnde vil vere karakterisert som dei *minst* sentrale kommunane.⁶⁸

Denne variabelen vert omgjort til eit sett av dikotome dummyvariablar, der *sentrale tenesteytande kommunar* er sett som referansekategori (Skog 2004: 385-390). Referanseverdien er vald av omsyn til det teoretiske rammeverket og ein forventta skilnad i sosial og geografiske mobilitetsmønstre mellom byane og dei mindre sentrale strøka.

Kjønn

Kjønn er ein forklaringsvariabel som vil vere naturleg i analysar av både sosial og geografisk mobilitet då vi veit at det er skilnader i rørslemønstera ein observerer hos menn og kvinner (sjå t.d Sørli 2003). Det at kvinner i større grad flyttar frå utkantsstrøk enn kva menn gjer, noko som er med å skape eit overskot av menn i fleire mindre sentrale kommunar i Noreg har over lenger tid vore ein sentral problemstilling i norsk regionalforskning, og kvinners migrasjonsmønstre har med dette vore eit hyppig diskutert tema i den geopolitiske diskursen (sjå t.d Rye 2003: 3). Då dette er eit emne som er relativt godt dekkja, vil eg av plassomsyn ikkje problematisere kjønn utover det som fell naturleg med omsyn til den *sosiale mobiliteten* og endringar i kjønnsstrukturen i utdanning og arbeidsmarknaden i det aktuelle tidsrommet. Samstundes vil det vere interessant å undersøkje i kva sosial bakgrunn kan ha ulik effekt for menn og kvinner. Kjønn har elles status som kontrollvariabel i regresjonsanalysen, dette for å kunne utelukka at dei tilsynelatande kausale samanhengane ein observerer ikkje er spuriøse og skuldast ein tredjevariabel utelatt frå analysen.

⁶⁸ Kommunetype 1+2+4+6 vert referert til som mindre sentrale hos Longva, men då kategorien *mindre sentrale tenesteytande kommunar* (6) består av kommunane Molde, Ålesund, Kristansund og Førde vil eg hovudsakleg referere til 1+2 (+4) som dei minst sentrale kommunane. Førde skil seg noko ut i høve til dei andre kommunane, som ein lite sentral kommune, men med ein busetnadstettleik på mellom 60-69,9%, slik at denne definisjonen har enkelte atterhald (sjå Thornæs 2013 og Longva 1994). Av litteratur som på den andre sida underbyggjer ein slik definisjon også av Førde er Båtevik (2000: 16) skildringar av Førde- og Florøregionen som *bygdebyar*. Dei *sentrale tenesteytande kommunane* og dei *sentrale blanda tenesteytande- og industrikommunane* vil fylgjeleg omtalast som dei *mest* sentrale kommunane.

Kjønnsvariabelen vert koda med verdiane 1 og 0, der kvinne =1, og mann = 0, menn vert med dette referansekategori, og den nye variabelen får namnet *kvinne*.⁶⁹

3.3 Analysemetode

Oppgåvas overordna forskings spørsmål som er formulert i form av tre sett med problemstillingar for oppgåvas tre analysemodellar let seg best undersøkje ved hjelp av kvantitativ metode. Av dette vil eg presentere dei analytiske metodane som er vurdert mest formålstenleg for denne studien; krysstabellanalyse og binær- og multinomisk logistisk regresjonsanalyse.

3.3.1 Binomisk- og multinomisk logistisk regresjon

Ein av fordelane med regresjonsanalyse er at vi kan kontrollere for andre faktorer som påverkar både den uavhengige variabelen vi er interessert i og avhengig variabel ved å skilje mellom direkte og indirekte effektar i vår analysemodell OGED. Metoden gir oss også høve til å skildre dei relative betydninga av ulike forklaringsvariablar, *kontrollvariabelmetoden* kan også gje detaljerte skildringar av under kva omstendigheter fenomen opptrer saman ved at ein inkluderer variablar i modellen for å teste om effekten kan tilskrivas *kontrollvariabelen* eller den variabelen vi er mest interessert i å skildre (Skog 2004: 214, Ringdal 2007).

Den logistisk regresjonsmodellen nyttast når det vi ynskjer å måle er gitt som kvalitative framfor kvantitative mål, våre avhengige variablar *høgaste utdanningsnivå, klasse og geografisk mobilitet* har kvalitative eigenskapar og den logistiske modellen framstår føremålstenleg. Metoden skiljer seg frå lineær regresjon ved at dei logistiske regresjonskoeffisientane vert berekna i høve til *Maximum Likelihood* og ikkje ved *minste kvadraters metode*. Der utrekninga i lineær regresjon er basert på å minimere den gjennomsnittlege feilprediksjonen er denne metoden basert på å maksimere sannsynet for at observerte x- og y-verdiar opptrer saman (Eikemo & Clausen 2012: 115). Då den avhengige variabelen i logistiske modellar berre har verdiane 1 og 0, vil også prosedyrene skilje seg frå dei av vanleg lineær regresjon (OLS), dei predikerte y-verdiane tolkast som sannsyn og regresjonskoeffisientane tolkast som effektar av x-variablane på sannsynet (P) for at Y er lik 1:

$$P = (Y=1)$$

⁶⁹ Denne variabelen er allereie naturleg dikotom, men når ein kodar om til 0 og 1 (som her frå 1 og 2) vert parameterestimata enklare å tolke, og ein kan sei om noko er tilstade eller ikkje på ein meir intuitiv måte (Skog 2004: 313, 400).

Av den grunn kan ikkje OLS nyttast fordi denne metoden kan predikere verdiar over 1 eller under 0, om variabelen er dikotom vil ikkje dette gje substansiell meining. Løysinga på dette i den logistiske regresjonsmodellen er å transformere dei predikerte sannsyna til verdiar som kun varierer mellom 1 og 0, *den logistiske transformasjonen*, på denne måten unngår ein å bryte med dei statistiske forutsetnadane for regresjonsanalysar (sjå t.d Skog 2004 og Ringdal 2007).⁷⁰

Regresjonskoeffisientane i våre modellar vil med dette vere gitt i *logits*, som er eit noko abstrakt mål på samanhengen mellom avhengig og uavhengig variabel. Denne angir predikert logit når vi har ein verdieinings endring i x når dei andre variablane haldast konstante, og den einaste informasjonen vi får er om samanhengen er negativ eller positiv. Tolkinga skjer difor oftast gjennom to skalaer: odds eller sannsyn. Tolkinga i denne oppgåva vil skje gjennom *antilogaritmen* til oddsen - *oddsratioet* (oddsratio $\text{Exp}(B)$): $OR = \varphi_1/\varphi_2$

Dette målet inneheld meir informasjon enn logiten og angir skilnaden mellom to odds. Denne skalaen kan framstå som meir intuitiv, då det vi eigentleg får av oddsratioet er ein prosentvis endring i odds mellom forskjellige verdiar på avhengig variabel.⁷¹ I ein regresjonsmodell finn ein at om koeffisientens oddsratio er under 1 er oddsen for å ha eigenskapen samanlikna med å ikkje ha eigenskapen *mindre* hos referansekategorien, er den over 1 er oddsen *større* (Eikemo & Clausen 2012: 115-128).

Den *binomiske regresjonsmodellen* nyttast når den avhengige variabelen berre har to verdiar, her gjeld dette for den avhengige variabelen *geografisk mobilitet* i kapittel 4. I vårt høve nyttar vi den varianten av denne modellen som kallast *multippel binomisk regresjon* då vår binære modell (OG^1EG^2) inneheld meir enn ein uavhengig variabel. Har den avhengige variabelen meir enn to verdiar slik som i analysemodellane i kapittel 5 OG-E og i kapittel 6 OGE-D som har høvesvis *høgaste utdanningsnivå* og *klasse* som avhengige variablar må *multinomisk regresjon* nyttast. Denne metoden nyttast når vi har kategorivariablar på nominalnivå, altså når verdiane ikkje kan rangerast. Den multinomiske varianten byggjer på dei same grunnprinsippa som for logistisk regresjon med ein dikotom variabel, men her må den avhengige variabelen deles opp i fleire variablar som kun har to verdiar, altså dikotome variablar. Ein vel då ein referansekategori, eller

⁷⁰ Dette gjerast ved å fyrst gjere om *sannsynet* (eit predikert estimat av proposjonen i populasjonen som *har* og *ikkje har* eigenskapen) til *odds*, og vidare gjennom å ta den *naturlege logaritmen* (\ln) av *oddsen* (for at $Y=1$).⁷⁰⁷⁰ Den avhengige variabelen i logistisk regresjon kallast med dette *logiten* (L), og samanhengen kan typisk skildrast med ein S-forma kurve heller enn ein rett linje som i OLS (Skog 2004: 354) (Clausen & Eikemo 2012: 116-117): $L = \ln [P/(1-P)] = \ln \varphi$.

⁷¹ Den prosentvise endringa finn vi ved: $100 \times (OR-1)$.

verdi, på den avhengige variabelen som alle dei andre kategoriane vil samanliknast med i regresjonsmodellen. Denne verdien bør vere av teoretiske interesse å samanlikne med, då oddsratioet visar sjansen for å hamne i gitt kategori versus med referansekategorien (Eikemo & Clausen 2012: 179-183).

3.3.2 Krysstabellar

Krysstabellar i form av såkalla *mobilitetstabellar* er ein svært vanleg analysemetode i studiar av sosial mobilitet (Ringdal 2007: 272, Hjellbrekke & Korsnes 2012: 67). Ved bruk av eindimensjonale mobilitetstabellar får vi høve til å studere sosiale strukturar ved to ulike høve, og ut i frå dette studere mønstre i den sosiale mobiliteten. Dette gjer ein vanlegvis ved å studere *innflyts-* eller *utflytsprosentane*, flyten inn i eller ut av ein gitt kategori. Slike tabellar kan også gjerast fleirdimensjonale ved inkludere fleire variablar, og med dette gi høvet til å undersøkje om samanhengane vi ser er generelle eller om dei avhenger av ein tredje variabel (Ringdal 2007: 271, 289). Krysstabellens testobservator er *kjikkvadratet* (Chi-Square), denne byggjer på graden av avvik mellom teoretiske og observerte data, og konklusjonen om å forkaste nullhypotesen gis ved å samanlikne kjikkvadratets *signifikanssannsyn* med det valde *signifikansnivået*.⁷² Vidare kan vi studere enkeltsamanhengar i tabellen ved å rekne ut lokale *odds* og *oddsratar*, samstundes som vi får høve til å studere korleis dei strukturelle endringane i form av reduksjon eller auke i gitte posisjonar med utgangspunkt i tabellens *marginalfordeling*. Slike modellar gir også høve til å studere den gjennomsnittlege mobiliteten, den *totale mobiliteten*, for gitte grupper (Hjellbrekke & Korsnes 2012: 67-77). I analysane vil vi rapportere utvalsstorleik og kjikkvadratet med signifikansnivå markert med stjernar.⁷³

3.4 Statistisk utryggleik og statistiske testar i logistisk regresjon

For at vi kan stole på at ein regresjonsanalyse gir riktige resultat er det enkelte føresetnader som må oppfyllest. For logistisk regresjon er dei viktigaste føresetnadane at samanhengen mellom variablane har riktig funksjonell form, at dei enkelte observasjonane er uavhengige av kvarandre, altså at restleddsvariasjonen er uavhengig av kvarandre, og at dei uavhengige variablane ikkje er korrelert med kvarandre, altså at det ikkje skal finnast bakanforliggande variablar i analysen som er årsak til både avhengig variabel og samstundes er korrelert med ein annan uavhengig variabel (Skog 2004: 379-397, Eikemo & Clausen 2012: 145).

⁷² *Signifikanssannsynet* (p) finn vi ved å studere *kjikkvadratfordelinga*, som baserer seg på modellens *fridomsgradar* (df).

⁷³ * =10%-nivå, **=5%-nivå, ***= 1%-nivå.

3.4.1 Føresetnadar for logistisk regresjonsanalyse

For binomisk logistisk regresjon kan ein teste for avvik frå regresjonslinjas funksjonelle form ved nytte *Hosmer-Lemeshow*-testen. Å kontrollere for ikkje-linearitet i multinomisk logistisk regresjon krevjer ein noko meir innvikla utrekningsprosess (Skog 2004: 380-385, Eikemo & Clausen 2012: 163-165). Har ein imidlertid dei uavhengige variablane representert som dummyvariablar vil ikkje problem knytt til føresetnaden om linearitet i regresjonskurva oppstå då dummyvariablar ikkje føreset regularitet i endringane mellom uavhengig og avhengig variabel og kan brukast uansett kva kurveform ein står ovanfor (Skog 2004: 388-390).

I logistisk regresjon må ein i tillegg teste for multikolaritet, innflytingsrike einingar og diskriminering (sjå Eikemo & Clausen 2012: 157-200). For å kontrollere multikolaritet vert det statistiske målet *tolerance* nytta som statistisk test når ein køyrer analysene i SPSS, våre testar visar at toleranseverdiane ikkje indikerer multikolaritet i modellane (Eikemo & Clausen 2012: 157-160, Skog 2004: 411). Når det kjem til føresetnaden om fravær av innverknadsrike einingar i modellen snakkar vi om fråværet av einingar som avviker frå det generelle mønsteret i regresjonsanalysen (sjå Skog 2004: 343, Eikemo & Clausen 2012: 165-173). Dette testar vi for ved å måle innverknad ved tre ulike mål: Leverage, DfBetas og Cook's D. Våre testar syner at det finnast enkelte tilfelle av innverknadsrike einingar i modellane.⁷⁴ Vidare testar av dette synar imidlertid at innverknadsrike einingar ikkje utgjer eit substansielt problem i studiens analysemodellar.⁷⁵ Diskrimineringsproblem kan oppstå i det vi har variablar med få observasjonar på enkelte verdiar i modellen, dette kan føre til problem med utrekning av odds og logit som kan føre til at koeffisientar, standardfeil og p-verdiar, samt odds-ratioer, vert mistenkjeleg høge. Har ein eit slikt problem vil samanslåing av kategoriar (verdiar) sannsynlegvis vere løysinga (Eikemo & Clausen 2012: 160-162). I vårt tilfelle har vi fleire variablar som har vorte koda om for å unngå diskrimineringsproblem. Her har eg gjennomført samanslåing av verdiar, eller som i tilfellet med klasse fjerning av enkelte kategoriar, for variablane fars og respondentens klasse, samt fars og respondentens utdanning for å unngå svært ujamne fordelingar på avhengig variabel og kategoriar med låge frekvensar (t.d Hjellbrekke 2007: 290).

⁷⁴ Her reknar ein ut grenseverdiar for dei ulike måla og vurderer eininganes verdiar i samband med desse grenseverdiane.

⁷⁵ For å teste om dette utgjer eit problem for utrekning av regresjonsresultat i modellene er dei aktuelle einingane filtrert ut ved bruk av ein syntaks som skil ut einingar som overstig absolutte verdiar (DfBetas) og Hamiltons (1991, i Eikemo & Clausen 2012: 171) grenseverdiar frå analysen, deretter køyrast analysemodellen om att utan desse verdiane. Samanliknar vi B-koeffisientene, standardfeil og determinasjonskoeffisienten frå denne modellen med den originale modellen, ser vi at det *ikkje* betrar modellens forklaringskraft, og at koeffisientar og standardfeil ikkje er endra i vesentleg grad med å fjerne dei innverknadsrike einingane (Eikemo & Clausen 2012: 165-173).

3.4.2 Signifikanstesting ved utvalsmålingar versus populasjonsmålingar

Som tidlegare nemnd kan det oppstå utfordringar når opplysningane ein har er basert på utvalsmålingar heller ein populasjonsmålingar. Ein kan oppleve at det oppstår problemstillingar knytt til statistiske feilmarginar, og med modellens tilpasning til data. Sistnemnde mål består av observasjonar av ein heil populasjon og data som med dette ikkje vil krevje den same hypotesetestinga for å kunne statistisk generalisere om samanhengar. Ein kan sei at ein får korrelasjonskoeffisienter som populasjonsparameter heller enn parameterestimater, der sistnemnde må signifikanstestast for at statistisk generalisering kan vere aktuelt (Midtbø 2009: 57, Skog 2004: 121). Opplysningane for respondentens klasse i 1990 gjort basert på utvalsmålingar og dette er hovudsakleg ei problemstilling relevant for analysemodell OGE-D då dette er den einaste modellen der denne variabelen inngår.⁷⁶ Utvalsmålingar kan gje større statistisk utryggleik, og vi må ta større omsyn til statistisk signifikans i tolkingsprosessen for å kunne konkludere med at samanhengane vi finn i utvalet også er gjeldande i populasjonen. Vi bør imidlertid vere noko forsiktig med å antyde at signifikanstesting av koeffisienter og variablar er irrelevant når det kjem til populasjonsdata. Statistisk testing av observasjonane kan vere av betydning for å kunne skilje mellom faktiske mønster og slumpvariasjon, då dette teoretisk sett kan forekome i populasjonsutval så vel som i andre utval, som skildra i sannsynsteorien (Skog 2004: 113-121, Fekjær 2011). Vurderinga som er gjort i denne studien er at omsynet til dei statistiske signifikanstestane av parameterestimata i modellene som har variablar som er basert på opplysningar frå populasjonsmålingar vert mindre relevante.⁷⁷ Formålet er å sei noko om det faktisk utvalet, basert på geografisk tilhøyring og fødekohort, av den aktuelle populasjonsmålinga og med dette kan vi anta at skilnadane mellom gruppande som oppgis er *reelle* (sjå t.d Christophersen 2011).⁷⁸ Variabelen og koeffisientens signifikans vil imidlertid oppgis, slik at vurderingar av dei enkelte samanhengane kan føreliggje.⁷⁹ Hovudfokuset vil då vere på å attgje parameterestimatas storleik og retning, samt standardfeil.

⁷⁶ Dette går fram av eit frekvensoversyn over dei ulike målingane (sjå Kiberg & Wikholm 1997).

⁷⁷ Ringdal (2007: 342) skriv blant anna dette om statistisk testing: *Hensikten er å teste statistiske hypotesar om ein variabels populasjonsgjennomsnitt, på grunnlag av utvalgsgjennomsnittet.*

⁷⁸ Det å fokusere for mykje på signifikanstestar er også sagt å ta fokuset vekk frå potensielt sentrale resultat og skilnader i modellen, og i enkelte tilfelle risikerer å gjere ein type II feil (sjå Skog 2004: 207 og Ziliak & McCloskey 2008).

⁷⁹ Om det oppstår samanhengar som avvik i oppsiktsvekkande retning frå anna forskning eller det som er forventa ut i frå tidlegare forskning er det grunn til å vurdere om samanhengane kan vere eit resultat av slumpvariasjon, og med dette ta omsyn til signifikanstestane i større grad. Det komparative designet for den føreliggjande studien gjer også det kan tenkjast at vi lettare kan avdekke openbar slumpvariasjon i analysane, ved at vi samanliknar to fødselskohortar. Sjå t.d Fekjærs (2011) diskusjon kring signifikanstesting av regresjonsdata.

Når det kjem til modell OGED vil eg imidlertid fokusere på signifikante enkeltvariablar som i logistisk regresjon er basert på resultatane av ein *Likelihood Ratio Test* (LR).⁸⁰ -2LL kan også nyttast til å skildre kor godt regresjonsmodellen skildrar datasettet og med dette også å samanlikne ulike modellar.⁸¹ Dette vil vere det føretrekte målet på modellens forklaringskraft, men også Cox og Snell og Nagelkerke er mål nytta for å skildre forklart varians, desse måla er imidlertid sagt å vere lite intuitive eller pålitelege i tolkingsprosessen, endringar i måla kan likevel vere verd å merkje seg (Skog 2004: 419, Eikemo & Clausen 2012: 120).⁸²

3.4.3 Stabilitetsproblem i store logistiske regresjonsmodellar

Eit mindre utval inneber færre observasjonar, noko som potensielt kan avgrense analysemodellen og føre til stabilitetsproblem. Spesielt gjer dette seg gjeldande i multinomisk logistisk regresjon der det ofte kan oppstå situasjonar der vi har høg forekomst av nullfrekvensar i fleire av underpopulasjonane (Fridstrøm 1980: 70). I store modellar vil dette kunne føre til eit høgt tal underpopulasjonar, der talet kombinasjonar av verdiar på dei uavhengige variablane kan verte svært høgt, og med dette utelatar dei individa i utvalet som manglar i formasjon på minst ein av variablane i modellen. Er det få observasjonar på enkelte av desse verdiane vil ein fylgjeleg få større problem med nullfrekvensar (Eikemo & Clausen 2012: 186-187). Den enklaste løysinga på dette er å slå saman verdiar med få observasjonar. Det vil imidlertid vere avgrensa kor langt det er forsvarleg å gå i høve til å slå saman variabelverdiar, om ein ukritisk slår saman verdiar vil ein miste mykje informasjon og variablane vil ikkje lenger vere adekvate til å produsere interessante eller relevante resultat (Eikemo & Clausen, 2012: 186-187). I vårt tilfellet vart løysinga ein kombinasjon av samanslåing av verdiar basert på kva som var formålsteneleg i høve til problemstillingane, kva kategoriar som har vorte nytta i tidlegare forskning på området og kva som kunne teoretisk og etisk forsvarast (Hjellbrekke 2007: 290, Eikemo & Clausen 2012).⁸³ I tillegg valde eg å teste modellens evnar til å halde seg stabil ved å omdefinere modellen gjennom å tilføre eller fjerne variablar, samt gjere omkodningar av variablar, for så å vurdere om eventuelle endringar

⁸⁰ Ein kan også teste koeffisientane ved bruk av Wald-testen, sjå Skog (2004: 373-377).

⁸¹ Denne testen er kjikvadratfordelt under nullhypotesen og testar om endringane i *log likelihood* (-2LL) er signifikante som fylgje av å inkludere variabelen i modellen (Skog 2004: 374-375, 378). Er testobservatoren signifikant kan vi fylgjeleg forkaste nullhypotesen om ingen samanheng mellom avhengig og minst ein av dei uavhengige variablane i modellen (Eikemo & Clausen 2012: 188-189, Skog 2004: 368, 418-419).

⁸² I den binomiske logistiske regresjonsanalysen er LR-testen nytta på same måte som med ein F-test i ordinær regresjon (OLS), altså for å kunne sjå om ein blokk med uavhengige variablar gir ein signifikant betring av modellens tilpassing til data. Dette vil med dette vere det føretrekte målet for å studere modellens forklaringskraft i modell OG₁EG₂.

⁸³ For skildringar av validitetsproblem med omsyn til samanslåing av kategoriar i regresjonsanalyse sjå Skog (2004: kap. 4).

i koeffisientar og standardfeil var substansielle. Endringane eg fann var små, og det var heller ingen uventa eller mønsterbrytande endringar i koeffisientverdiane eller i standardfeil. Dette tyda eg på ein slik måte at modellen er robust nok til at eit relativt høg tal nullfrekvensar i cellene ikkje destabiliserer modellen, sjølv om vi ikkje lenger kan rekne med valide goodness-of-fit testar på modellen (sjå t.d Eikemo & Clausen 2012: 186-187).⁸⁴

⁸⁴ Goodness-of-fit testast ved kji-kvadrat-testen og er nytta for å undersøkje om ein observert utvalsfordeling stemmer overeins med ein teoretisk forventa fordeling, sjå Skog (2004: 193-196).

4 Geografisk mobilitet

I dette kapitlet skal flytتهandlinga undersøkjast, nærare bestemt respondenten sine sjansar for å vere geografisk mobil. Korleis er sjansen for å vere mobil fordelt på ulike sosiale grupper og geografiske kontekstar? Kan vi identifisere ulike flyttemønstre etter sosial bakgrunn? Finn vi at sjansane for å vere for å geografisk mobil er ulikt fordelt i utvalet vil hypotesen om eit universalistisk og liberalt samfunn der sjansar er likt fordelt gjennom befolkninga på tvers av geografiske og sosiale skiljeliner, svekkast. Det er imidlertid eit ope spørsmål i kva omfang vi vil finne varierende sjansar for mobilitet og kor sterk denne samanhengen er langs det geografiske spekteret - finn vi eit uniformt mønster for samanhengen mellom sosial bakgrunn og respondentens geografiske mobilitet eller vil vi finne ulike strukturar på tvers av dei geografiske kontekstane for respondentanes oppvekst?⁸⁵

Problemstillingane som er formulert for dette kapitlet er som fylgjar:

- 1. Er flytتهandlinga klassestrukturert og korleis fordelar sjansane for å vere geografisk mobil seg på dei ulike sosiale gruppene?*
- 2. Er respondentars evne til geografisk mobilitet, uansett geografisk opphav og sosial bakgrunn, assosiert med høgare utdanningsposisjonar samanlikna med geografisk immobile respondentar?*
- 3. Er det skilnader mellom dei ulike geografiske kontekstane for korleis den geografiske mobiliteten til respondenten er strukturert? Og kva kommunetypar har størst grad av geografisk mobilitet?*

4.1 Analysen

Analysane i dette kapitlet er forma for å kunne studere effektane av sosial bakgrunn, geografisk opphav, eigen utdanning og kjønn på respondentens flyttestatus. Modellen har med dette fått namnet OG₁E-G₂, og vi tar sikte på å forklare samanhengane gjennom binær logistisk regresjonsanalyse og gjennom krysstabellar.

Med omsyn dei økonomiske og sosiale omstillingsprosessane i den vestnorske regionen i etterkrigstida, og med bakgrunn i det eksisterande forskingslitteraturen vil vi kunne forvente at den

⁸⁵ For storparten av respondentane vil fødekommunen også vere den geografiske konteksten for respondentens oppvekst og med dette også ein del av det strukturelle rammeverket i primærsosialiseringssprosessen.

geografiske mobiliteten *ut av dei minst sentrale kommunane* vil vere den mest omfattande.⁸⁶ Spørsmålet er likevel om vi avdekke ulike klassestrukturar for migrasjon på tvers av den geografiske dimensjonen, og om sjansane for å vere geografisk mobile heng saman med respondentens utdanningsnivå på ein måte som er konsekvent med det vi har sett frå den føreliggjande litteraturen på området. Med omsyn til Bourdieus (2010 [1984]) teori om habitus vil vi kunne forvente at flyttehandlinga vil vere klassestrukturert, og potensielt prega av respondentens *lokale habitus*. Med utgangspunkt i Goldthorpes (1980, 2000) teori om relativ risikoaversjon og mobilitetsstrategiar kan vi også anta at flyttemønsteret vil kunne relaterast til individets motivasjon om å unngå nedadgåande mobilitet. Tek ein både dei strukturelle endringane og den sosiokulturelle eigenarten hos dei ulike kommunetypane, eller sosiale systema, i betraktning er det også grunn til å forvente at det vil observerast heterogene sosiale strukturar for migrasjon. Finn vi at enkelte sosiale gruppar har høgare sjansar for å vere flytta kan vi også anta at dette er tilfellet. Det er også usikkert korleis den geografiske mobiliteten vil utarte seg utover det vi kan forvente av ut-migrasjonen frå dei minst sentrale områda, og om funna frå dei empiriske analysane vil kunne relaterast til teoriane om strukturelle og kulturelle skiljeliner. I høve til det teoretiske rammeverket og då spesielt med omsyn den liberale hypotesen om sosial, økonomisk og kulturell konvergens vil det også vere av interesse ut frå problemstilling tre å undersøkje kvar ein finn dei *sterkaste* og *svakaste* klasseskilnadane mellom flyttarar og ikkje-flyttarar. Det vil også bli kontrollert for effekten av kjønn, der forventinga er at kvinner i større grad enn menn er geografisk mobile (Sørli 2003: 336).

For å kunne ta stilling til den siste problemstillinga (3) vil samanhengane studerast gjennom krysstabellanalyse. Modellen vil her verte framstilte med to uavhengige variablar, der fars utdanningsnivå og klasse utgjer rekkjevariablane, og der respondentens fødekommune definerer avhengig variabel *geografisk mobilitet* i tabellens kolonne. Ved å differensiere mellom dei ulike geografiske kontekstane vil vi kunne undersøkje kor vidt flyttesjansar fordelar seg ulikt langs dei sosiale bakgrunnsfaktorane for den enkelte kommunetype. Resultata vil framleis vere framstilt i odds og oddsratar.

For å belyse den fyrste og andre problemstillinga vert det nytta regresjonsanalyse til å studere korleis oddsen for å vere flytta fordelar seg på respondentar med ulik sosial og geografisk bakgrunn. På denne måten kan ein også kontrollere for ulike effektar og *reindyrke* den effekten vi er ute etter å studere, for å synleggjere dette blir det nytta ein *fireblokksmodell* der forklaringsvariablane

⁸⁶ Sjå kapittel 1 og 2.

introduserast trinnvis. På denne måten kan ein studere korleis flyttesjansane endrar seg ved å introdusere nye forklaringsvariablar. Den fyrste modellen består av variablane som representerer respondentens sosiale bakgrunn. Deretter introduserast fødekommunevariabelen i modell to for å kontrollere for om dei observerte effektane i modell èin endrast ved å utføre denne handlinga - vert effekten av sosial bakgrunn svakare kan vi anta at noko av den observerte effekten i modell èin kan tilskrivast den geografiske konteksten. I modell tre inkluderast respondentens utdanning, der hypotesen er at høgare utdanna individ i større grad er geografisk mobile. I den siste modellen introduserer vi kjønnsvariabelen for å kontrollere for om dei observerte effektane kan tilskrivast kjønnskilnader og for å kunne seie noko kjønnsstrukturen i sjansar for geografisk mobilitet.

For begge analysene vil vi av pragmatiske årsakar konsentrere oss om den eldste kohorten, respondentar fødd i 1955. Av den grunn vil resultata frå analysene av 1960-kohorten kun diskutert om det har skjedd endringar frå den eldste kohorten fram til den yngste som vurderast som påfallande eller spesielt relevant å undersøkje.⁸⁷

4.2 Binær logistisk regresjon

I tabell 4.1 presenterast resultata frå den binære logistiske regresjonsanalysen av modell OG₁E-G₂.⁸⁸ Då avhengig variabel er binær vi tolkinga vere enklare enn i multinomisk regresjon, vi finn her sjansane for å vere flytta i høve til å ikkje vere flytta for gitt variabel samanlikna med referansekategori. LR-testane er signifikant for samtlege modellar, vi kan frå dette dra slutninga at alle forklaringsvariablane signifikant forbetrar modellens forklaringskraft og at samanhengane er reelle.⁸⁹

Effekten av fars høgaste utdanningsnivå på respondentens geografisk mobilitet

I modell 1 testar vi effekten av fars høgaste utdanningsnivå og fars klasse på respondentens flyttesjansar. Resultata visar at oddsen for å vere flytta er 18,6% høgare for respondentane som har ein far med grunnskule som høgaste utdanningsnivå samanlikna med dei som har ein far med høgare utdanning, denne effekten vert også endå tydelegare for 60-kohorten (26,4%). Når det gjeld effekten av fars utdanningsnivå når verdien er VGS er denne forsvinnande liten når vi samanliknar med respondentar som har ein far med høgare utdanning. Det tydar altså på at det er liten skilnad i

⁸⁷ Det er gjort analysar av 60-kohorten av komparative omsyn, men også for å kontrollere for slumpvariasjon og studere ein eventuell utvikling frå 55-kohorten til 60-kohorten i ein historisk kontekst med omfattande sosial rørsle og strukturell endring.

⁸⁸ Tabell 4.2 presenterast i appendiks A.

⁸⁹ Nagelkerkeverdiane er imidlertid låge, og den uforklarte variansen i modellen ser ut til å vere høg.

desse gruppenes flyttesjansar. Dette funna er ikkje konforme med våre forventingar for korleis respondentens flyttesjansar er strukturert, då dette impliserer at barn med lågt utdanna fedre i større grad er geografisk mobile enn barn av høgt utdanna fedre. Ein mogleg forklaring på dette er knytt til den generelle auka i utdanningsnivået i det aktuelle tidsrommet. Fylgjeleg vil stadig fleire av barna med dei lågast utdanna fedrene, ein gruppe som utgjer storparten av utvalet, også ta vidaregåande opplæring og finne vegen inn i høgare utdanningsinstitusjonar, noko som ofte krev geografisk relokasjon. Det er samstundes vår hypotese at dette resultatet skjular geografisk interne skilnader og mønster, slik at det kan framleis vise seg at barn av høgt utdanna fedre i *rurale* strøk er meir mobile då desse respondentane i større grad er avhengige av geografisk mobilitet for å kunne reprodusere fars utdanningsnivå (sjå Rye 2003).

Effekten av fars klasse på respondentens geografisk mobilitet

Den same tendensen vi observerte for effekten av utdanningsbakgrunn gjer seg til syne når vi studerer effekten av klassebakgrunn på respondentens geografiske mobilitet. Barna med opphav i dei to mest privilegerte klassane, service- og rutinefunksjonærklassen, har i underkant av 10% lågare sjansar for å vere geografisk mobile enn barn av ufaglærte arbeidarar. Samstundes tydar resultatane på at skilnaden mellom flyttesjansane til barn av faglærte arbeidarar ikkje er forskjellige i særleg grad frå dei av ufaglærte arbeidarar, barn frå arbeidarklassebakgrunn ser med andre ord ut til å ha svært liknande flyttesjansar. Det skal seiast at samtlege effektar er relativt svake, og det kan sjå ut til at sosial bakgrunn i form av klasse ikkje er like relevant i høve til å forklare respondentens geografiske mobilitet. Rye (2003) konkluderar i sin studie av rurale ungdommers flyttemønstre med at foreldra sin *inntekt*, som vil vere nært knytt til klassesilhøyring, ikkje ser ut til ha nokon signifikant effekt på barnas flyttekarrierar, men at utdanning på si side er ein svært viktig forklaringsfaktor. Då vi kontrollerer for fedrene utdanningsnivå i vår modell kan det tyde på at vi står ovanfor ein liknande situasjon i vårt utval. Dette vil bli drøfta vidare med utgangspunkt i resultatane frå krysstabellane.

Det kanskje mest oppsiktsvekkande funnet er at bondebarna visar seg å meir tilbøyelege til å vere geografisk mobile enn dei ufaglærte arbeidarane (18,7%). Dette ser også til å vere ein aukande tendens, då barn av bønder i den yngste kohorten har heile 31,5% større sjansar for å vere flytta framfor å vere stasjonære, enn barn av ufaglærte arbeidarar. Som venta vert denne effekten svakare ved at vi i neste blokk kontrollerer for fødekommune, inkluderer vi også respondentens utdanning og kjønn er sjansen for å vere flytta nede i 3,7%, samanlikna med respondentar med fedre i den ufaglærte fraksjonen av arbeidarklassen. Dette skuldast mest sannsynleg at barn av bønder, samt

fiskarar og småbrukarar, i dei sentrale strøka i den gitte historiske konteksten var ein svært mobil gruppe, men at det motsette var tilfelle for bønder frå rurale og spreittbygde strøk (Lindbekk 1983: 62).⁹⁰ Dette må sjåast i samanheng med høve knytt til eigedom og arverett, noko som også kan forklare at effekten søkk ytterlegare ved å kontrollere for kjønn.

Det ser elles ut til å vere ein generell tendens at klasseeffekten vert svakare for samtlege klassar ved å kontrollere for geografisk kontekst. Samstundes minskar sjansen for vere flytta for respondentar som har ein far som har grunnskule som høgaste utdanning, noko som kjem endå tydelegare fram for 60-kohorten, der effekten av fars utdanningsnivå ved grunnskule nærast halverast ved å inkludere respondentens fødekommune i modellen. Dette kan tyde på at det finnast geografiske skilnader i flyttepraksis, og at delar av dei observerte skilnadane som gjer seg synleg i analysemodellen kan tilskrivas betydninga av at respondenten har ulikt geografisk opphav, som vi såg med den endra effekten for bondebarna.

Geografiske variasjonar i flyttesjansar? Effekten av respondentens fødekommune

Analysemodellens forklarte varians aukar ved inkludere *fødekommune* i modell 2, og det er tydeleg at denne variabelen er den som forbetrar forklaringskraften til modellen i størst grad, sjølv om den totale effekten er liten. Det kan altså tyde på at fødekommune er den faktoren som forklarar mest av respondentens flyttevarians. Parameterestimata frå dummysettet av fødekommune indikerer som venta at respondentar med opphav i primærnæringskommunane er den klart mest geografisk mobile gruppa, sjansen for å vere flytta er heile 48% høgare enn for respondentar frå sentrale tenesteytande kommunar.⁹¹ Denne effekten aukar dessutan kraftig fram mot den yngste kohorten, ein mogeleg forklaring på dette kan vere at utflyttinga frå bygdane i Vestlandsregionen aukar i omfang.

⁹⁰ Lindbekk (1983) visar her til flytteprosentar frå tidsperioden 1911 til 1968, tala som vert referert til her er frå 1968, 1950-1968 og 1933-1968.

⁹¹ Vi ser også at flyttesjansane generelt er høgare i dei mindre sentrale kommunekategoriene, det er imidlertid også slik at respondentar frå *mindre sentrale tenesteytande kommunar* har tilnærma like flyttesjansar som respondentar frå dei *blanda landbruks- og industrikommunane*, noko som svekkar påstanden om det opne bygdesamfunnet noko då den fyrstnemnde kategorien, som nemnd i kapittel 3, stort sett består av små, men sentrale bykommunar (Molde, Ålesund, Kristansund, men også Førde).

Tabell 4.1: OGLE-Q²-modell: Binner logistisk regresjonsanalyse med geografisk mobilitet som avhengig variabel. 55-koorten. Parameterstimatør i logits og oddsratio. Ref. avhengig variabel: Ikke-flytta

| Modell | 1 | | | 2 | | | 3 | | | 4 | | |
|---|--------------|------|--------|----------------|------|--------|---------------|------|--------|----------------|------|--------|
| | B | SE | Exp(B) | B | SE | Exp(B) | B | SE | Exp(B) | B | SE | Exp(B) |
| <i>Fars høgaste utdanningsnivå</i> | | | | | | | | | | | | |
| Grunnskule | .170 | .093 | 1.186 | .121 | .095 | 1.128 | .145 | .096 | 1.156 | .155 | .096 | 1.168 |
| VGS | -.009 | .098 | .991 | .011 | .100 | 1.011 | .017 | .100 | 1.018 | .025 | .100 | 1.025 |
| <i>Fars Klasse</i> | | | | | | | | | | | | |
| Serviceklasse | -.100 | .078 | .905 | -.108 | .080 | .898 | -.130 | .081 | .878 | -.128 | .081 | .880 |
| Rutinefunksjonær | -.097 | .099 | .908 | -.116 | .100 | .891 | -.137 | .101 | .872 | -.135 | .101 | .873 |
| Bonde | .172 | .081 | 1.187 | .059 | .084 | 1.061 | .042 | .085 | 1.043 | .037 | .085 | 1.037 |
| Faglært arbeidar | .001 | .065 | 1.001 | -.010 | .066 | .990 | -.024 | .066 | .976 | -.025 | .067 | .975 |
| <i>Respondentens fødekommune</i> | | | | | | | | | | | | |
| Primærnæringskommune | | | | .392*** | .107 | 1.480 | .376*** | .107 | 1.457 | .370*** | .108 | 1.448 |
| Blanda landbruks- og industrikommune | | | | .160 | .103 | 1.174 | .150 | .103 | 1.162 | .151 | .103 | 1.162 |
| Industrikommune | | | | .093 | .073 | 1.098 | .084 | .073 | 1.088 | .081 | .073 | 1.084 |
| Mindre sentral blanda tenesteytande- og industrikommune | | | | .102 | .093 | 1.108 | .084 | .093 | 1.087 | .076 | .093 | 1.078 |
| Sentral blanda tenesteytande- og industrikommune | | | | -.1015*** | .086 | .362 | -.1011*** | .086 | .364 | -.1024*** | .087 | .359 |
| Mindre sentral tenesteytande kommune | | | | .150 | .086 | 1.162 | .149 | .086 | 1.160 | .144 | .086 | 1.155 |
| <i>Respondentens utdanningsnivå</i> | | | | | | | | | | | | |
| Grunnskule | | | | | | | -.245 | .093 | .783 | -.269** | .093 | .764 |
| VGS | | | | | | | -.015 | .070 | .986 | -.036 | .071 | .964 |
| <i>Kvinne</i> | | | | | | | | | | | | |
| Konstant | -.003 | .087 | | .086 | .094 | | .132 | .108 | | .213*** | .050 | 1.237 |
| -2LL (df) | 9173.580 (6) | | | 8952.797 (12) | | | 8942.173 (14) | | | 8924.348 (15) | | |
| -2LL ending | | | | Ending -2LL*** | | | Ending -2LL** | | | Ending -2LL*** | | |
| Nagelkerke R ₂ | .006 | | | .050 | | | -.052 | | | .055 | | |
| N | 13244 | | | 13244 | | | 13244 | | | 13244 | | |

*** $p < 0.001$. ** $p < 0.005$. Ref. Høgare utdanning, Ufaglært arbeidar, Sentrale tenesteytande kommunar.

Den generelle bygd-til-by forskyvinga er med dette sentralt når vi skal forklare denne tendensen, men i fylgje Lindbekk (1983) kan også ein del av forklaringa på den omfattande geografiske mobiliteten i mindre sentrale strøk tilskrivast kulturelle og sosiale faktorar, då mekanismane som førar til ulik flyttepraksis mellom bygdene og byane kan vere både tradisjonsbestemte og sjølvforsterkande prosessar. Vi kan med dette tenkje oss at dette er relatert til respondentenes formasjon av lokale habitus, der lokalt strukturerte disposisjonar i mindre sentrale område førar til sterkare geografisk mobilitet ut frå desse områda. Mindre sentrale (bygde-) samfunn framstår altså som opnare sosiale system samanlikna med bysamfunna fordi respondentar frå desse samfunna har ein sterkare etablert *praksis* for å vere geografisk mobile enn kva som er vanleg for respondentar i sentrale strøk og bysamfunn. Implikasjonane av dette er at innbyggjarane i dei mindre sentrale samfunna etablerer fleire referansepunkt til andre stader og med dette opnare nettverksstrukturar. Dette vil for øvrig ha forskjellige konsekvensar for ulike kommunetypar med omsyn til netto inn- og utflytting, men denne diskusjonen førar ikkje dit.⁹² Samla sett er effektane av fødekommunevariabelen relativt små i OG₁E-G₂-modellen. Det er likevel ein tendens til at respondentar med eit geografisk opphav i dei *minst* sentrale kommunane er dei som har størst sjanse for å vere geografisk mobile. Det er også tydeleg at respondentar frå sentrale blanda tenesteytande- og industrikommunar er ein oppsiktsvekkande immobil gruppe der sjansen for å vere flytta er 63% *lågare* enn for respondentar frå sentrale tenesteytande kommunar. Vi observerer elles at flyttetilbøyelegheita generelt sett er høgare for den yngste kohorten, på tvers av geografisk opphav.

Samanhengen mellom respondentens utdanning og sjansar for geografisk mobilitet

I modell 3 inkluderast variabelen for respondentens utdanning, utan at dette førar til store endringar i modellen. Vi ser imidlertid at effekten av fars utdanning for både grunnskule og VGS-nivå *aukar* ved at vi kontrollerer for effekten av respondentens eigen utdanning, denne auka er imidlertid svært liten.

Det er uansett tydeleg at respondentens utdanning er korrelert med respondentens geografiske mobilitet, og her forteiknar dessutan mønsteret seg som forventa - høgare utdanning gir høgare sjansar for å vere flytta. Respondentar med dei kortaste utdaningsløpa har i underkant av 22% *mindre* sjanse for å vere geografisk mobile samanlikna med respondentar med dei lengste utdanningsløpa i vårt utval. Skilnadane i sjansen for å vere geografisk mobil mellom respondentar

⁹² Lindbekk (1983) finn imidlertid innslaget av geografisk mobilitet i bysamfunnenene ble større i byane enn i herredskommunane også når yrkestilknytning haldes konstant, på tross av at situasjonen tidlegare var den motsette.

med høgare utdanning og VGS er derimot minimal. Det kan med dette tyde på at den utslagsgivande faktoren ligg i utdanning *ut over* den obligatoriske skulegangen. Dette funnet har fleire moglege forklaringar. For det fyrste er det som vi har sett slik at utdanning ofte fell saman med geografisk mobilitet, noko som også heng saman med forklaring nummer to - å unngå fallande mobilitet. Det er imidlertid ikkje slik at denne effekten utelukkande kan tilskrivast den geografiske dimensjonen. La oss sei at vi antar at ungdom frå bygdene i større grad treng å vere geografisk mobile for å kunne tileigne seg kvalifikasjonar gjennom utdanningssystemet, og at dette vil vere eit sterkare ynskje hos barn av middels eller høgt utdanna fedre. Her har vi imidlertid kontrollert for barnets geografiske opphav slik at den observerte skilnaden i flyttetilbøyelegheit mest sannsynleg kan tilskrivast sosiale mekanismar. Vi har også kontrollert for sosial bakgrunn slik at det kan sjå ut til at Cotê (1997) har hatt rett når han hevda at betre utdanna individ er meir mobile. Den låge skilnaden mellom respondentar med VGS og høgare utdanning gjer imidlertid at ein slik slutning vil ha enkelte atterhald.

Det skal nemnast at den ukjende kausaliteten i eit slikt funn utgjer ei utfordring i høve til å tolke koeffisientane. Det er ikkje kjend om flyttinghandlinga inntreffer *før* eller *etter* fullført utdanningsløp, noko som gjer at det er vanskeleg å vurdere om betre utdanna individ har større odds for å vere geografisk mobile eller om utdanning er eit resultat av geografisk mobilitet og med dette at flyttarar oppnår høgare utdanningsposisjonar. Resultata tydar uavhengig av dette på at geografisk mobilitet er assosiert med høgare utdanningsposisjonar.

Kjønnskilnader i geografisk mobilitet

I den siste modellen inkluderast kjønnsfaktoren. Her ser vi som venta at kvinner har høgare flytteodds enn menn, der sjansen for å vere flytta er 23,7% høgare for kvinner enn for menn. Effektane vert svakt sterkare i både negativ og positiv retning for store delar av modellen ved å inkludere kjønnsvariabelen, det er imidlertid ingenting som tydar på at kjønn endrar dei eksisterande effektane i særleg stor grad. Det som er interessant med denne effekten er at det indikerer at kvinner i større grad er geografisk mobile enn menn, uansett geografisk opphav. Vi har tidlegare vorte kjend med det høvet at kvinner i større grad flyttar frå bygdene, dette funnet indikerer at menn i større grad er ein lokalt stadsbunden gruppe også på tvers av geografisk kontekst. Moglege forklaringar på dette er at kvinner i større grad flyttar til mannens heimstad ved familiedanning, og at kvinners yrkesliv i større grad er knytt til offentleg heller enn privat sektor, noko som gjer kvinnene meir *allsidige* i høve til å finne arbeid (Sørli 2003: 336). Det er likevel antatt å skjule seg interne skilnadar langs den geografiske dimensjonen, til dømes er det vist at

kvinner tradisjonelt sett er meir stasjonære i byane enn på bygdene av årsakar knytt til arv og overføring av eigedom (Sørli 2003: 336). Dette har vi imidlertid ikkje høve til å studere nærare i våre modellar.

4.3 Krysstabellar

Her presenterast tabell 4.3 og 4.5 med odds og oddsratar basert på råfrekvensar frå to tredimensjonale krysstabellar av samanhengen mellom respondentens geografiske mobilitet og høvesvis fars høgaste utdanningsnivå og klasse fordelt på respondentens fødekommune.⁹³ Det er også oppgitt prosentdelar for dei enkelte klasse- og utdanningsgruppene etter kommunekategori, samt den totale flytteprosenten for kvar kommune.

Geografisk varians i utdanningsstrukturerte flyttesjansar

Som for resultatane frå regresjonsanalysen i tabell 4.1 tydar også resultatane i tabell 4.3 på store skilnader i total geografisk mobilitet mellom kommunekategoriene. Primærnæringskommunane framstår som den *opnaste* kommunekategorien med ein total flytteodds på 1.780, medan sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunar framstår som den mest *lukka* kommunekategorien med ein total flytteodds på 0.412. Respondentar frå primærnæringskommunane vil med dette ha heile 332% større sjanse for å vere flytta enn kva respondentar frå sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunar vil ha.⁹⁴

Industrikommunane framstår som den kommunekategorien med sterkast klassemotsetnader i sjansane for geografisk mobilitet mellom respondentar med *minst* og *mest* privilegert utdanningsbakgrunn. Barn av fedre med høgare utdanning har nesten fire gonger så høg sjanse for å vere flytta enn om far har grunnskule som høgaste utdanningsnivå i slike kommunar.⁹⁵

Mekanismane bak dette er usikkert, men ein mogleg forklaring på dette kan henge saman med klassesamansetjinga i samfunn som er dominert av den tradisjonelle industrien. Arbeidarklassen vil ofte vere av betydeleg storleik i slike samfunn og om vi ser for oss at desse barna til ein viss grad reproducerer fars klasseposisjon vil også behovet for høgare utdanning vere lågare i denne gruppa, og med dette kan også behovet for geografisk mobilitet vere mindre.

⁹³ Tabell 4.4 og 4.6 for 60-kohorten vert presenterte i appendiks A.

⁹⁴ OR = 4,32.

⁹⁵ Sjå Rudas (1998) for eit oversyn over korleis ein omtalar resultat som ligg føre i form av oddsratios.

Også dei mindre sentrale, tenesteytande- og industrikommunar og dei blanda landbruks- og industrikommunane gir uttrykk for å vere prega av store ulikskapar i flyttesjansar mellom nemnde utdanningsgrupper. For sistnemnde vert imidlertid skilnadane kraftig redusert fram mot den yngste kohorten.⁹⁶ Samstundes er det observerte mønsteret frå den eldste kohorten forsterka fram mot den yngste kohorten, ved at samtlege kommunekategoriar forutanom dei sentrale tenesteytande kommunane framvisar eit mønster der barn av fedre med høg utdanning har høgare odds for å vere flytta.⁹⁷ I dei sentrale tenesteytande kommunane ser ein på den andre sida at barn av fedre med grunnskuleutdanning har langt høgare sjanse for å vere geografisk mobile. Her søkk også sjansen for å vere flytta med aukande utdanningsnivå hos far. Ein forklaring på dette kan vere at vurderinga om å vere geografisk mobil er knytt til mogelegheitsstrukturane i byen. Utdanningstilbodet i dei sentrale kommunane vil ha vore betre, og meir variert, spesielt om vi tek omsyn til at byen Bergen fell innunder den aktuelle kategorien.⁹⁸ Den relative risikoaversjonen for barna som veks opp i dei sentrale strøka av fedre med høgare utdanning kan med andre ord ha vorte følgt av ein stratgi om å vere geografisk immobil (sjå t.d Rye 2003: 10). Dette kan også vere forklaringa på kvifor barn av fedre med det kortaste utdanningsløpet er dei mest mobile i desse kommunane, det vi observerer er altså ikkje at denne gruppa er *meir* mobile enn i dei andre kommunekategoriene, men at den høge immobiliteten til barna av fedre med høgare utdanning gjer at det relative høvet mellom barna av fedre med dei lengste og kortaste utdanningsløpa skil seg ut frå resten.

⁹⁶ OR=2.842 for 55-kohorten mot OR=1.276 for 60-kohorten.

⁹⁷ Vi observerer også for 60-kohorten at skilnadane i flytteodds mellom barn av høgt utdanna fedre og fedre med grunnskuleutdanning aukar kraftig for sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunar, mindre sentrale blanda tenesteytande- og industrikommunar og mindre sentrale tenesteytande kommunar. medan differansen minkar i stor grad for respondentar med opphav i blanda landbruks- og industrikommunar, primærnæringskommunar og industrikommunar samanlikna med 55-kohorten.

⁹⁸ Universitetet i Bergen hadde i 1975 knappe 8 000 studentar (uib.no).

Tabell 4.3: Utrekningar basert på krygstabellar med råfrekvensar og utflyttsprosentar av samanhengen mellom respondentens geografiske mobilitet og fars hogaste utdanningsnivå 1970 fordelt på kommunekategori. 55-kohorten. N=6313. Chi-Square: 20.899***

| | Odds for å vere geografisk mobil etter far sitt utdanningsnivå 1970 for kvar kommunekategori med prosentar for delen i befolkninga med gitt utdanningsnivå | | | | | | | | |
|--|--|--------|--------------|-------|------------------|------|--|-------|--|
| | Grunnskule | % | VGS | % | Høgare utdanning | % | Odds for å vere flytta for heile kommunekategorien | % | OR = $\frac{\text{Høgare utdanning}}{\text{Grunnskule}}$ |
| Primærnæringskommunar | 1.618 | 76,6 % | 2.615 | 21,0% | 1.75 | 2,5% | 1.78 | 64,1% | 1.085 |
| Blanda landbruks- og industrikommunar | 1.407 | 79,6% | 1.289 | 18,3% | 4.00 | 2,1% | 1.411 | 58,5% | 2.842 |
| Industrikommunar | 1.139 | 73,8% | 1.588 | 24,3% | 4.25 | 1,8% | 1.259 | 55,8% | 3.731 |
| Mindre sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunar | 1.209 | 71,1% | 1.456 | 24,2% | 1.70 | 4,7% | 1.284 | 56,2% | 1.406 |
| Sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunar | 0.498 | 54,4% | 0.299 | 40,1% | 0.534 | 5,5% | 0.412 | 29,2% | 1.072 |
| Mindre sentrale, tenesteytande kommunar | 1.534 | 64,6% | 1.115 | 32,2% | 1.444 | 3,2% | 1.379 | 58,0% | 0.941 |
| Sentrale tenesteytande kommunar | 1.374 | 57,4% | 0.931 | 37,4% | 0.583 | 5,2% | 1.135 | 53,2% | 0.424 |
| <i>Totale prosentar</i> | | 65,0% | | 31,0% | | 3,9% | | 47,4% | |

Vidare ser det ut til at primærnæringskommunekategorien rommar dei mest egalitære kommunane. Dette er for øvrig den einaste geografiske konteksten der barn av fedre med VGS har høgaste sjansar for å vere flytta, samstundes har barn av fedre med det kortaste utdanningsløpet dei lågaste mobilitetssjansane. Skilnaden mellom flyttesjansane for respondentar med ein bakgrunn der far har grunnskuleutdanning og der far har høgare utdanning er svært låg i denne kategorien, med eit oddsratio på 1.08. Minst skilnadar mellom topp og botn i utdanningshierarkiet finn vi imidlertid hos dei *mest immobile* respondentane, i dei sentrale blanda tenesteytande- og industrikommunane. Ser vi altså bort frå kommunane som er dominert av primærnærings- og den tenesteytande sektor aukar oddsen for å vere flytta med aukande utdanningsnivå hos far i dei resterande kommunekategoriane. For den yngste kohorten observerast det også ein homogenisering av mobilitetsmønster, samstundes som strukturane forsterkast og manifesterast i gitte klassetilhøve. Gitt dei høva som er presentert i tabell 4.3 har vi grunn til å tru at barn av høgt utdanna fedre generelt sett har større sjansar for å vere geografisk mobile i alle kommunekategoriar sett bort i frå det divergerande mønsteret hos respondentar frå dei mest sentrale kommunane og delvis også i primærnæringskommunane.

Geografisk mobilitet fordelt på klassebakgrunn og geografisk opphav

Dei same tendensene vi observerte ved å studere den geografiske mobiliteten i tabell 4.1 og 4.3 gjer seg til syne når vi differensierer respondentane etter fars klasse i tabell 4.5. Odds for å vere flytta

for respondentar frå primærnæringskommunane er heile 80% større enn for å ikkje vere flytta, og samanliknar vi desse flyttesjansane med den *mest lukka* kommunekategorien, sentrale blanda tenesteytande- og industrikommunar, der sjansen for å vere flytta er 56,1% mindre enn sjansen for å ikkje vere flytta, finn vi at sjansen for å vere flytta er over fire gonger større hos respondentar frå primærnæringskommunar samanlikna med respondentar frå sentrale blanda tenesteytande- og industrikommunar.⁹⁹

Den geografiske mobiliteten i primærnæringskommunane ser også ut til å vere den *minst* klassestrukturerte. Samanliknar vi sannsynet for å vere flytta for respondentar med ein bakgrunn i serviceklassen med respondentar med ein bakgrunn frå den ufaglærte arbeidarklassen får vi at fyrstnemnde gruppe har 4% større sjanse for å vere geografisk mobile, dei klassestrukturerte skilnadene mellom *topp* og *botn* i klassehierarkiet er med andre ord svært beskjedne. Samstundes visar det seg at det relativt høge sannsynet for å vere flytta er jamnt fordelt på dei ulike klassane på mellom 67 til 73 %, sett bort i frå klassen for bønder der sannsynet for å vere flytta er noko lågare ved 58%.¹⁰⁰ På den andre sida teiknar det seg eit bilete av dei sentrale, og tenesteytande, kommunekategoriene som tydar på at respondentar frå desse kommunane har eit langt meir klassestrukturert flyttemønster.¹⁰¹ Flyttesjansane er ujamnt fordelt etter klassebakgrunn og oddsratioet av flyttesjansane til respondentar med serviceklassebakgrunn versus respondentar med bakgrunn frå den ufaglærte arbeidarklassen visar at respondentar frå fyrstnemnde gruppe har langt lågare sjansar for geografisk mobilitet enn det som er tilfellet for respondentar med bakgrunn i klassen for ufaglærte arbeidarar. Det motsette er tilfellet om vi studerer flyttesjansane for respondentar med opphav i dei mindre sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunane, der sjansen for å vere flytta er heile 71,5% *høgare* for respondentar med ein bakgrunn frå serviceklassen enn kva den er for respondentar med ein bakgrunn i den ufaglærte arbeidarklassen.

Oppsummert tydar det på at klassestrukturane har vore sterkast i kommunar der tenestesektoren antan har dominert eller vore ein av hovudnæringane. Ut i frå resultata i tabell 4.5 vert det også tydeleg at byane har hatt sterkare klassestruktur enn bygda, då dei observerte sosiale skilnadane i flyttesjansar er sterkast i dei sentrale kommunekategoriene. Vi kan forvente at dei svake klassestrukturane på bygda og sterke klassestrukturane i byen heng saman med den generelle

⁹⁹ OR = 4.10.

¹⁰⁰ Sannsynet $P(y_i = 1)$ finn vi ved $P = y_i/1$.

¹⁰¹ Her referert til kategoriene *sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunar, mindre sentrale, tenesteytande kommunar* og *sentrale tenesteytande kommunar*.

geografisk mobilitet i desse samfunna i den gitte tidsperioden, som i vårt utval representerer dei høvesvis minst og mest mobile gruppene samla sett. I fylgje Lindbekk (1983) kan vi også forvente svakare klassestrukturar i bygdesamfunna, då desse sosiale systema historisk sett har vore meir egalitære med svakare definerte sosiale posisjonar. Det observerast imidlertid heterogene og tidvis kontrære mønster innad og mellom kommunekategoriene, slik at denne konklusjonen er ikkje utan atterhald.¹⁰²

Klassestrukturane for respondentenes sjansar for geografisk mobilitet er med andre ord ikkje eintydige, korkje på tvers av eller internt i dei ulike kommunekategoriene. Det er likevel enkelte mønster som peikar seg ut. Blant anna ser vi at barn av bønder frå dei tenesteytande kommunane er langt meir mobile enn det som er tilfellet for denne gruppa i kommunar med andre næringsstrukturar. Samanliknar vi oddsen for å vere flytta for bondebarna frå sentrale tenesteytande kommunar med den tilsvarende oddsen for denne gruppa i dei blanda landbruks- og industrikommunane finn vi at barn av bønder i fyrstnemnde kommunekategori har heile 178% større sjansar for å vere geografisk mobile.¹⁰³ Desse resultatane underbyggjar hypotesen vi framsatte i avsnitt 4.1 om at den svært høge oddsen vi observerte for å vere flytta for barn av bønder i modell 1 i tabell 4.1 i hovudsak kan tilskrivast effekten av den høge flytteoddsen for respondentar frå tenesteytande kommunar. Dette mønsteret observerast også hos 60-kohorten, og som for 55-kohorten er også bondebarnas flyttesjansar relativt høge i industrikommunane. Vi observerer også ein tydeleg tendens til at barn med fedre i rutinefunksjonær- og serviceklassen i langt større grad er geografisk mobile i dei minst sentrale kommunane enn det som er tilfellet i dei sentrale kommunekategoriene. På den andre sida finn vi at barn med arbeidarklassebakgrunn har større sjansar for å vere geografisk mobile enn barn med rutinefunksjonær- og serviceklassebakgrunn i dei sentrale og tenesteytande kommunetypane, sjølv om ein relativt sett finn at arbeidarklassebarna har større sjansar for å vere mobile i mindre sentrale strøk.¹⁰⁴

¹⁰² Det skal nemnast at vi for 60-kohorten observerer eit nærast radikalt skifte i oddsratioet mellom serviceklassen og den ufaglærte arbeidarklassen, der oddsen for å vere flytte for respondentar frå sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunar med bakgrunn frå serviceklassen no er 17,5% *høgare* enn for dei med bakgrunn frå klassen for ufaglærte arbeidarar, på tross av at den totale delen flyttarar er stabil frå eldste til yngste kohort.

¹⁰³ $OR=2.857/1.025=2.78$.

¹⁰⁴ Jamfør resultatane frå regresjonsanalysen i tabell 4.1.

Tabell 4.5: Utrøtningar basert på krysstabelar med røfføktensar og utflytsprosentar av samanhengen mellom respondentens geografiske mobilitet og fars klasse 1970 fordelt på kommunekategori. 55-kohorten. N=5815. Chi-Square: 26.111***

| | Odds for å vere geografisk mobil eller fars klasse 1970 for kvar kommunekategori med prosentar for delen i befolkninga med ein far i gitt i klasse | | | | | | | | | | | | |
|--|--|-------|--------------------|-------|--------|-------|--------------------|-------|---------------------|-------|--|-------|---------------------------------------|
| | Serviceklasse | % | Rutinefunksjonærer | % | Bønder | % | Faglærte arbeidrar | % | Ufaglærte arbeidrar | % | Odds for å vere flytta kommunekategorien | % | OR = Serviceklasse Ufaglært arbeidrar |
| Primærnæringskommunar | 2 117 | 12,6% | 2 833 | 5,5% | 1 40 | 37,1% | 2 064 | 22,6% | 2 032 | 22,3% | 1,80 | 64,4% | 1,04 |
| Blanda landbruks- og industrikommunar | 2 0 | 10,1% | 2 0 | 5,4% | 1 025 | 35,5% | 2 25 | 23,9% | 1 404 | 25,3% | 1,442 | 59,1% | 1,424 |
| Industrikommunar | 1 678 | 14,0% | 1 791 | 6,2% | 1 312 | 13,8% | 1 010 | 36,6% | 1 266 | 29,4% | 1,242 | 55,4% | 1,325 |
| Mindre sentrale, blanda tenesteytende- og industrikommunar | 2 035 | 15,8% | 1 214 | 5,8% | 1 073 | 26,2% | 0 976 | 28,3% | 1 186 | 24,0% | 1,27 | 55,9% | 1,715 |
| Sentrale, blanda tenesteytende- og industrikommunar | 0 301 | 25,1% | 0 32 | 9,4% | 0 864 | 9,8% | 0 442 | 32,0% | 0 518 | 23,7% | 0 439 | 30,5% | 0 581 |
| Mindre sentrale, tenesteytende kommunar | 1 166 | 21,4% | 0 947 | 11,7% | 1 806 | 13,7% | 1 621 | 30,6% | 1 88 | 22,7% | 1 451 | 59,2% | 0 62 |
| Sentrale tenesteytende kommunar | 0 805 | 24,7% | 0 923 | 12,6% | 2 867 | 6,6% | 1 207 | 31,5% | 1 385 | 24,5% | 1 15 | 53,5% | 0 581 |
| Totale prosentar | | 19,6% | | 9,2% | | 15,4% | | 30,9% | | 25,0% | | 53,1% | |

Det teiknar seg med andre ord et tydeleg bilete; barn med bakgrunn frå den ikkje-manuelle klassesektoren er i langt større grad ein mobil gruppe på bygda enn i byane. Denne gruppa er også meir mobile enn barna med bakgrunn frå den manuelle klassesektoren internt i dei minst sentrale kommunane. Slik at der arbeidarklassebarna er den mest mobile gruppa i byane, er det motsette tilfellet på bygda.

4.4 Oppsummering og konklusjon

Frå dei empiriske analysane i dette kapitlet har ein sett at sjansane for geografisk mobilitet som venta ikkje fordeler seg likt for respondentar frå ulike sosiale gruppar. I regresjonsanalysen kjem det fram at barn av fedre med grunnskuleutdanning relativt sett har hatt høgast sjansar for å vere geografisk mobile, samstundes som skilnaden i flyttesjansane mellom barn av fedre med utdanning på vidaregåande nivå og barn av fedre med høgare utdanning var beskjeden. Vi fann imidlertid store interne skilnader langs den geografiske dimensjonen. Sett bort i frå situasjonen i primærnæringskommunane der barn av fedre med vidaregåande utdanning har vore dei mest mobile, og i dei sentrale kommunane som har vore dominerte av den tenesteytande sektoren der oddsen for å vere flytta *minkar* parallelt med aukande utdanningsnivå hos far, er den generelle tendensen at oddsen for å ha vore flytta aukar med aukande utdanningsnivå hos far. Når det kjem til respondentens klassebakgrunn teiknar det seg eit liknande mønster. Barn med bakgrunn i den ikkje-manuelle klassesektoren har vore den *minst* mobile gruppa samanlikna med barn av ufaglærte arbeidarar. Det er også liten skilnad i sjansar for mobilitet mellom faglærte og ufaglærte arbeidarar, noko som tilseier at arbeidarklasseborna generelt har vore ein meir mobil gruppe om det kontrollerast for utdanningsbakgrunn. Respondentens klassebakgrunn ser imidlertid ikkje ut til å vere den mest relevante forklaringsfaktoren for respondentens geografiske mobilitet. Med omsyn til funnet som tilseier at barn av fedre i service- og rutinefunksjonærklassen ser ut til å ha vore mindre geografisk mobile når vi kontrollerer for den effekten som kan tilskrivast utdanning antas det at denne gruppas mobilitet er knytt til utdanningsnivået i desse klassane, slik at det hovudsakleg er den kulturelle kapitalen som fører til at desse barna flyttar. Denne påstanden kan underbyggjast ved å vise til resultatane frå tabell 4.5 som viste at det var barn frå dei *mest* privilegerte klassebakgrunnane som i størst grad var mobile på bygda, og i industrikommunane, medan det var barna med dei *minst* privilegerte klassebakgrunnane som var mest mobile i byane. Som kjend både er og var mogelegheitsstrukturane for utdanning betre i dei meir sentrale strøka, slik at det at barn frå privilegert bakgrunn i hovudsak har vore immobile i byane og mobile på bygda, kan vere ein refleksjon av barnets strategi for å unngå fallande mobilitet, og vere basert på ein vurdering av kvar

dei best kan utnytte ressursane sine og oppnå dei formelle utdanningskvalifikasjonane som er naudsynte for å reprodusere fars klasseposisjon så vel som utdanningsnivå.

Konklusjonen i høve til problemstilling èin er at flytting *var* klassestrukturert for respondentane som vaks opp på 60- og 70-talet, og hypotesen om den klassestrukturerte flyttehandlinga bekreftast. Det kan også sjå ut til respondentens *lokale habitus* til ein viss grad har forma den geografiske mobiliteten i mindre sentrale strøk i vårt utval, jamfør Lindbekks påstand om lokale flyttepraksisar. I høve til forventinga om at den selektive flyttehandlinga kan relaterast til Goldthorpes (t.d 2007) teori om relativ risikoaversjon ser det ut til at dette kan stemme. Respondentanes flyttesjansar ser i stor grad ut til å hengje saman med utdanningsnivået til far og barnets ynskjer om å unngå fallande mobilitet. Det er samstundes ingen indikasjonar på at desse skilnadane minskar som Blau og Duncan postulerer, utviklinga ser heller ut til å gå i motsatt retning.

Dette leiar oss over i problemstilling tre, kan det identifiserast nyansar mellom dei ulike geografiske kontekstane for korleis den geografiske mobiliteten til respondenten er strukturert? Som ein såg over vitnar resultata frå både regresjonsanalysen og krysstabellane om at det er geografiske skilnader i geografisk mobilitet for vårt utval. Hypotesen om heterogene mønster i klassestrukturerte sjansar for å vere geografisk mobil styrkast. Generelt er skilnadane moderate, slik at det det kan sjå ut til at det har vore ein viss grad av kulturell og strukturell konvergens i den aktuelle tidsperioden. Enkelte mønster er likevel tydelege. For det fyrste er det ingen indikasjonar på at bysamfunnet har vore det opnaste sosiale systemet som det vert antatt innleiingsvis, korkje når det gjeld geografisk mobilitet eller som eit system der klassestrukturane er svakare enn i andre, mindre urbaniserte område. Større grad av urbanisering og modernisering er ikkje parallelt med mindre klassekilnader - tvert imot tydar det på at det er respondentar med geografisk opphav i dei *minst* sentrale kommunane som har hatt størst sjansar for å vere geografisk mobile, noko som også var forventa. Det kan i tillegg sjå ut til at bygdene har vore meir egalitære enn byane, i alle fall når den sosiale ulikskapen i flyttesjansar målast gjennom klassesjansen. Når det gjeld utdanning er det vanskelegare å avdekke mønstre som kan forklarast med oppgåvas teoretiske rammeverk. Det er tydelege skilnader i flyttesjansane mellom dei minst og mest privilegerte barna for enkelte av kommunekategoriene, men desse ser ikkje ut til å kunne skildrast med eit teoretisk utgangspunkt om ein kulturell og strukturell konfliktline mellom bygd og by. Flyttemønsterane kan heller sjå ut til å ha vore knytt til den geografiske skeivfordelinga av utdanningsmogelegheiter, og ulik utdanningspraksis hos respondentar av ulikt opphav.

Utdanning er også korrelert med geografisk mobilitet om det tas utgangspunkt i respondentens utdanning. Her konstitueres den sosiale strukturen for flyttesjansar som antatt - høgare utdanning gir høgare sjansar for å vere flytta, og flyttehandlinga kan *ikkje* kan seiast å ha vore ein sosialt uavhengig mekanisme (sjå Blau & Duncan 1967). Dette er også i tråd tidlegare empiriske funn (t.d Sørli 2013). Den utslagsgivande faktoren tydar likevel å liggje i utdanning *ut over* den obligatoriske skulegangen då skilnadane mellom respondentar med VGS og dei med høgare utdanning er svært små. Rye (2003: 35) finn også i høve til utflytting frå rurale område at flytting er fordelaktig i høve til både langsiktig kulturell- og økonomiske kapitalakkumulasjon, og han hevdar også at individ frå den øvre delen av det rurale klassehierarkiet tener *meir* på migrasjon enn dei andre sosiale klassane gjer. Det kan altså forventast at geografisk mobile oppnår meir ved flytting heller enn at flyttinga utelukkande fungerer som ein handling for å oppnå formelle utdanningskvalifikasjon på høgare nivå. Desse påstandane har vi ikkje høve til å studere nærare i våre analysar, vi vil imidlertid undersøkje i kva grad mobile respondentar i større grad enn sine immobile motpartar oppnår høgare sosiale utdannings- og klasseposisjonar i dei to neste kapitla.

Oppsummert kan det tyde på dei sosiale skilnadane som vert observert i dei føreliggande analysane reflekterer den generelle samfunnsutviklinga i samtida med urbanisering og endringar i den økonomiske strukturen. Elles kan dei observerte klassestrukturane truleg tilskrivast generelle mekanismar for reproduksjon av sosial ulikskap ved at flyttehandlinga fungerer som eit middel for å oppnå meir attraktive posisjonar i samfunnet - det reflekterer korleis barna frå dei mest privilegerte sosiale bakgrunnane legg strategiar for å unngå fallande mobilitet. Om ein set dei klassestrukturte flyttemønstra saman med moglegheitsstrukturane i dei ulike samfunnstypene finn ein at desse i stor grad er samanfallande. Dette kan også forklare dei noko udefinerte mønstra på tvers av geografidimensjonen, då enkelte av kommunekategoriene er så heterogene at det vert vanskeleg å gjere konkrete konklusjonar basert på kommunanes sentralitet eller definisjon som utelukkande bygde- eller bysamfunn.

5 Utdanningsmobilitet

I det fylgjande kapittelet skal respondentens utdanningsmobilitet undersøkjast. Vi såg i forrige kapittel at barn av fedre med grunnskuleutdanning generelt hadde større sjansar for å vere geografisk mobile enn barn av fedre med høgare utdanning som høgaste utdanningsnivå. Det viste seg likevel at når ein differensierte respondentane etter kommunetilhøyring hadde barn av fedre med høgare utdanning større sjansar for å vere flytta enn barn av fedre med grunnskuleutdanning i seks av sju kommunekategoriar. Med eitt unntak steig også sjansane for å vere flytta med aukande utdanningsnivå hos far i desse kommunane. Vil vi også finne geografiske skilnader i mønsteret for intergenerasjonell utdanningsmobilitet? Og kva er effekten av flytتهandlinga for respondentenes utdanningsprestasjonar? Er det enkelte gruppar som tener meir på å vere geografisk mobil? Dette ynskjer vi å undersøkje her. Analysane i dette kapittelet er meint å kunne svare på fylgjande problemstillingar:

- 4. I kva omfang vert ulikskap i utdanning reprodusert intergenerasjonelt?*
- 5. Kva effektar har sosial og geografisk bakgrunn på respondentens utdanningsposisjon? Og kva faktorar ser ut til å påvirke respondentens utdanning i størst grad?*
- 6. Er det strukturelle skilnader i mønster for reproduksjon av utdanningsnivå og utdanningsmobilitet for ulike geografiske kontekstar i Vestlandsregionen?*
- 7. I kva geografisk kontekst er utdanningsmobiliteten høgast og lågast?*
- 8. Er geografisk mobilitet assosiert med høgare utdanningsposisjonar? Og reduserer migrasjon bort frå fødestaden effekten av sosial bakgrunn for respondentens utdanningsprestasjonar?*

5.1 Analysen

Den føreliggjande analysemodellen har fått namnet OGE og formålet med analysene i denne modellen er å studere effektane av respondentens sosiale bakgrunn, og då spesielt fars høgaste utdanningsnivå, samt respondentens geografiske opphav og kjønn på oppnådd utdanningsnivå gjennom ein multinomisk logistisk regresjonsanalyse og tre ulike mobilitetstabellar. På denne måten vil ein kunne studere den isolerte effekten av fars utdanning på respondentens utdanning og kontrollere for potensielt konfunderane effektar. Mobilitetstabellane vil kunne gje ein intuitiv og direkte presentasjon av reproduksjon og utdanningsmobilitet mellom generasjonane, samstundes som marginalfordelingane gir høve til å studere strukturelle endringar i utdanning, som at

utdanningsnivået har auka frå ein generasjon til den neste. Gjennom odds og oddsratar får vi også høve til å studere dei direkte samanhengane og sjansane for å hamne på gitt utdanningsnivå.

Med omsyn til den omfattande ekspansjon av utdanningsystemet i tida etter 1960 forventar vi at respondentane i vårt utval generelt vil ha eit langt høgare utdanningsnivå enn sine fedre, og at effekten av utdanningsauka vil reflekterast endå sterkare for den yngste kohorten i utvalet. Med dette kan vi også anta at rekrutteringa til høgare utdanning har vore omfattande slik at fleire vil ha hatt sjansen til å tileigne seg kvalifikasjonar frå høgare utdanningsinstitusjonar. Er det imidlertid slik at barn med ein bakgrunn frå toppen av utdanningshierarkiet har høgare sjansar for å ta høgare utdanning enn barn frå botnen av utdanningshierarkiet? Og kven er det som endar opp med dei kortaste utdanningsløpa? Med utgangspunkt i Bourdieus (2010 [1984]) teori om habitus og sosiale felt ventar vi at respondentar som har fedre med utdanning på det høgaste nivået vil ha større sjansar for å ta høgare utdanning enn kva respondentar med fedre med utdanning på lågare nivå, ved at mykje kulturell kapital eller mangelen på dette reproduserast mellom generasjonane. Samstundes kan ein på bakgrunn av premissane i Goldthorpes (2000) teori om klassestrukturerte mobilitetsstrategiar anta at det vil føreliggje ein samheng mellom respondentens utdanningsnivå og det generelle ressursgrunnlaget i respondentens sosiale bakgrunn. Det forventast også at vi vil observerer barrierar mot fallande utdanningsmobilitet jamfør teorien om relativ risikoaversjon. Med utgangspunkt i Goldthorpes teori kan vi fylgjeleg også forvente å observere konforme og klassestrukturerte mobilitetsmønstre langs den geografiske dimensjonen. Om slike sosialt homogene mønster kan påvisast i vårt utval er uvisst, ein anna moglegheit er at implikasjonane av det inkluderande norske utdanningssystemet har vore at både geografiske bestemte skilnader i utdanningsmobilitet og ulikskap i utdanningssystemet forsvinn. Dette skal undersøkjast i dei fylgjande analysane, hypotesen det arbeidast ut i frå er imidlertid at det *vil* føreliggje geografisk bestemte skilnader i utdanningsmobilitet, der bysamfunnet er antatt å framstå som det *opnaste* sosiale systemet. Denne hypotesen er definert med utgangspunkt i Lipset og Bendix's (1992 [1959]) *community of orientation*-teori. Lipset og Bendix (1992 [1959]) hevdar her at individ som veks opp i urbane strøk er antatt å oppleve større sosial mobilitet enn individ som veks opp i mindre urbane, eller rurale, strøk.¹⁰⁵ Ein slik hypotese er også knytt til forventingar om sosiokulturelle skilnader som varierande mellom rurale og urbane sosiale system, der det rurale samfunnets tradisjonelle kultur er tenkt å virke hemmande på den generelle sosiale mobiliteten (Rokkan 1987 [1966]). Desse spørsmåla tilnærmast i diskusjonen under ved å studere resultata som vert presenterte i tabell 5.1 og

¹⁰⁵ Dess større samfunn individet veks opp i, dess høgare mobilitetssjansar (Lipset, Bendix 1959[1992]: 204).

5.5. Det forventast også i høve til det teoretiske rammeverket og den eksisterande litteraturen på området at geografisk mobilitet vil vere positivt korrelert med høgare utdanningsposisjonar. Det er imidlertid eit spørsmål om kva betydning flyttehandlinga har for ulike sosiale grupper - kan det tenkjast at det er enkelte grupper som tener meir på flyttehandlinga enn andre?

Vi startar med å presentere resultatata frå regresjonsanalysen der samtlege problemstillingar sett bort i frå nummer sju vil bli adressert. Vidare vil problemstilling ein drøftast opp mot resultatata frå mobilitetstabell 5.3. Deretter differensierast respondentane etter geografisk opphav i tabell 5.5 for å besvare problemstilling seks og sju, før det avslutningsvis gjerast eit skilje mellom flyttarar og ikkje-flyttarar i tabell 5.7 i høve til å besvare problemstilling nummer åtte. Avslutningsvis vil funna oppsummerast og diskutert opp mot problemstillingar og teoretisk rammeverk.

5.2 Multinomisk logistisk regresjonsanalyse

I tabell 5.1 presenterast resultatata frå den logistiske regresjonsanalysen av modell OG-E med respondentens høgaste utdanningsnivå som avhengig variabel, der koeffisientane representerer eit estimat av effektane av fars høgaste utdanningsnivå, fars klasse, respondentens fødekommune, geografiske mobilitet og kjønn.¹⁰⁶ Når det kjem til koeffisientanes statistiske signifikans vil dei same omsyna som i forrige kapittel ligge til grunn, LR-testane visar forøvrig at samtlege variablar er signifikante, sett bort i frå *sentrale blanda tenesteytande- og industrikommune* og *mindre sentrale tenesteytande kommune*. Elles gjerast det igjen merksam på at parameterestimata som vert tilvist i teksten alltid vil representere ein samanlikning av odds med referansekategori.

Intergenerasjonell reproduksjon av utdanningsnivå

Som vi ser frå dei direkte effektane av fars utdanning er det tydeleg at ulikskap i utdanningsstrukturen vert reprodusert intergenerasjonelt, då også om vi kontrollerer for respondentens fødekommune og held dei andre variablane i modellen konstante. Desse resultatata indikerer at Goldthorpes (2000) påstand om sosial reproduksjon av ulikskap som utelukkande varierande med *klassebakgrunn* og med dette som uavhengig av geografisk kontekst vert empirisk understøtta av våre analysar. Det kan likevel antas at styrken i denne samanhengen kan variere langs den geografiske dimensjonen. Den direkte effekten av fars utdanning er også sterk, og spesielt gjeld dette effekten når respondenten har grunnskulebakgrunn.

¹⁰⁶ Tabell 5.2 med resultatata frå den logistiske regresjonsanalysen av modell OG-E for 60-kohorten vil bli presentert i appendiks B.

Tabell 5.1: OGE-modell: Multinomisk logistisk regresjonsanalyse av respondentens høgaste utdanningsnivå. Parameterstimatør i logitts og oddsratio. 55-kohorten. Ref. avhengig variabel: Høgare utdanning.

| | Grunnskule | | | VGS | | | LR-test p(LR) |
|---|-----------------|------|--------|----------|------|--------|------------------|
| | B | S.E | Exp(B) | B | S.E | Exp(B) | |
| <i>Fors høgaste utdanningsnivå</i> | | | | | | | |
| Grunnskule | 1.530*** | .177 | 4.616 | .933*** | .123 | 2.542 | .000 |
| VGS | .490 | .188 | 1.632 | .451*** | .123 | 1.569 | .001 |
| <i>Fors Klasse</i> | | | | | | | |
| Serviceklasse | -1.431*** | .155 | .239 | -.768*** | .105 | .464 | .000 |
| Rutinefunksjonær | -.940*** | .197 | .391 | -.267 | .146 | .765 | .000 |
| Bonde | -.471 | .172 | .624 | .055 | .141 | 1.057 | .000 |
| Faglært arbeidar | -.386** | .130 | .680 | .062 | .109 | 1.064 | .000 |
| <i>Respondentens fødekommune</i> | | | | | | | |
| Primæreringskommune | -.466 | .228 | .628 | .184 | .173 | 1.200 | .000 |
| Blanda landbruks- og industrikommune | -.087 | .222 | .695 | .306 | .182 | 1.358 | .010 |
| Industrikommune | -.653*** | .137 | .521 | -.390*** | .106 | .677 | .000 |
| Mindre sentral blanda tenesteytande- og industrikommune | -.987*** | .192 | .373 | -.277 | .134 | .758 | .000 |
| Sentral blanda tenesteytande- og industrikommune | .040 | .152 | 1.041 | -.096 | .124 | .908 | .398 |
| Mindre sentral tenesteytande kommune | -.228 | .160 | .796 | -.219 | .126 | .803 | .215 |
| <i>Flytta</i> | | | | | | | |
| Kvinne | -.339*** | .097 | .712 | -.089 | .076 | .914 | .001 |
| Konstant | .484*** | .096 | 1.622 | .438*** | .075 | 1.550 | .000 |
| | -.304 | .186 | | 1.085*** | .131 | | .000 |
| <i>-2LL Chi-Square (df)</i> | | | | | | | |
| Nagelkerke R ₂ | 515.063 (28)*** | | | | | | |
| N | .095 | | | | | | |
| | 6482 | | | | | | |

*** $p < 0.001$. ** $p < 0.005$. Ref: Høgare utdanning, Ufaglært arbeidar, Sentrale tenesteytande kommunar

Respondentar som sjølv har fedre med det lågaste utdanningsnivået har samanlikna med respondentar med fedre med høgare utdanning nesten fem gongar så stor sjans for å sjølv ende opp med grunnskuleutdanning, samanlikna med oddsen for å ta høgare utdanning. Resultata indikerer samstundes at det føreligg ein barriere mot nedadgåande langdistansemobilitet for barn av fedre med høgare utdanning. Det er også langt mindre sjansar for at denne gruppa skal ta utdanning på vidaregåande nivå samanlikna med om far har utdanning på grunnskule- eller vidaregåande nivå.¹⁰⁷ For 60-kohorten finn ein det same mønsteret. Sjansane for reproduksjonen av utdanning på grunnskulenivå er noko mindre for den yngste kohorten, parallelt med at korrelasjonen vert sterkare mellom fars utdanning når denne har verdien grunnskule og respondentens utdanning når denne har verdien VGS, noko som antyd at barn med grunnskulebakgrunn i større grad tek VGS enn tidlegare. Dette kan truleg tilskrivast den generelle auka i utdanningsnivået, som ikkje uventa kan sjå ut til å ha slått sterkare ut for den yngste kohorten, slik at medan sjansane for å ta grunnskuleutdanning generelt er mindre, er sjansane for å ta VGS aukande. Hjellbrekke og Korsnes (2012: 117) skildrar implikasjonane av dei strukturelle endringane og skulereformane på 50-, 60- og 70-talet slik at individ fødde på 50-talet på mange måtar møtte eit anna utdanningssystem enn kva individ fødde på 60-talet gjorde, til dømes ved at vegane inn i høgare utdanning vert fleire og endringane i det vidaregåande opplæringsystemet var mange.

Marianne Nordli Hansen (1997 i Hjellbrekke & Korsnes 2012: 122) konkluderer i ein artikkel om betydninga av sosial bakgrunn for ulikskap i utdanningsløpa til barn med at sosial klasse har størst betydning for om ein går vidare *etter den obligatoriske* utdanninga, og at sjansen for å ta høgare utdanning aukar om individets klassebakgrunn er frå dei to øvste kvadrantane i det sosiale rommet.¹⁰⁸ Ut i frå resultata i tabell 5.1 kan det tyde på at liknande prosessar er tilstade også i vårt utval. Reproduksjonen er sterk i dei to kortaste utdanningsløpa, og som det vart påpeika tidlegare gjeld dette spesielt om far berre har obligatorisk skulegang. Parameterestimata indikerer også at barn med ein bakgrunn frå det lågaste nivået i utdanningshierarkiet er den gruppa som i størst grad tek vidaregåande utdanning. Ein forklaring på dette kan vere at barna med opphav i det midterste nivået i utdanningshierarkiet i større grad tek høgare utdanning som ein implikasjon av forskyvinga i utdanningsnivået, og parallelt med at verdien av den vidaregåande utdanninga minskar (Hjellbrekke & Korsnes 2012: 13, 130). Det biletet som teiknar seg ut i frå effektane i tabell 5.1 er

¹⁰⁷ Langdistansemobilitet er her definert som mobilitet til og frå det lågaste og høgaste punktet i utdanningshierarkiet.

¹⁰⁸ I Bourdieusk teoritradisjon konstruerast classeskjemaet ved at det sosiale rommet delast opp i fire *kvadranter* som er delt av ein horisontal (kapitalstrukturaksen) og ein vertikal dimensjon (kapitalvolumaksen). Sjå Hjellbrekke og Korsnes (2012: 105-106) for ytterlegare skildringar av Bourdieus classeskjema, her finnst også eit grafisk eksempel på ein bourdieusk romkonstruksjon (fig. 4.1 s. 106).

at barn frå toppen av utdanningshierarkiet sjeldan opplev fallande langdistansemobilitet ned til det lågaste nivået i utdanningshierarkiet, samstundes som ein ser at sjansen for at denne gruppa skal ende opp på grunnskule- eller VGS-nivå er langt lågare enn for dei to andre gruppene. Barrieren mot langdistansemobilitet for barn frå botnen av utdanningshierarkiet mot å ta høgare utdanning er også tydeleg, det kjem fram av tabell 5.1 at denne gruppa samanlikna med barn frå høgare utdanningsbakgrunn i langt større omfang har grunnskule eller VGS som høgaste utdanningsnivå - sjansane for å ta høgare utdanning stig med andre ord dess lenger opp i utdanningshierarkiet far er.

Effekten av klassebakgrunn på respondentens utdanningsnivå

Resultata frå det neste settet av dummyvariablar frå tabell 5.1 indikerer ein tydeleg samanhengen mellom respondentens utdanningsnivå og fars klasse. Vi ser at sjansane for at respondenten har avslutta utdanningsløpet etter den obligatoriske skulegangen fell gradvis dess lenger opp i klassehierarkiet ein kjem.¹⁰⁹ Det er heile 76% mindre sjanse for at respondenten har grunnskuleutdanning enn at respondenten har høgare utdanning om fars klasse er serviceklasse. Denne samanhengen er også klår om respondentens høgaste utdanningsnivå er VGS, det er då 53,6% mindre sjanse for at barnet har VGS enn høgare utdanning om fars klasse er serviceklasse. Generelt er det altså slik at sjansen for at respondentens høgaste utdanningsnivå er grunnskule aukar dess *nærare* arbeidarklassane ein kjem. Hansen (1999) gjer liknande funn i sin studie av reproduksjon av eliteutdanningar i Noreg, der ho finn at sjansen for å ta høgare utdanning i form av universitets- og eliteutdanningar fylgjer mykje det same mønsteret som her - sjansen for å ta høgare utdanning søkk dess lenger ned i klassehierarkiet vi kjem.¹¹⁰ Den umiddelbare slutninga kunne her ha vore at dette var ein effekt av utdanningsnivået i yrkene som inngår i dei ulike klassane, her kontrolleres det imidlertid for effekten av fars utdanning, slik at koeffisienten representerer den direkte effekten av fars klasse på barnets utdanningsposisjon. Det kan då tenkjast at dette er ein effekt av det generelle ressursnivået i dei ulike klassane. Til dømes kan det tenkjast at inntektsnivået er høgare i dei ikkje-manuelle klassane, og då spesielt i serviceklassen, slik at risikoen ved å velje høgare utdanning og med dette satse på ein langsiktig økonomisk avkastning og mindre definerte jobbutsiktar, kan vere høgare hos arbeidarklassefamiliane enn kva det vil vere hos serviceklassefamiliane (sjå Goldthorpe 2000).¹¹¹ Det kan dessutan tenkjast å vere ein indirekte

¹⁰⁹ EGP-klasseskjemaet er i utgangspunktet ikkje hierarkisk, men det framstår likevel som relevant å betrakte klassane som til ein viss grad hierarkisk ordna, sjå drøftinga av dette i kapittel 2.

¹¹⁰ Hansen (1999) gjer desse konklusjonane på bakgrunn av ei noko anna definisjon av klasse ved at ho nyttar ein bourdieansk klassemodell basert på yrke, inntekt og utdanningskvalifikasjonar, sjå Hansen (1999). Vurderer vi imidlertid denne klassekoding opp mot vår tydar det uansett på at mønsteret i hennar studie er dei same som vi finn.

¹¹¹ Sjå skildringane av dei ulike klassanes inntektstryggleik og -nivå i Gooderham, Lindbekk og Ringdal (1994).

utdanningseffekt ved at dei sistnemnde klassane i større grad består av yrkesposisjonar som krev høgare utdanning, og at denne effekten har vorte sterkare parallelt utdanningseksponasjonen og det som antas å vere ein aukande betydninga av formelle kvalifikasjonar for innpass i yrkeslivet. Dette treng då ikkje naudsyntvis henge saman med fars utdanningsnivå.

Dette tydar også på at nedadgåande mobilitet i utdanningssystemet er sjeldan i serviceklassen, den barrieren framstår spesielt godt når det kjem til nedadgåande langdistansemobilitet, altså fall nedover i utdanningshierarkiet frå høgare utdanning til grunnskulenivå. Det tydar også på at det finnast ein barriere for barn av fedre i arbeidarklassane å ta høgare utdanning, om vi samanliknar med sjansen barna med opphav i serviceklassen har for å gjere det same.

Geografisk kontekst for utdanningsstrukturar

Når vi skal studere effekten av den siste bakgrunnsvariabelen, respondentens fødekommune, vert det langt vanskelegare å avdekke noko tydeleg mønster.¹¹² Det kan imidlertid tyde på at sjansane for å ha grunnskuleutdanning er høgast i dei sentrale kommunekategoriene, denne effekten aukar også kraftig fram mot den yngste kohorten. Blant anna finn vi at sjansen for å ha grunnskuleutdanning i dei sentrale blanda tenesteytande- og industrikommunane er heile 69% høgare enn for å ha høgare utdanning. Respondentar med opphav i mindre sentrale tenesteytande- og industrikommunar skil seg ut i motsatt retning, der sjansane for å ha grunnskule som høgaste utdanningsnivå er over 60% lågare enn kva det er for respondentar frå sentrale tenesteytande kommunar. Generelt er det slik at sjansen for at grunnskule er respondentens einaste utdanning i dei resterande kommunekategoriene er jamnt fordelt, sjansane for at dette er tilhøvet ligg på mellom 30-50% samanlikna med sjansen for respondenten har høgare utdanning.¹¹³ Desse resultatane skil seg noko frå dei funna Marianne Nordli Hansen (1999) gjer i sin studie av rekruttering til høgare utdanning i same tidsperiode. Ho finn at sannsynet for å velje høgare utdanning (i form av universitets- og eliteutdanningar, det verkar ikkje relevant for høgskuleutdanningane) versus utdanning på grunnskule- eller VGS-nivå er *høgare* for individ frå urbane enn kva det er for individ frå rurale strøk. Av årsakar knytt til forskingsdesign og -spørsmål er det imidlertid vanskeleg å påvise at dette *ikkje* er tilfellet også her, dette vil bli undersøkt nærare i mobilitetstabellane. Det som derimot er tydeleg er at respondentar frå dei minst

¹¹² Som nemnd i innleiingsvis er heller ikkje koeffisientane til *sentrale blanda tenesteytande- og industrikommunar* eller *mindre sentrale tenesteytande kommunar* signifikante i fylgje LR-testen.

¹¹³ For respondentar frå sentrale blanda tenesteytande- og industrikommunar forsterkast denne effekten også fram mot den yngste kohorten, samstundes som respondentar frå mindre sentrale tenesteytande kommunar no har *større* sjansar for å ha grunnskule som høgaste utdanningsnivå. Med dette kan det tyde på at det å ikkje ha utdanning utover obligatorisk skulegang delvis er eit trekk ved dei tenesteytande kommunane, sjølv om det ikkje er ein veldig tydeleg samanheng.

sentrale kommunane, eller bygdekommunene, i langt større grad tek vidaregåande utdanning enn respondanter med anna geografisk opphav. Det kan med andre ord tyde på at barn som veks opp på bygda i større grad enn andre har VGS som høgaste utdanningsnivå, og at denne gruppa sjeldnare finn vegen inn i høgare utdanning, uansett sosialt opphav. Samtundes kan det sjå ut til at desse respondentane i liten grad har grunnskule som høgaste utdanningsnivå. Ein mogleg forklaring på dette er at desentraliseringa av utdanningsinstitusjonen har føra til eit meir geografisk tilgjengeleg vidaregåande utdanningssystem. Sjølv om utdanning på universitets-, og spesielt høgskulenivå, også har vore gjennom ein omfattande ekspansjon og aukande desentralisering, har denne imidlertid vore mindre, og tilgjengelegheita dårlegare for dei som veks opp i distrikta (Hjellbrekke & Korsnes 2012: 109-110, 117). I så måte kan valet om å ta VGS framfor høgare utdanning hengje saman med Goldthorpes (2000) teori om relativ risikoaversjon, der det å vere geografisk mobil i samanheng med utdanning kan vurderast å vere hefta med ein større risikoen enn den ved å vere immobil. På den måten kan ein også anta at barn frå mindre privilegerte heimar i mindre sentrale strøk vil vurdere det som ein større risiko å ta høgare utdanning enn kva som vil vere tilfellet hos barn frå meir privilegerte heimar i liknande område, då risikoen ved å ta høgare utdanning også inneber ein risiko ved fysisk relokasjon og då i fleire høve også ein større økonomisk risiko.

Effekten av flyttehandlinga for utdanningsmobilitet og posisjon i utdanningshierarkiet

Når det gjeld effekten av å vere geografisk mobil på respondentens utdanningsnivå tydar resultatata i stor grad på at funna i regresjonsanalysen er konsekvente med funna frå forskinga som vert gjengitt i denne studien. Det kan tyde på at det å vere geografisk mobil er positivt korrelert med høgare utdanningsposisjonar. Koeffisientane i tabell 5.1 visar at sjansen for å vere flytta er høvevis 28,8% mindre for respondentar med grunnskuleutdanning enn for respondentar med høgare utdanning, og 8,6% mindre for respondentar med VGS. Av dette kan vi anta at immobile respondentar i høgare grad enn mobile respondentar har grunnskuleutdanning. Eit svakt punkt ved denne konklusjonen er imidlertid at ein med utgangspunkt i det føreliggande datamaterialet ikkje kan avgjere om flyttinga skjer pre- eller post-utdanning, slik at det er vanskeleg å avgjere om høgare utdanna respondentar er meir mobile eller om avgjerda om å ta høgare utdanning førar til auka mobilitet. Den observerte effekten kan også vere ein indikasjon på at respondentar som tek høgare utdanning i større grad er *nøyd* å flytte på seg for å kunne ta høgare utdanning (Rye 2006b: 10, Blau & Duncan 1967: 225, Hjellbrekke & Korsnes, 2012: 133). Kausalitetsspørsmålet er med andre ord ei utfordring i høve til å kunne gje klare svar på problemstillinga gjennom denne analysemodellen.

Rettast fokuset over på den yngste kohorten ser vi at det å vere flytta i langt mindre grad utgjer noko skilnad mellom respondentar med grunnskuleutdanning og høgare utdanning, det same gjeld for respondentar med vidaregåande utdanning. Sjølv om ein ser visse endringar frå den eldste til den yngste kohorten kan det tyde på at det å flytte er vanlegare hos høgare utdanna respondentar. Dette er resultat som støttar opp under tidlegare funn på området, til dømes konkluderar Johan Fredrik Rye (2003, 2006) med at barn av høgt utdanna fedre i rurale område er meir geografisk mobile enn barn av lågare utdanna fedre. Også Coté (1997: 56, 62) hevdar at ein kan vente at tilbøyelegheita til å flytte aukar med aukande utdanningsnivå av grunnar knytt til den høgt utdanna gruppas formelle kvalifikasjonar, ressursnivå, personlege preferansar, og både sosial og økonomisk tilknytning eller avhengigheit til lokalsamfunnet. Dette er faktorar som alle vert antatt å føre til mindre geografisk immobilitet (Coté 1997).

Effekten av kjønn

Til slutt skal vi kort kommentere resultata som skildrar effekten av kjønn på respondentens posisjon i utdanningshierarkiet. Her er funna noko ambivalente. For 55-kohorten er oddsen for at kvinner har grunnskuleutdanning samanlikna med å ha høgare utdanning negativ og langt høgare enn kva den er for menn. Sjansen for at kvinner har grunnskuleutdanning ser ut til å vere heile 62,2% høgare enn for menn. Dette er på lang vei tilfellet også når vi studerer effektane av kjønn når respondentens høgaste utdanningsnivå er VGS, der sjansen for at respondenten har VGS som høgaste utdanningsnivå samanlikna med sjansen for å høgare utdanning er 55,0% høgare for kvinner enn for menn. Med andre ord tydar det på at menn i langt større grad tek høgare utdanning enn kva kvinner gjer hos den eldste delen av utvalet. Når vi studerer resultata for den yngste kohorten, tydar det imidlertid på at kvinner i *mindre* grad enn menn har grunnskule eller VGS som høgaste utdanningsnivå. Dette kan truleg forklarast med at kvinner i aukande grad tek høgare utdanning, då funna indikerer at kvinner fødd i 1960 i større grad enn menn fødd same året tek høgare utdanning, men at situasjonen var den motsette for respondentar fødd i 1955.¹¹⁴ Utover 1990 talet, som også er den aktuelle tidsperioden når vi målar respondentens høgaste utdanningsnivå, var kvinnelege studentar dessutan i fleirtal ved høgare utdanningsinstitusjonar (Blom & Sogner 1999). Det kan likevel vere uheldig å trekkje klare konklusjonar på bakgrunn av desse funna, då modellen ikkje tilbyr ein direkte samanlikning av utdanningsløpa til kvinner og menn.


¹¹⁴ Sjø Frønes og Brusdal (2003) for eit oversyn over dei strukturelle endringane i utdanningssystemet i etterkrigstida.

5.3 Mobilitetstabellar


Vi har sett frå regresjonsanalysen i tabell 5.1 at både sosial bakgrunn, geografisk opphav og geografisk mobilitet er korrelert med respondentens utdanningsnivå. Spesielt sterk var samanhengen mellom utdanningsnivået i dei to generasjonene, og det skal no undersøkjast korleis strukturane for den intergenerasjonelle utdanningsmobiliteten tar form i den enkle mobilitetsmodellen i tabell 5.3.¹¹⁵ Dette er ein modell utan fleire nivå, der det kun er samanhengen mellom fars høgaste utdanningsnivå og respondentens høgaste utdanningsnivå som skal studerast.

Vi startar med å studere endringane i utdanningsstrukturen frå foreldregenerasjonen og fram til respondentenes generasjon. Ei samanlikning av marginalfordelingane i rekkje- og kolonnevariablane fortel oss at det som venta har vore ein betydeleg forskyving i befolkningas utdanningsnivå, der stadig færre har grunnskule som einaste utdanning (sjå figur 5.1 og 5.2). Reduksjonen i talet posisjonar på grunnskulenivå frå foreldregenerasjonen har vore på over 76%. Til samanlikning har talet posisjonar på VGS-nivå auka med 126%, og i høgare utdanning er auka på heile 214%. Desse radikale endringane i utdanningsstrukturen heng saman med såkalla *utdanningsekspljosjonen* i Noreg rundt 1970, som var ein reaksjon på dei store strukturelle endringane i det norske utdanningssystemet i den aktuelle tidsperioden. Reformar byggja på prinsippet om *utdanning for alle* førte til utdanningsnivået i befolkninga auka sterkt i alle sosiale lag frå fedregenerasjonen til målepunktet for respondentens høgaste utdanningsnivå i 1990 og 1995. Med dette vil også den totale intergenerasjonelle strukturelle mobiliteten vere omfattande i den aktuelle perioden vi studerer - tek fleire utdanning utover obligatorisk skulegang vert det fylgjeleg færre som har grunnskule som høgaste utdanningsnivå (Hjellbrekke & Korsnes 2012: 109:110, Ringdal, 2001). Dei strukturelle endringane som har funnet stad er i høgste grad relevante for å skildre utdanningsmobiliteten til respondentane i studiens utval og vil difor verte diskutert. Studiens fokus er imidlertid på å studere kor vidt ulikskap i utdanning er klassestrukturert, slik at sjølv om utdanningsnivået generelt er auka, er hypotesen at ein vil kunne identifisere mobilitetsbarrierar og klassestrukturerte mobilitetsmønster i vårt utval.

¹¹⁵ Dette er ein mobilitetstabell av 55-kohorten, tilsvarande for 60-kohorten, tabell 5.4 vert presentert i appendiks B.



Figur 5.1: Utdanningsnivå 1970



Figur 5.2: Utdanningsnivå 1990

Den sosiale strukturen for utdanningsmobilitet

Før vi startar med å undersøkje den relative utdanningsulikskapen vil det føreliggje ei kort skildring den *strukturelle* mobiliteten for vårt utval. Den totale mobiliteten er aukande, for 55-kohorten ligg den totale mobilitetsprosenten på 63,9%, medan den for 60-kohorten har auka med i underkant av tre prosentpoeng, til 66,8%. Det kan med dette tyde på at samfunnet har gått i retning av å verte sosialt *opnare*, det er likevel slik at den totale mobiliteten fylgjeleg vil vere høg i periodar med store sosiale omveltningar slik at dette ikkje naudsyntvis ein hensiktsmessig slutning å dra. Når vi no skal studere mobiliteten i tabell 5.3 vil vi ta utgangspunkt i oddsratar og prosentdelen respondentar med

gitt utdanningskombinasjon, då dette tillett meir direkte samanlikningar av fars og respondentens utdanningsnivå (Hjellbrekke & Korsnes 2012: 73-77).

Det går fram av resultatane frå tabell 5.3 at det er det midterste utdanningsnivået som i høgst grad vert reproduisert, heile 69,6% av barna frå VGS-bakgrunn har også VGS som høgaste utdanning. Reproduksjonen av utdanningsnivå synast å vere minst for barn av fedre med grunnskuleutdanning der berre 18,9% av respondentane reproduserer fars utdanningsnivå. For barn av fedre med høgare utdanning er derimot reproduksjonen høg, heile 50,4% av barna av fedre med høgare utdanning tek sjølv høgare utdanning.¹¹⁶ Til samanlikning er det berre 9,7% av barna med ein bakgrunn på det lågaste nivået i utdanningshierarkiet som gjer det same. Majoriteten av barna med bakgrunn frå toppen av det tredelte utdanningshierarkiet tek altså høgare utdanning, men vi ser samstundes at ein stor del av desse barna, nærare halvparten, også endar opp med utdanning på VGS-nivå. Det bør imidlertid tas enkelte atterhald før det dras slutningar på bakgrunn av desse observasjonane. Som vi omtala over har talet posisjonar i grunnskulekategorien vorte kraftig redusert som fylgjer av auka i det generelle utdanningsnivået, noko som kan forklare den låge prosentdelen som reproduserer fars utdanning på grunnskulenivå. Med omsyn til resultatane frå regresjonsanalysen veit vi også at på tross av dette er den gruppa som i minst grad reproduserer fars utdanningsposisjon, har dei langt større sjansar for å ende opp på det det lågaste utdanningsnivået samanlikna med respondentane med bakgrunn høgare i utdanningshierarkiet. Samstundes vert det av tabell 5.3 klart at sjølv om barn av fedre med det lågaste utdanningsløpet i stor grad held fram etter den obligatoriske skulegangen, og at dei også i høgare grad vel vidaregåande utdanning samanlikna med respondentar med opphav i dei to andre utdanningsgruppene, er dei sterkt underrepresenterte innanfor høgare utdanning (sjå t.d. Hjellbrekke & Korsnes 2010: 130, 13). Mekanismane bak denne observasjonen antas å kunne forklarast gjennom Goldthorpes (2000 i Fekjær 2009) skildringar av val av utdanning som ein prosess der aktøren gjer rasjonelle val mellom meir eller mindre risikofylte alternativ basert på ressursgrunnlaget i familien. Det kan med andre ord tyde på at respondentane frå denne gruppa vurderer det slik at risikoen ved å ta høgare utdanning er høgare enn risikoen ved å ta vidaregåande utdanning.

¹¹⁶ Endringane som observerast fram mot 60-kohorten er små, men ikkje ubetydelege. Den generelle endringa ser ut til å vere at respondentane i større grad tek høgare utdanning eller vidaregåande opplæring, og at delen som berre har grunnskuleutdanning minkar i meir enn eller mindre grad for alle gruppene. Dette antas å reflektere den generelle utdanningsauka i befolkninga. Den relative skilnaden i sjansen for å ta høgare utdanning mellom barn av fedre med høvesvis grunnskule og høgare utdanning som høgaste utdanningsnivå er også minka, det same gjeld gapet mellom sjansane for å ende opp på det lågaste utdanningstrinnet.

Tabell 5.3: Krysstabell av samanhengen mellom fars høgaste utdanningsnivå 1970 * respondentens høgaste utdanningsnivå 1990. Uflytsprosentar og råfrekvensar i parentes. 55-kohorten. N=9708. Chi-Square test*** df. 4

| | Respondentens høgaste utdanningsnivå 1990 | | | Total |
|----------------------------------|---|--------------------|--------------------|-------------------|
| Fars høgaste utdanningsnivå 1970 | Grunnskule | VGS | Høgare utdanning | |
| Grunnskule | 18,9 (1180) | 71,4 (4458) | 9,7 (606) | 100 (6244) |
| VGS | 9,0 (268) | 69,6 (2083) | 21,4 (641) | 100 (2992) |
| Høgare utdanning | 1,7 (8) | 47,9 (226) | 50,4 (238) | 100 (472) |
| Total | 15,0 (1456) | 69,7 (6767) | 15,3 (1485) | 100 (9708) |

For å underbyggja dette funnet ytterlegare vil vi belyse samanhengane med oddsratar.

Vi har allereie sett at rekrutteringa til høgare utdanning framstår som klårt klassestrukturert, samanliknar vi så oddsen for å ta høgare utdanning for respondentar av fedre med grunnskuleutdanning med oddsen for å ta høgare utdanning for respondentar med fedre som sjølv har høgare utdanning får vi at sjansen for at sistnemnde gruppe tek høgare utdanning er heile 850% større enn for at fyrstnemnde gruppe gjer det same.¹¹⁷ Samanliknar vi så sjansen for å ta høgare utdanning for barn av fedre med høgare utdanning med barn av fedre med VGS finn vi at sjansen for å ta høgare utdanning er nesten fire gangar så stor hos fyrstnemnde. Dt er imidlertid langt mindre skilnader mellom dei to sistnemnde gruppene, sjansen for å ta høgare utdanning stig som vi har sett tidlegare parallelt med aukande utdanningsnivå hos far.¹¹⁸ Studerer vi på den andre sida sjansane for å ende opp på det lågaste trinnet i utdanningshierarkiet, finn vi at sjansen for at dette skjer er heile nesten fjorten gangar høgare om far har grunnskuleutdanning samanlikna med om far har høgare utdanning.¹¹⁹ Gjer vi det same med barn av fedre med VGS er skilnadane er langt mindre, men tendensen er den same.

Det kan tyde på at barn frå heimar med mykje kulturell kapital i større omfang har teke høgare utdanning (sjå Bourdieu 2010 [1984]). Det er også klare indikasjonar på at det har eksisterert ein markant barriere mot nedagåande langdistansemobilitet for barn av fedre med høgare utdanning. På den andre sida er det ein stor del av denne gruppa som har opplevd nedagåande kortdistansemobilitet. Sjansane for at respondentar frå denne gruppa ikkje har teke utdanning utover

¹¹⁷ OR = 1.017/0.107 = 9.504.

¹¹⁸ OR = 1.017/0.276 = 3,684.

¹¹⁹ OR = 0,233/0.017 = 13,705.

grunnskulenivå ser generelt ut til å vere svært små. Resultata frå tabell 5.3 tydar dessutan på ein klar reproduksjon av den relative ulikskap i utdanningssystemet i etterkrigstida om vi fokuserer tilgangen til høgare utdanning og den omfattande utflyten av respondentar frå høgare utdanningsbakgrunn inn i høgare utdanningsposisjonar. Sjansane for å hamne i dei gitte posisjonane i utdanningshierarkiet varierar som vi ser med sosial bakgrunn, sjansen for å nå toppen av utdanningshierarkiet avtar gradvis dess lenger ned i utdanningshierarkiet respondenten finn seg. Likeins ser vi i høve til reproduksjonen av sosiale posisjonar i botnen at sjansane for å ikkje ha utdanning utover grunnskulenivå minkar med aukande utdanningsnivå hos far. For respondentane frå dei minst privilegerte utgangsposisjonane kan det altså tyde på at det også har eksisterert ein barriere mot langdistansemobilitet inn i høgare utdanning, sjølv om denne barrieren ikkje ser ut til å ha vore like sterk som den for fallande langdistansemobilitet mot botnen av hierarkiet for barn frå toppen av utdanningshierarkiet. Det kan også tyde på at denne gruppa i større omfang har valgt vidaregåande opplæring heller enn VGS.

I neste avsnitt vil den sosiale mobiliteten differensierast etter respondentens fødekommune, der målet er å studere korleis den sosiale mobiliteten segmenteres i ulike geografiske kontekstar. Finn vi at den sosiale strukturen for utdanningsmobilitet varierar med kvar ein veks opp?

Geografiske variasjonar i utdanningsmobilitet

Tabell 5.5 visar fordelinga på avhengig variabel differensiert etter geografisk opphav for respondentanes utdanningsbakgrunn i form av fars høgaste utdanningsnivå.¹²⁰ Om vi startar med å studere den totale utdanningsmobiliteten i dei ulike kommunekategoriene finn vi at det er eit tydeleg skilje mellom bygd og by. Primærnæringskommunane har den høgaste delen utdanningsmobile respondenter, medan vi finn at dei to mest sentrale kommunekategoriene er dei geografiske kontekstane med minst utdanningsmobilitet, den totale mobiliteten her er høvesvis 14,7% og 20% *mindre* enn i primærnæringskommunane. Bygdene ser samla sett ut til å ha større utdanningsmobilitet enn byane. Delar av denne mobiliteten kan, som tidlegare nemnd, truleg tilskrivas strukturelle endringar ved at vi ser for oss at dei mindre sentrale kommunane vil ha vore gjennom ein meir omfattande sosial endringsprosess enn kva dei meir sentrale kommunane har. Den omfattande utdanningsmobiliteten kan truleg relaterast til aukande urbanisering og modernisering av det økonomiske systemet, men ikkje minst til den regionale utbygginga av utdanningssystemet som føra til at fleire på bygdå då enn tidlegare tok utdanning utover grunnskulenivå (sjå t.d Sørлие

¹²⁰ Tabell 5.6 av 60-kohorten vil bli presentert i appendiks B.

2013, Hjellbrekke & Korsnes 2012: 110). Denne forklaringa styrkast om vi studerer den totale mobiliteten for 60-kohorten. Sjølv om det overordna biletet samla sett gir at den strukturelle mobiliteten jamnt over har auka, er denne auka sterkast i dei to minst sentrale kommunekategoriene. Fordelingane underbyggjar også påstanden som vart sett fram i avsnitt 5.2 om at respondentar frå dei to minst sentrale kommunane i større grad enn respondentar med anna opphav har vidaregåande utdanning som sitt høgaste utdanningsnivå. Vi kan også delvis bekrefte påstanden om at respondentar frå grunnskulebakgrunn i større grad tek VGS enn høgare utdanning enn andre grupper ved å studere dei relative sjansane for å ende opp på gitte nivå i utdanningshierarkiet i dei alle dei respektive kommunekategoriene.¹²¹ Som venta er også delen med høgare utdanning mindre i dei mindre sentrale kommunane enn i dei sentrale strøka (sjå t.d Ramsøy 1977: 140).¹²²

Eit raskt blick på dei interne mobilitetsmønstra for dei sju kommunekategoriene avslørar igjen sterke barrierar mot nedadgåande langdistansemobilitet for barn av høgt utdanna fedre. For fem av sju kommunekategoriar er det *ingen* observerte tilfelle av barn av høgt utdanna fedre med grunnskuleutdanning.¹²³

¹²¹ Basert på utrekningar av oddsraten mellom VGS og høgare utdanning når fars høgaste utdanningsnivå er høvesvis grunnskule, VGS og høgare utdanning.

¹²² Skilnadane ser imidlertid ut til jamne seg ut. For 60-kohorten er dessutan talet posisjonar i høgare utdanning auka i samtlege kommunekategoriar.

¹²³ For å kunne gjere matematiske utrekningar av odds og oddsrater når cellefrekvensen er 0, manipulerer vi datamaterialet ved å leggje til 0,5 i dei tomme cellene (sjå t.d Walter & Cook 1991, Whaley 1991). Dette vert gjort då metoden tilsynelatande er vanleg praksis når det gjeld å handtere nullfrekvensar i krysstabellanalysar. Det sagt så er det langt i frå uproblematisk å bedrive overløgt manipulering av datamaterialet, eller å *fake data* (Sjå t.d Parzen, Lipsitz, Ibrahim og Klar 2002) For å kunne illustrere samanhengane med bruk av same mål, vert likevel det å tilføre 0,5 til dei tomme cellane vurdert som føremålsteneleg for denne analysen.

Tabell 5.5: Krysstabell av sammenhengen mellom fars høgaste utdanningsnivå 1970 * respondentens fødekommune * respondentens høgaste utdanningsnivå 1990. Utflytspersentar med råfrekvensar i parentes. 55-kohorten. N = 6169. Chi-square test*** df. 4

| | | Respondentens høgaste utdanningsnivå 1990 | | | Total | Total mobilitet |
|--|----------------------------------|---|---------------------------|--------------------------|-------------------|-----------------|
| | Fars høgaste utdanningsnivå 1970 | Grunnskule | VGS | Høgare utdanning | | |
| Primærnæringskommunar | Grunnskule | 11,2 (38) | 80,2 (272) | 8,6 (29) | 100 (339) | 74,6% |
| | VGS | 8,7 (8) | 77,2 (71) | 14,1 (13) | 100 (92) | |
| | Høgare utdanning | (0,5) | 70,0 (7) | 30,0 (3) | 100 (10) | |
| <i>Total</i> | | <i>10,4 (46)</i> | <i>79,4 (350)</i> | <i>10,2 (45)</i> | <i>100 (441)</i> | |
| Blanda landbruks- og industrikommunar | Grunnskule | 16,5 (61) | 76,5 (283) | 7,0 (26) | 100 (370) | 70,2% |
| | VGS | 3,6 (3) | 85,7 (72) | 10,7 (9) | 100 (84) | |
| | Høgare utdanning | (0,5) | 50,0 (5) | 50,0 (5) | 100 (10) | |
| <i>Total</i> | | <i>13,8 (64)</i> | <i>77,6 (360)</i> | <i>8,6(40)</i> | <i>100 (464)</i> | |
| Industrikommunar | Grunnskule | 16,4 (136) | 71,0 (588) | 12,6 (104) | 100 (828) | 70,6% |
| | VGS | 8,1 (22) | 66,9 (182) | 25,0 (68) | 100 (272) | |
| | Høgare utdanning | (0,5) | 47,6 (10) | 52,4 (11) | 100 (21) | |
| <i>Total</i> | | <i>14,1 (158)</i> | <i>69,6 (780)</i> | <i>16,3 (183)</i> | <i>100 (1121)</i> | |
| Mindre sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunar | Grunnskule | 11,7 (47) | 78,4 (316) | 9,9 (40) | 100 (403) | 71,6% |
| | VGS | 3,6 (5) | 70,5 (98) | 25,9 (36) | 100 (139) | |
| | Høgare utdanning | (0,5) | 38,5 (10) | 61,5 (16) | 100 (26) | |
| <i>Total</i> | | <i>9,2 (52)</i> | <i>74,6 (424)</i> | <i>16,2 (92)</i> | <i>100 (568)</i> | |
| Sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunar | Grunnskule | 26,7 (112) | 65,9 (276) | 7,4 (31) | 100 (419) | 54,6% |
| | VGS | 10,9 (34) | 69,8 (217) | 19,3 (60) | 100 (311) | |
| | Høgare utdanning | (0,5) | 48,8 (20) | 51,2 (21) | 100 (41) | |
| <i>Total</i> | | <i>18,9 (146)</i> | <i>66,5 (513)</i> | <i>14,5 (112)</i> | <i>100 (771)</i> | |
| Mindre sentrale tenesteytande kommunar | Grunnskule | 19,6 (86) | 70,1 (307) | 10,3 (45) | 100 (438) | 63,8% |
| | VGS | 9,4 (20) | 67,9 (144) | 22,6 (48) | 100 (212) | |
| | Høgare utdanning | 4,5 (1) | 36,4 (8) | 59,1 (13) | 100 (22) | |
| <i>Total</i> | | <i>15,9 (107)</i> | <i>68,3 (459)</i> | <i>15,8 (106)</i> | <i>100 (672)</i> | |
| Sentrale tenesteytande kommunar | Grunnskule | 20,8 (257) | 70,2 (867) | 9,0 (111) | 100 (1235) | 59,9% |
| | VGS | 11,8 (93) | 69,7 (548) | 18,4 (145) | 100 (786) | |
| | Høgare utdanning | 3,6 (4) | 52,3 (58) | 44,1 (49) | 100 (111) | |
| <i>Total</i> | | <i>16,6 (927)</i> | <i>69,1 (4359)</i> | <i>14,3 (883)</i> | <i>100 (2132)</i> | |

Der observerte tilfelle av denne kombinasjonen finnast, i sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunar og sentrale tenesteytande kommunar, er sjansane for denne typen nedadgåande langdistansemobilitet høvesvis 85 og 21 gangar mindre enn sjansen for at respondenten har høgare utdanning. Dei tilsvarende oddsratane frå primærnæringskommunane og dei blanda landbruks- og industrikommunane tilseier at sjansane er 8 og 18 gangar mindre.¹²⁴ Men resultatane er på inga måte eintydige. Respondentar frå dei mindre sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunane, kommunar som også vurderast som bygdesamfunn, har også svært sterke barrierar mot nedadgåande langdistansemobilitet. Respondentar med opphav i slike kommunar har heile 80 gangar så høg sjanse for å ta høgare utdanning enn grunnskuleutdanning når far har høgare utdanning.¹²⁵

Langs denne dimensjonen er det imidlertid ein *tendens* til at bygdesamfunnet er det opnaste sosiale systemet om vi også studerer respondentens sjansar for å ta høgare utdanning når far har utdanning på grunnskulenivå. Forutanom resultatane frå dei blanda landbruks- og industrikommunane der sjansane for oppadgåande langdistansemobilitet er langt mindre enn ein skulle venta sett i høve til resultatane frå dei andre mindre sentrale kommunane, ser ein likevel at respondentar frå dei to mest sentrale kommunekategoriene har minst sjansar for denne typen mobilitet.¹²⁶ Til gjengjeld har respondentar med grunnskulebakgrunn frå primærnæringskommunane større sjansar for å ta høgare utdanning samanlikna med kva dei har i dei sentrale kommunane, dette gjeld også respondentar frå mindre sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunar.¹²⁷ Også for industrikommunane er skilnadane små. Samanliknast i tillegg desse resultatane med dei frå 60-kohorten finn vi at respondentar med grunnskulebakgrunn frå kommunane med minst skilnader i 55-kohorten no også har langt *høgare* sjansar for å ta høgare utdanning enn å berre ha grunnskuleutdanning. Tendensen vi observerte tidlegare om at utdanningsnivået aukar, reflekterast også her når vi studerer resultatane frå 60-kohorten.

¹²⁴ OR = Høgare utdanning/Grunnskule: Sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunar OR = 1,02/0,012 = 85,0, Sentrale tenesteytande kommunar OR = 0,79/0,037 = 21,35, Primærnæringskommunar OR = 0,4/0,05 = 8, Blanda landbruks- og industrikommunar OR = 0,909/0,05 = 18,18.

¹²⁵ OR = Høgare utdanning/Grunnskule: Mindre sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunar OR = 1,523/0,019 = 80,157.

¹²⁶ OR = Høgare utdanning/Grunnskule: Blanda landbruks- og industrikommunar OR = 0,075/0,197 = 0,38, Sentrale tenesteytande kommunar OR = 0,098/0,262 = 0,374, Sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunar OR = 0,079/0,364 = 0,217. Også respondentar frå dei mindre sentrale tenesteytande kommunane har langt mindre sjansar for denne typen mobilitet, som vi hugsar frå kapittel 3 er også desse kommunane vurdert som sentrale kommunar (OR = 0,114/0,244 = 0,467).

¹²⁷ OR = Høgare utdanning/Grunnskule: Primærnæringskommunar OR = 0,093/0,126 = 0,738, Mindre sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunar OR = 0,110/0,132 = 0,833.

Resultata frå mobilitetstabellane visar at det i motsetnad til kva vi antok innleiingsvis *ikkje* er dei mest sentrale kommunane som har vore mest opne for utdanningsmobilitet, korkje om vi studerer den totale mobilitet eller om vi samanliknar respondentanes sjansar for langdistansemobilitet. Vi avvisar med dette Lipset og Bendix' hypotese om at bysamfunn er opnare for sosial mobilitet, her i form av utdanningsmobilitet, enn bygdesamfunn. Det kan også tyde på at Lindbekk (1983: 91-92) hadde rett når han skildra bysamfunnet som eit sosialt system som i større grad er prega av rigide sosiale strukturar enn bygdesamfunnet. Denne konklusjonen er likevel noko usikker med omsyn til dei ambivalente funna for dei blanda landbruks- og industrikommunane og dei mindre sentrale blanda tenesteytande- og industrikommunane. Med omsyn til dette er det også usikkert i kva grad vi kan identifisere kulturelle barrierar mot sosial mobilitet i bygdekommunene, men den totale vurderinga som er gjort ut i frå resultata frå tabell 5.5 er vi *ikkje* kan konkludere med at slike barrierar eksisterer. Heller kan det sjå ut til at moderniseringsprosessar i form av oppbrot av tradisjonelle næringar og kulturell homogenisering førar til at utdanningsstrukturen løysast opp i dei mindre sentrale strøka, men at når eit samfunn fyrst er urbanisert og dominert av dei *moderne* industriane eller den tenesteytande sektoren er klassestrukturen langt sterkare og posisjonane innanfor utdanningsstrukturen i større grad *sett*.¹²⁸

Relevansen av migrasjon for respondentens posisjonering i utdanningshierarkiet

Fordelingane i tabell 5.7 peikar i retning av små, dog ikkje ubetydelege, skilnader mellom flyttarar og ikkje-flyttarar.¹²⁹ Det kan tyde på at Cotê (1997) og Lipset og Bendix (1992 [1959]) hadde rett når dei hevda at geografisk mobile individ generelt sett har høgare sjansar for å vere oppadgåande sosialt mobile og med dette at migrasjon indirekte kan framstå som ein kjelde til sosial mobilitet. Det tydar ikkje på at flyttehandlinga forbetrer respondentens mogelegheiter i utdanningssystemet i særleg stor grad, ein ser likevel at den totale mobiliteten er 4,6 prosentpoeng *høgare* for dei mobile respondentane, slik at geografisk rørsle kan sjå ut til å stimulere sosial rørsle. I kva grad ein kan påstå at flyttehandlinga jamner ut sosiale skilnader er imidlertid høgst usikkert, dette av den grunn at sjølv om vi observerer at utdanningsnivået generelt er høgare for flyttarane, er dette noko som gjeld *alle* utdanningsgruppene, slik at dei relative skilnadane mellom gruppene består.

Det å vere geografisk mobil ser også ut til å ha forskjellige konsekvensar alt etter kva sosiale utgangspunkt ein har. For respondentar med grunnskulebakgrunn minskar flyttehandlinga sjansane for å reprodusere fars utdanningsposisjon, og aukar samstundes sjansane for å ta høgare

¹²⁸ Sjå t.d Lindbekks (1983) skildringar av klassestrukturane i slike sosiale system i eit historisk perspektiv.

¹²⁹ Tabell 5.8 med resultat frå 60-kohorten vert presentert i appendiks B.

utdanning.¹³⁰ For respondentar med ein bakgrunn frå høgare utdanning ser ein at dei mobile respondentane i større grad reproduserer fars utdanningsnivå, men at dei også i høgare grad opplev nedadgåande langdistansemobilitet. Dei prosentvise endringane i odds er tydelege, her er det imidlertid snakk om få frekvensar og vi bør vere forsiktige med å tileigne tendensen i tala for stor vekt då feilmarginane kan vere store.¹³¹ Den største effekten av å vere geografisk mobil har respondentar med fedre med VGS, der sjansane for å oppleve nedadgåande mobilitet er langt lågare for den mobile delen av denne gruppa.¹³²

Fordelinga for 60-kohorten i tabell 5.8 reflekterer på mange måtar forventingane om at dei strukturelle endringane slår sterkare ut for den yngste delen av vårt utval. Mobiliteten er generelt sett høgare for både mobile og immobile respondentar, men det relasjonelle høvet mellom gruppene er det same. Elles kan det sjå ut til at respondentar med ein bakgrunn i toppen av utdanningshierarkiet som for 55-kohorten betrar sjansane for å sjølv ta høgare utdanning ved å vere geografisk mobile, medan sjansane for nedadgåande langdistansemobilitet i motsetnad til kva vi fann i tabell 5.7 ikkje vert større ved at respondenten er geografisk mobil, noko som ser ut til å skuldast at dei immobile med ein slik bakgrunn i større grad stansar utdanningsløpet etter VGS hos den yngste kohorten. For immobile respondentar frå denne gruppa er tala oppsiktsvekkjande like dei vi fann for 55-kohorten.

¹³⁰ Basert på prosentar i mobilitetstabell 5.7 og utrekningar av oddsraten mellom oddsen for å ha høgare utdanning versus grunnskuleutdanning når fars høgaste utdanningsnivå er grunnskule for immobile (OR=0,097/0,259=0,374) og mobile (OR=0,113/0,196=0,576) respondentar.

¹³¹ Basert på prosentar i mobilitetstabell 5.7 og utrekningar av oddsraten mellom oddsen for å ha høgare utdanning versus grunnskuleutdanning når fars høgaste utdanningsnivå er høgare utdanning for immobile (OR=0,906/0,016=56,625) og mobile respondentar (OR=1,016/0,025=40,64).

¹³² Dette er basert på oddsraten mellom oddsen for å ta høgare utdanning versus grunnskuleutdanning for immobile (OR=0,244/0,125=1,952) og mobile (OR=2,494/0,256=9,74), samt oddsraten mellom oddsen for å ta VGS versus grunnskule (OR=2,244/0,125=17,852 og OR=2,494/0,089=2802) og høgare utdanning (OR=2,244/0,244=9,196 og OR=2,494/0,256=9,74).

Tabell 5.7: Krysstabell av sammenhengen mellom fars høgaste utdanningsnivå 1970 * respondentens høgaste utdanningsnivå 1990 * respondentens geografiske mobilitet. Utflyttingsprosentar med råfrekvensar i parentes. 55-kohorten. N=6162 Chi-Square test*** df. 4

| | | Responentens høgaste utdanningsnivå 1990 | | | Total |
|----------------------|----------------------------------|--|--------------------|-------------------|------------|
| | Fars høgaste utdanningsnivå 1970 | Grunnskule | VGS | Høgare utdanning | |
| <i>Ikkje-flyttar</i> | Grunnskule | 20,6 (374) | 70,6 (1282) | 8,9 (161) | 100 (1817) |
| | VGS | 11,2 (108) | 69,2 (669) | 19,6 (190) | 100 (967) |
| | Høgare utdanning | 1,6 (2) | 50,8 (62) | 47,5 (58) | 100 (122) |
| | Total | 16,7 (484) | 69,3 (2013) | 14,1 (409) | 100 (2906) |
| <i>Flyttar</i> | Grunnskule | 16,4 (363) | 73,4 (1623) | 10,2 (225) | 100 (2211) |
| | VGS | 8,2 (76) | 71,4 (661) | 20,4 (189) | 100 (926) |
| | Høgare utdanning | 2,5 (3) | 47,1 (56) | 50,4 (60) | 100 (119) |
| | Total | 13,6 (442) | 71,9 (2340) | 14,6 (474) | 100 (3256) |

Det er vanskeleg å avgjere i kva grad flyttheandlinga kan seiast å moderere effekten av sosial bakgrunn. Vi ser imidlertid at reproduksjonen av fars utdanningsnivå er lågare for flyttarane når far har grunnskule som einaste utdanning, noko som ikkje er tilfellet for respondentar frå dei andre utdanningsbakgrunnane. Migrasjon kan med andre ord sjå ut til å moderere effekten av ein mindre privilegert bakgrunn. Denne sammenhengen aukar dessutan svakt for den yngste kohorten, slik at tendensen ser ut til å vere tiltakande. Det kan også sjå ut til at effekten av ein privilegert bakgrunn modererast til ein viss grad, med omsyn til den aukande sjansen for fallande langdistansemobilitet. Den dempende effekten flyttheandlinga ser ut til ha i dette høvet er imidlertid så svak at det ikkje vurderast det som ein like relevant effekt for vårt utval. Dessutan tydar resultatata frå 60-kohorten på at dette berre er tilhøvet hos den eldste kohorten. Gitt desse resultatata kan det tyde på at barna frå mindre privilegerte familiar i større grad er prega av lokale og familiære sosiale og kulturelle forpliktelsar og avgrensingar, ved at effekten av å flytte frå fødestaden i større grad førar til oppadgåande mobilitet enn for dei andre gruppane (Blau & Duncan 1967: 251).

5.4 Oppsummering og konklusjon

Analysane i dette kapitlet har demonstrert at sosial bakgrunn har vore av betydning for utdanningsposisjonane til respondentar som vaks opp på Vestlandet i etterkrigstida. Sammenhengane mellom fars utdanningsnivå og klasse og barnets utdanningsnivå er sterke, og tydeleg klassestrukturerte. Sjansen for å velje høgare utdanning har auka i alle klassar, og det har vore ein

generell auke i etterspurnaden etter høgare utdanning i perioden. Dette gjeld spesielt for kvinner, noko som kjem fram av endringa i effekten av kjønn på respondentens utdanningsnivå i tabell 5.1 og 5.2 (sjå t.d Hansen 1999: 196). Samstundes har talet posisjonar på grunnskulenivå vorte kraftig redusert, noko som blant anna har ført til at stadig fleire har teke vidaregåande opplæring. Vi ser likevel at dei relative utdanningssjansane er tydeleg klassestrukturerte - dess høgare opp i utdanningshierarkiet far har funne seg, dess høgare sjansar har barnet hatt for å ta høgare utdanning. Svaret på problemstilling fire vert med andre ord at ja - utdanningsposisjonar har vorte reproduisert intergenerasjonelt for kohortane fødd i 1955 og 1960, og effekten av utdanningsbakgrunn har vore sterk. I høve til problemstilling fem og effekten av dei ulike forklaringsvariablane fann vi at forutanom den sterke effekten av fars utdanning, var også fars klasse av betydning for å forklare variasjonen i barnas utdanningsnivå. Konklusjonen her er at sjansane for at respondenten har avslutta utdanningsløpet etter den obligatoriske skulegangen fell gradvis dess lenger opp i klassehierarkiet ein kjem. Også kjønn, fødekommune og flyttestatus visar seg å ha ein effekt på utdanningsnivå, for dei to sistnemnde blir relevansen av desse som forklaringsvariablar drøfta opp mot problemstilling seks til åtte i dei fylgjande avsnitta.

Vi såg med omsyn til effekten av fødekommune og fordelingane i tabell 5.5 at hypotesen om det opne bysamfunnet, må avvisast. Utdanningsmobiliteten i dei minst sentrale kommunane har vore både meir omfattande og til dels mindre klassestrukturert enn kva som har vore tilfellet i dei meir sentrale, eller tenesteytande kommunane. Resultata tydar på at utdanningsmobiliteten for respondentar med opphav i dei sentrale kommune i større grad har vore prega av ein sosial struktur med sterke barrierar som hindrar rørsle i utdanningssystemet, både i høve til oppadgåande og nedadgåande utdanningsmobilitet. Ikkje overraskande fann vi også fleire respondentar på VGS-nivå i dei minst sentrale kommunane enn vi gjorde i dei andre kommunekategoriar. Det kan med andre ord tyde på at sjølv om klassestrukturane ikkje har vore like klart definerte i desse kommunetypane, har det eksistert geografiske hindringar i høve til å ta høgare utdanning. Dette kan delvis forklarast med at institusjonane for høgare utdanning har vore, og framleis er, sentralt plasserte, og at det vidaregåande utdanningssystemet i større grad har vore eit desentralisert og meir tilgjengeleg utdanningssystem. Vi konkluderer med at det *er* strukturelle skilnader i mønster for reproduksjon av utdanningsnivå og utdanningsmobilitet for ulike geografiske kontekstar i Vestlandsregionen for respondentar som har vekse opp i etterkrigstida, men at det er vanskeleg å gje klare definisjonar av kva dei interne mobilitetsmønstra reflekterer i form av strukturelle og kulturelle skilnader då resultata tidvis er noko ambivalente. Den eine konklusjonen som dras er imidlertid den at

bysamfunnet *ikkje* representerer eit opnare og mindre klassestrukturert sosialt system samanlikna med andre, mindre sentralt plasserte geografiske sosiale system.

Når det kjem til spørsmålet om geografisk mobilitet har auka sannsynet for oppadgåande utdanningsmobilitet er svaret ja. Det tydar på at geografisk mobile respondentar samla sett har oppnådd høgare utdanningsposisjonar enn immobile respondentar. Det er imidlertid vanskeleg å skildre kausaliteten i dette funnet, slik at dette kan også vere ein effekt av at høgare utdanna individ i større grad har vore mobile *før* fullført utdanning som ein del av strategi for å oppnå dei kvalifikasjonane høgare utdanning kan gje.¹³³ Det vart tidlegare i kapittelet ytra at flyttehandlinga kunne tenkjast ha ein medierande effekt på sosial bakgrunn, dette vert delvis bekrefta for respondentar frå dei minst privilegerte utdanningsbakgrunnane, der det å flytte reduserte sjansen for å reprodusere fars utdanningsnivå. Vi kan imidlertid *ikkje* bekrefte Blau og Duncans (1967) påstand om at flyttehandlinga jamner ut sosial skilnadar, då den *relative* utdanningsulikskapen er den same både i gruppa for mobile og immobile respondentar i vårt utval. Dei same barrierane og mobilitetsbanane vi har identifisert tidlegare ser dessutan ut til å gjelde uansett om ein er flytta eller *ikkje*.

Det kan sjå ut til at masseutdanninga av befolkninga *ikkje* har hatt den utjamnande effekten som Blau og Duncan (1967) såg for seg, sjølv om effekten av arv truleg har avtatt noko. Utdanningsnivået har utvilsamt auka, og den strukturelle utdanningsmobiliteten har vore omfattande. I fylgje Ringdal har også den relative utdanningsulikskapen også minska noko. Ringdal (2001) konkluderer på bakgrunn av eit utval norske studiar blant anna med at den norske utdanningsekspløsjonen har ført til ein viss grad av utjamning av sosiale ulikskapar i utdanningsnivå. Han finn også at fleire oppnår høgare utdanning og ettertrakta posisjonar enn før ved at sjansane for å oppnå høgare utdanning kontrollert for den generelle auka i utdanningsnivået har vorte noko høgare enn tidlegare.¹³⁴ Analysane av vårt empiriske materiale fortel oss likevel at sosial bakgrunn framleis er høgst relevant i høve til å skildre individets sjansar for å ende opp i gitte posisjonar i utdanningshierarkiet, og at ein privilegert sosial bakgrunn framleis gir individet ein fordel som med stort sannsyn leiar til privilegerte utdanningsposisjonar også for neste generasjon.

¹³³ Prosentdel av det totale talet mobile respondentar frå gitt utdanningsbakgrunn: grunnskule 54,89%, VGS 48,92% og høgare utdanning 49,38%.

¹³⁴ Denne utjamningsprosessen ser imidlertid ut til å ha stoppa opp på eit gitt tidspunkt (sjå Ringdal 2001: 194-195).

I det neste kapittel skal klassemobiliteten for 55- og 60-kohorten utforskast nærare. Finn vi då at klassemobiliteten også er geografisk strukturert? Og kva betydning har geografisk mobilitet for klassemobilitet og effekten av klassebakgrunn? Dette er blant spørsmåla vi søker svar på i det fylgjande kapitlet.

6 Klassemobilitet

I dette kapitlet skal respondentens klassemobilitet undersøkjast. I forrige kapittel avdekte våre analysar at sosial bakgrunn var av stor betydning for kva utdanning respondenten tok, dette på tross av den generelle auka i utdanningsnivået i befolkninga. Samanhengane i utdanningsnivå mellom generasjonane var dessutan tydeleg klassestrukturerte, blant anna såg vi at sjansane for at respondenten hadde avslutta utdanningsløpet etter den obligatoriske skulegangen fall gradvis dess lenger opp i klassehierarkiet ein kom. Kan vi avdekkje liknande mønster når vi studerer respondentens klasseposisjon? På bakgrunn av dei overordna forskingsspørsmåla i oppgåva er fylgjande problemstillingar formulert for å kunne tilnærme seg desse spørsmåla når hovudfokuset er respondentens klasseposisjon:

9. *I kva omfang vert sosiale klassar reprodusert intergenerasjonelt?*
10. *Kva effekt har sosial og geografisk bakgrunn på respondentens klasseposisjon? Og kva implikasjonar har den endra kjønnsbalansen i arbeidsmarknaden hatt for den observerte klassemobiliteten?*
11. *Er det strukturelle skilnader i mønster for reproduksjon av klasseposisjonar og klassemobilitet for ulike geografiske kontekstar i Vestlandsregionen? I kva grad er regionen prega av systematisk ulikskap?*
12. *I kva geografisk kontekst er klassemobiliteten høgast og lågast?*
13. *Er geografisk mobilitet assosiert med hierarkisk høgare plasserte klasseposisjonar? Og reduserer migrasjon bort frå fødestaden effekten av sosial bakgrunn på respondentens klasseposisjon?*

6.1 Analysen

Den føreliggjande analysemodellen har fått namnet OGE-D og tar sikte på å studere effektane av sosial bakgrunn, geografisk opphav, kjønn og geografisk mobilitet på respondentens klasseposisjon gjennom multinomisk logistisk regresjonsanalyse. Vidare vil samanhengane mellom fars og respondentens klasse, fødekommune og geografiske mobilitet verte ytterlegare studert gjennom mobilitetstabellar.

Noreg har sidan etterkrigstida vore gjennom ekstensive samfunnsendringar, frå industrialisering og gradvis og konsekvent reduksjon av omfanget til den tradisjonelle primærnæringa, til av-industrialisering og vekst i offentleg- og tenesteytande sektor. Samstundes har

sentraliseringstendensen og veksten rundt og i dei store byane vore omfattande (Hjellbrekke & Korsnes 2012: kap.4). Generelt kan ein seie at den yrkes- og næringsstrukturen far var ein del ved målepunktet 1970 er ein radikalt anna enn den respondenten finn seg i i 1990. Den strukturelle mobiliteten er med dette venta å vere betydeleg og mobilitetsbanane prega av dei strukturelle endringane. Spørsmålet er då om vi kan identifisere bestemte klassestrukturerte mobilitetsmønster i Vestlandsregionen i den aktuelle tidsperioden, og om utflyten til dei ulike klassane fylgjer bestemte kriterier. Forventinga er at utflyten til service- og rutinefunksjonærklassen vil vere omfattande som fylgjer av ekspansjonen av tertiærnæringa, men det er uklårt i kva grad vi vil finne reproduksjon av klasseulikskap og kvar denne eventuelt er tydelegast. I tråd med Goldthorpes (2000) teori om klassestrukturerte mobilitetsstrategiar er det imidlertid venta å finne ein viss grad av samsvar mellom ressursgrunnlag formulert som klassebakgrunn, og respondentens klasseposisjon. Ved å studere respondentanes rørsler i ein mobilitetstabell vil vi kunne undersøkje om vi finn at enkelte mobilitetsløp er vanlegare hos enkelte klassar enn andre, og om enkelte klassar møtar barrierar mot ulike formar for mobilitet. Det gir samstundes mogelegheita til å studere sjansane for å hamne i ein gitt klasseposisjon samanlikna med ein annan.

Med omsyn til det teoretiske rammeverket om divergerande sosiokulturelle sosiale system operasjonalisert som geografisk kontekst, her i form av respondentens fødekommune, forventer vi også å finne ulike mobilitetsmønster og ulik grad av klassereproduksjon på tvers av den geografiske dimensjonen. Dette då eigenskapar ved respondentens geografiske oppvekstkontekst ventast å forme klassestrukturar og mobilitetsmønster ulikt. Til dømes hevdar Listhaug (et.al.1982) at ein kan anta at partikularistiske kreftar for *status allokering* er sterkare i distrikta enn i urbane område, om det er slik at dette let seg overføre til eit klasseorientert fokus på ulikskap kan ein også anta at klassestrukturane er sterkare i slike samfunn. Det kan på den andre sida tenkjast, jamfør Blau og Ducans (1967) studiar som også er basert på slike prestisjedefinerte ulikskapsmål, at fylgjene av moderniseringsprosessane ein har vore gjennom både økonomisk, sosialt, kulturelt, teknologisk og politisk kan vere at ein i *mindre* grad vil observere klasserelaterte skilnader internt i og mellom geografiske kontekstar. Om dette er tilfellet eller om substansielle skilnader faktisk eksisterer vil vi prøve å få svar på i dette kapitlet. Effekten av å vere flytta vil som i forrige kapittel undersøkjast nærare i den logistiske regresjonsanalysen og gjennom mobilitetstabellane. Gitt Blau og Ducans liberale teori om modernisering og med dette den avtakande relevansen av sosial bakgrunn vil hypotesen vere at effekten av *kjøn*n så vel som sosial arv vil vere avtakande. Implikasjonane av den ekspanderande universalismen vil forutanom auka yrkesdeltaking for kvinner, vere at kjønnskilnader i yrkes-, eller klassesdimensjonen, reduserast (Ringdal 1990: 16).

Analysen vil starte med å presentere resultatene frå den multinomiske regresjonsanalysen og med dette gje høve til å svare på problemstilling ni, ti, og tretten. Deretter vil samtlege problemstillingar, sett bort i frå problemstilling ti, verte diskutert opp mot fordelingane i tre ulike mobilitetstabellar. I fyrste omgang vil den intergenerasjonelle mobiliteten mellom far og barn presenterast i ein enkel mobilitetstabell. Deretter leggjast kommunekategorien til som nivå på rekkjevariabel fars klasse, slik at vi får høve til å studere dei interne klassemobilitetsstrukturane for kvar kommunekategori og med dette tilnærme oss problemstilling elleve. For å kunne svare på den siste problemstillinga (13) differensierast det mellom flyttarar og ikkje-flyttarar i mobilitetstabellen bestående av fars og respondentens klasse. Avslutningsvis vil funna oppsummerast og diskuterast opp mot problemstillingar, relevant forskingslitteratur og teori.

6.2 Multinomisk logistisk regresjonsanalyse

Resultata frå regresjonsanalysen i tabell 6.1 vil bli presentert samla då både Wald og LR-test av høvesvis koeffisientar og variablar visar at svært få av koeffisientane i modellen er signifikante.¹³⁵ Av dette kan vi *ikkje* avvise hypotesen om ingen samanheng, og heller ikkje utelukke sjansen for at den observerte effekten kan vere eit resultat av tilfeldigheter (Skog 2004: 102-103).¹³⁶ Resultata vi omtalar representerer som nemnd i forrige kapittel ein samalikning av effekten på referansekategori, som i denne modellen er klassen for ufaglærte arbeidarar. Før dei enkelte effektane i modellen kommenterast skal det nemast at den forklarte variansen i modellen i fylgje Nagelkerke-testen ser ut til å vere relativt høg med ein forklart varians på 0,514. Dette antas å hengje saman med den sterke samanhengen mellom utdanningsnivå og klasseposisjon, slik at forklaringskraften i OGE-D-modellen fylgjeleg vert høgare enn i dei to føregåande analysemodellane der slike kausale tilhøve ikkje er like tydelege.

Effekten av utdanningsbakgrunn og eigen utdanning på respondentens klasseposisjon

Om vi startar med å studere effekten av fars utdanning på respondentens klasseposisjon finn vi at strukturen i samanhengen ikkje fremgår heilt som forventa. Det ser ut til at respondentar i rutinefunksjonær- og serviceklassane har større sjansar for å ha ein far med utdanning på VGS-nivå enn for å ha ein far med høgare utdanning. Dette er motsett av det som er tilfellet for dei resterande klassane. Sjansane for at far har grunnskule som høgaste utdanningsnivå er berre minimalt mindre


¹³⁵ Tabell 6.2 med resultat frå 60-kohorten vert presenterert i appendiks C.

¹³⁶ Som omtala tidlegare er respondentens klasse 1990 basert på målingar frå utvaldsdata, slik at større omsyn til signifikanstestar må føreliggje under tolkingprosessen enn for dei to føregåande analysane.


enn sjansane for at far har høgare utdanning for respondentar i rutinefunksjonærklassen. Dette kan mogelegeins skuldast veksten i teneste- og servicesektoren, med den konsvekvens at desse klassane har rekruttert breitt og at delen med fedre med høgare utdanning var høvesvis låg (Frønes & Brusdal 2003). Denne effekten er imidlertid ikkje signifikant.

Samanhengen mellom respondentens utdanning og klasseposisjon er derimot signifikant. Koeffisientane påvisar ein sterk negativ effekt av å ha grunnskule eller VGS som høgaste utdanningsnivå på verdien serviceklasse. Det er høvevis 99,8% og 97,5 % mindre sjanse for at respondentar i serviceklassen har eit av dei to kortaste utdanningsløpa enn at dei har teke høgare utdanning. Det er med andre ord ein svært liten sjanse at respondentar i serviceklassen har grunnskule eller VGS som einaste utdanning. Den same tendensen er tydeleg også om respondentens klasse er rutinefunksjonær. Dette mønsteret teiknar seg også for dei resterande klassane i modellen, sjansane for å ha VGS samanlikna med høgare utdanning er noko høgare enn sjansane for å ha utdanning på grunnskulenivå, og det kan sjå ut til at bøndene og dei faglærte arbeidarane i størst grad har vidaregåande utdanning. Denne effekten er imidlertid svakare enn den vi fann for rutinefunksjonær- og serviceklassen. Her er det også viktig å hugse på at dette er ein samanlikning med utdanningsnivået hos dei ufaglærte arbeidarane, tendensen er uansett klar - sjansane for å ta høgare utdanning søkk gradvis dess lenger til høgre i modellen vi kjem. Det kan med andre ord tyde på at respondentar i dei to ikkje-manuelle klassane i stor grad tek høgare utdanning, og at dei gjer det oftare enn respondentar frå dei resterande klassane. Ein forklaring på dette er at krava til formell utdanning utover vidaregåande opplæring med stort sannsyn vil vere høgare internt i desse klassane enn kva dei er i klassane for bønder og i arbeidarklassane. Med omsyn til den tidlegare omtala auka i utdanningsnivå i den norske befolkninga såg vi at fleire fekk høve til å skaffe seg formelle kvalifikasjonar og med dette finne vegen inn i dei ikkje-manuelle klassane. For den yngste kohorten ser vi interessant nok at skiljet mellom utdanningsnivået hos arbeidarklassen og dei ikkje manuelle-yrka *aukar*, faglærte arbeidarar vil i langt større grad ha grunnskule eller VGS enn høgare utdanning enn kva vi fann at var tilfellet for den eldste kohorten.¹³⁷ Det kan tyde på at klasseskiljene manifesteres i utdanningsskilnader, og at kravet om formelle kvalifikasjonar både for dei ikkje-manuelle klassane og faglærte arbeidarar vert av stadig større betydning som ein implikasjon av det stigande utdanningsnivået i befolkninga (Ringdal 2001: 194). Figur 6.1 og 6.2 understrekar dette, samstundes som dei illustrerer korleis enkelte utdanningsgruppar klyngjer seg i ulike klassar:

¹³⁷ 60-kohorten: OR=2.245 (grunnskule), OR=6.887 (VGS).



Figur 6.1: Utdanningsnivå fordelt på klasse 1970



Figur 6.2: Utdanningsnivå fordelt på klasse 1990

Intergenerasjonell reproduksjon av klasseposisjonar

Reproduksjonen av klasseposisjonar er tydeleg i samtlege klassar. Spesielt sterk er sjølvrekrutteringa i klassen for bønder og rutinefunksjonærer, men berre samanhengen mellom bønder og faglærte arbeidrar er signifikant. Faglærte arbeidrar har også i stor grad

arbeidarklassebakgrunn, men generelt ser vi at rekrutteringa til denne klassen femner breitt og i langt større grad enn kva som er tilfellet for bøndene, der sjansen for at far var i same klasse eller i rutinefunksjonærklassen er langt høgare enn for at dei tilhørte arbeidarklassen eller serviceklassen. Samanhengen mellom klasseposisjonane i dei to generasjonane vil undersøkjast nærare i mobilitetstabell 6.3.

Geografiske variasjonar i klassestruktur

Resultata frå tabell 6.1 synar vidare at respondentar i service- og rutinefunksjonærklassen i størst grad har opphav frå sentrale eller tenesteytande kommunar, og at faglærte arbeidarar i størst grad kjem frå dei minst sentrale kommunane. Effektane er imidlertid ikkje eintydige eller spesielt sterke, og ei heller ikkje signifikante. Dette gjeld samtlege samanhengar mellom klasse og fødekommune. Årsaken til dette er vanskeleg å fastslå, det er imidlertid to forklaringar som synast mest plausible i vårt tilfelle: (1) at talet observasjonar er for lågt, dette er tilhøve som kan føre til store standardfeil og vanskar med å påvise ein faktisk samheng mellom variablane, eller (2) at det rett og slett ikkje er nokon relevant samheng mellom klasseposisjon og fødekommune (Skog 2004: 228-9, 371).¹³⁸

I det siste høvet kan vi anta at plassen ein vert fødd (og oppvaksen) *ikkje* påverkar kva klasseposisjon ein får i vaksen alder, eller at dei observerte effektane ikkje er signifikant forskjellige frå referansekategoriene sentrale tenesteytande kommunar. Dette spørsmålet og meir generelt problemstillingane som er knytt til respondentens geografiske opphav fylgjer vi opp i avsnitt 6.3 med utgangspunkt i tabell 6.5 (og 6.6).

¹³⁸ I logistisk regresjon vil sannsynsfordelinga for parameterestimata vere tilnærma lik normalfordelinga, forusatt at talet observasjonar er stort nok. Celler med få observasjonar utgjer imidlertid ein utfordring i logistisk regresjon. I fylgje Skog (2004: 371) kan celler med få observasjonar (t.d under 5) føre til at sannsynsfordelinga til parameterestimata vil kunne avvike frå normalfordelinga, med den konsekvens at konfidensintervall og signifikanssannsyn kan verte feilaktige. LR-testen er mindre følsom for nemnde avgrensingar, men heller ikkje desse testane framvisar signifikante samanhengar.

Tabell 6.1: OGE-D-modell: Multinomisk logistisk regresjonsanalyse av respondentens klasse. Parameterestimator i logis og oddsratio. 55-koHORTen. Referansekategori i avhengig variabel: Ujaglært arbeidar

| | Serviceklasse | | | Rutinefunksjoner | | | Bonde | | | Faglært arbeidar | | | LR-test |
|--|---------------|------|--------|------------------|------|--------|---------|-------|--------|------------------|------|--------|---------|
| | B | S.E | Exp(B) | B | S.E | Exp(B) | B | S.E | Exp(B) | B | S.E | Exp(B) | |
| <i>Fars høgare utdanningstrivd</i> | | | | | | | | | | | | | |
| Grunnskule | -.360 | .336 | .697 | -.034 | .337 | .966 | -.240 | .488 | .787 | -.388 | .365 | .678 | .687 |
| VGS | .240 | .369 | 1.271 | .146 | .378 | 1.158 | -.488 | .563 | .614 | -.348 | .410 | .706 | .459 |
| <i>Fars klasse</i> | | | | | | | | | | | | | |
| Serviceklasse | .425 | .295 | 1.529 | -.023 | .305 | .977 | -.107 | .494 | .898 | .422 | .335 | 1.525 | .255 |
| Rutinefunksjoner | .252 | .397 | 1.287 | .656 | .379 | 1.889 | .327 | .577 | 1.387 | .499 | .433 | 1.648 | .429 |
| Bonde | .032 | .233 | 1.032 | -.316 | .225 | .729 | .803* | .287 | 2.232 | .258 | .251 | 1.294 | .002 |
| Faglært arbeidar | -.009 | .215 | .991 | -.020 | .204 | .980 | -.408 | .348 | .665 | .649** | .224 | 1.914 | .005 |
| <i>Respondentens fødekommune</i> | | | | | | | | | | | | | |
| Primærnæringskommune | -.322 | .312 | .725 | -.326 | .301 | 1.170 | -.103 | .440 | .902 | .187 | .319 | 1.205 | .492 |
| Blanda landbruks- og industrikkommune | -.524 | .313 | .592 | -.375 | .296 | .688 | .355 | .403 | 1.425 | .095 | .325 | 1.100 | .110 |
| Industrikkommune | -.317 | .241 | .729 | -.494 | .239 | .610 | -.087 | .362 | .917 | -.148 | .260 | .863 | .315 |
| Mindre sentral blanda tenesteytande- og industrikkommune | -.511 | .292 | .600 | -.277 | .283 | .758 | .095 | .403 | 1.099 | -.372 | .315 | .689 | .358 |
| Sentral blanda tenesteytande- og industrikkommune | .057 | .353 | 1.058 | .167 | .339 | 1.181 | .600 | .472 | 1.822 | .050 | .385 | 1.051 | .767 |
| Mindre sentral tenesteytande kommune | .060 | .294 | 1.062 | .137 | .287 | 1.146 | -.185 | .472 | .831 | -.206 | .325 | .814 | .840 |
| <i>Flytta</i> | | | | | | | | | | | | | |
| Respondentens utdanningstrivd | -.008 | .178 | .992 | -.126 | .173 | .881 | .171 | .248 | 1.187 | .114 | .190 | 1.121 | .681 |
| <i>Respondentens utdanningstrivd</i> | | | | | | | | | | | | | |
| Grunnskule | -6.146*** | .652 | .002 | -2.065** | .658 | .127 | -1.356 | .955 | .258 | -1.192 | .760 | .303 | .000 |
| VGS | -3.704*** | .591 | .025 | -.973 | .640 | .378 | -.429 | .925 | .651 | -.327 | .741 | .721 | .000 |
| Kvinne | .314 | .169 | 1.368 | 2.192*** | .173 | 8.949 | .059*** | .234 | 1.061 | -2.455 | .294 | .086 | .000 |
| Konstant | 4.395*** | .685 | | .675 | .730 | | -.476 | 1.054 | | .950 | .828 | | .000 |
| -2LL Chi-Square (df) 1202.759 (64)*** | | | | | | | | | | | | | |
| Nagelkerke R ₂ .514 | | | | | | | | | | | | | |
| N 1795 | | | | | | | | | | | | | |

*** $p < 0.001$. ** $p < 0.005$. Ref. Høgare utdanning. Ujaglært arbeidar. Sentrale tenesteytande kommunar

Samanhengen mellom respondentens klasse og geografiske mobilitet

Analysemodellen OGE-D synar at bønder og faglærte arbeidarar i større grad er geografisk mobile enn respondentar frå service- og rutinefunksjonærklassen, samanlikna med respondentar frå klassen for ufaglærte arbeidarar. Men heller ikkje desse effektane er signifikante, og vi kan ikkje konkludere med at flytting har nokon effekt på respondentens klasseposisjon. Effekten av respondentens geografiske mobilitet vil bli studert og diskutert ytterlegare i avsnitt 6.3.

Effekten av kjønn på respondentens klasseposisjon

Det går fram av analysen at klassestrukturen i den aktuelle tidsperioden er tydeleg kjønnsespesifikk. Kvinner har heile ni gangar så stor sjanse for å tilhøyre klassen for rutinefunksjonærar enn kva menn har. Dette er i tråd med dei funna Ringdal (2001) gjer i si undersøking av klassestrukturane i det norske samfunnet frå 1973 til 1995, og er i stor grad knytt til kvinners inntog på arbeidsmarknaden i den aktuelle tidsperioden, men også til det som hevdast å vere ein sterkt kjønnssegregert norsk arbeidsmarknad (Hjellbrekke & Korsnes 2012: 136, Ringdal 1990: 210-211). Kvinner ser også ut til å vere overrepresentert i serviceklassen, her har ein imidlertid grunn til å tru at det eksisterer klasseinterne kjønnskilnader. Hjellbrekke og Korsnes (2012) finn til dømes at dobbelt så mange menn som kvinner er å finne i *øvre serviceklasse*, noko som tilseier at kvinnene vil vere overrepresenterte i *nedre serviceklasse* (sjå også Ringdal 1990).¹³⁹ Som i den nemnde undersøkinga til Ringdal (2001) finn også vi at kvinner er underrepresentert i arbeidarklassen, ein av fleire forklaringar på dette er knytt til den norske EGP-klassifikasjonen av ufaglærte arbeidarar og rutinefunksjonærar som indirekte segmenterer kjønna i ulike klassar.¹⁴⁰ For fleire av yrkene som inngår i desse klassane krevjast det lite formell utdanning, arbeidstakaren har liten grad av autonomi og autoritet, og inntekten er ofte låg - dei er på fleire måtar mindre privilegerte. I fylgje Hansen og Engelstad (2003: 164) ville mange av yrka som inngår i rutinefunksjonærklassen hamna i arbeidarklassen i Erik Wrights (1997) klassifikasjon av klassar. I EGP-skjemaet eksisterer det imidlertid eit skilje mellom manuelle og ikkje-manuelle klassar ved at klassiske *kvinneyrker* inngår i klassen for rutinefunksjonærar og mannsdominerte yrke inngår i arbeidarklassen, slik at vi får ein tilsynelatande svært kjønnssegregert klassestruktur, noko vi også ser att fleire stadar i

¹³⁹ Dette er også strukturar som er observert i dei forberedande analysane til den føreliggjande studien.

¹⁴⁰ EGP-klasseskjemaet er som omtala tidlegare i oppgåva ein klassemodell designa for å skildre *menns* klassetilhøyring og sosiale mobilitetsrørslar, og er fylgjeleg ikkje kjønnsnøytralt. Det kan med dette vere problematisk å skildre kvinners posisjonar og rørslar med den same modellen (sjå t.d. Hjellbrekke & Korsnes 2012: 137-198, Hansen & Engelstad 2003: 163-164).

klassestrukturen (sjå t.d Hjellbrekke & Korsnes 2012, Ringdal 2001, Gooderham, Lindbekk & Ringdal 1994).¹⁴¹

At kvinner også ser ut til å ha større sjansar for å hamne i klassen for bønder enn kva menn har er uventa. For 55-kohorten er skilnaden mellom kvinner og menn minimal (5%), men for 60-kohorten visar oddsratioet at kvinner har heile 52% større sjansar enn menn for å verte bønder. Desse funna stridar mot dei Hjellbrekke og Korsnes (2012), og Ringdal (2001) gjer i sine studiar av den norske klassestrukturen i det same tidsrommet. Kva som står bak denne effekten er usikkert, det kan imidlertid tenkjast å vere relatert til studiens relativt breie definisjon av denne klassen. Det kan også tenkjast at vi finn geografiske skilnader av kjønneffekten. Med omsyn til funna som vart gjort i kapittel fire i høve til klassanes differerande flyttetilbøyelegheit langs den geografiske dimensjonen kan det tenkjast at denne klassen kan vere prega av andre sosiale strukturar og fylgje andre sosiale mekanismar for sosial rørsle i byane enn på bygda, denne studien førar imidlertid ikkje dit. Vi skal for øvrig teste dei geografiske skilnadane i sosial mobilitet og finne ut om geografisk opphav faktisk ser ut til å forme sosial mobilitet og klassestrukturar forskjellig på tross av kva resultat indikerte i tabell 6.1, dette skal vi studere nærare i neste avsnitt.

6.3 Mobilitetstabellar

Den sosiale strukturen for klassemobilitet


Fordelingane i tabell 6.3 gir at den totale mobiliteten for den eldste kohorten er på 75%, og det er tydeleg at talet posisjonar i dei ikkje-manuelle klassane har auka kraftig frå fedregenerasjonen til den barnegenerasjonen. Storleiken på serviceklassen har auka til omlag det dobbelte, medan rutinefunksjonærklassen har vorte nesten fem gonger så stor.¹⁴² I tillegg har det vore ein klår tilbakegang i talet posisjonar i arbeidarklassane og i klassen for bønder. Ein har med andre ord fått ein meir middelklassedominert klassestruktur, ein observasjon som stemmer overeins med den generelle utviklinga i norske samfunnet i det aktuelle tidsrommet (sjå t.d Ringdal 1990, 2001).¹⁴³ Dette illustrerast i figur 6.3 og 6.4. Denne utviklinga forklarar også den utstrakte utflyten inn i dei ikkje-manuelle klassane, og den sterke utflyten frå klassen for bønder (og med dette tilsette i

¹⁴¹ Rutinefunksjonærar er imidlertid sett på som meir privilegerte av årsakar knytt til t.d inntekstryggleik, framtidssutsikt og utdanningsnivå. Dette då fleire av yrkene som inngår i klassen for rutinefunksjonærar er svært varierte, frå barnehageassistentar, sjukehuspersonale og butikktilsette, til arbeidsleiing, rettleiing, undervisning, arbeid innan kontor- og administrasjon, samt andre yrker som normalt krevjer minst 3-årig teoretisk utdanning (Gooderham, Lindbekk & Ringdal 1994).


¹⁴² Tabell 6.4 med fordelingane frå 60-kohorten vert presenterert i appendiks C.

¹⁴³ Sjå også Ringdal (2001) for eit oversyn over den sosiale mobiliteten til norske menn i 1995 og for den norske klassestrukturen 1973-1975 for både kvinner og menn.

primærnæringane og fiskarar) og frå arbeidarklassen inn i dei ikkje-manuelle klassane (sjå Ramsøy i Hjellbrekke & Korsnes 2012: 98). Det er imidlertid grunn til å tru at dette mobilitetsmønsteret skjular store kjønnsinterne skilnader som diskutert i avsnitt 6.2, slik at store delar av utflyten kan tilskrivas det at kvinner i større grad er yrkesaktive i barnegenerasjonen. Hjellbrekke og Korsnes (2012: 99) gjennomfører i boka *Sosial Mobilitet* analysar av yrkes- og klassemobilitet til kohortar fødd frå 1955 til 1974 ved bruk av EGP-skjemaet og med utgangspunkt i dei funna dei gjer der kan vi konkludere med at den observerte mobiliteten for Vestlandsregionen ser ut til fylgje den same strukturen som ein finn nasjonalt, dog med enkelte små avvik. Dette kan truleg tilskrivas det at tidsspennet i studien det refererast til studerer mobiliteten er langt større i deira analysar.



Figur 6.3: Klassestruktur 1970



Figur 6.4: Klassestruktur 1990

Det går fram av tabell 6.3 at det på tross av den omfattande utflyten til serviceklassen så er reproduksjonen av klasseposisjonar i toppen omfattande, heile 54,7% av respondentane i serviceklassen har også har ein bakgrunn frå serviceklassen. Likeeins ser vi at reproduksjonen er høg også i rutinefunksjonærklassen, der 38% reproduserer fars klasseposisjon. Samanliknar vi sjansen for å hamne i serviceklassen for respondentar med bakgrunn i serviceklassen med respondentar med ein bakgrunn frå den ufaglærte arbeidarklassen får vi at fyrstnemnde gruppe har dobbelt så stor sjanse for å verte rekruttert til serviceklassen enn sistnemnde gruppe.¹⁴⁴ Barrieren mot nedadgåande langdistansemobilitet inn i dei manuelle klassane ser også ut til å vere sterk, berre 9-10% av respondentar med bakgrunn i serviceklassen endar opp i arbeidarklassen. Ein mogleg forklaring på dette kan gjes med utgangspunkt i Goldthorpes (2007: kap. 7) teori om

¹⁴⁴ OR=1.207/0.369=3,27.

klassestrukturerte mobilitetsstrategiar der han hevdar at ein kan forvente stor grad av likskap i serviceklassens mobilitetsmønstre som fylgjer av klassens interne likskap i høve til sambandet mellom sosial bakgrunn og utdanning. I høve til den direkte effekten av sosial bakgrunn med omsyn til serviceklassens komposisjon av økonomiske, sosiale og kulturelle ressursar kan ein også anta at barn med bakgrunn i denne klassen har betre føresetnader for å få innpass i posisjonar innanfor serviceklassen. Familiens ressursar er med dette tenkt å lette reproduksjonsprosessen for respondentar med serviceklassebakgrunn, uavhengig av eigne prestasjonar, samstundes som sjansane for fallande mobilitet fylgjeleg vert mindre.

Tabell 6.3: Krysstabell av samanhengen mellom fars klasse 1970 * respondentens klasse 1990. Utflytsprosentar og råfrekvensar i parentes. 55-kohorten. N= 2401. Chi-square test*** df.16

| | <i>Respondentens klasse 1990</i> | | | | | <i>Total</i> |
|-------------------------|----------------------------------|-------------------|------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| <i>Fars klasse 1970</i> | Serviceklasse | Rutinefunksjonær | Bonde | Faglært arbeidar | Ufaglært arbeidar | |
| Serviceklasse | 54,7 (215) | 22,9 (90) | 3,3 (13) | 9,4 (37) | 9,7 (38) | 100 (393) |
| Rutinefunksjonær | 33,3 (50) | 38,0 (57) | 4,0 (6) | 14,7(22) | 10,0 (15) | 100 (150) |
| Bonde | 27,5 (151) | 28,7 (158) | 11,8 (65) | 13,3 (73) | 18,7 (103) | 100 (550) |
| Faglært arbeidar | 27,1 (178) | 31,7 (208) | 5,0 (33) | 19,8 (130) | 16,3 (107) | 100 (656) |
| Ufaglært arbeidar | 27,0 (176) | 30,8 (201) | 6,4 (42) | 15,0 (98) | 20,7 (135) | 100 (652) |
| Total | 32,1 (770) | 29,7 (714) | 6,6 (159) | 15,0 (360) | 16,6 (398) | 100 (2401) |

Respondentar med rutinefunksjonærbakgrunn ser ut til å ha større sjansar for krysse sektorbarrieren mellom ikkje-manuelle til manuelle klassar enn respondentar frå serviceklassen. I fylgje Hjellbrekke og Korsnes (2012: 99) heng dette saman med utdannings- og kvalifikasjonsnivået i familien. Studerer vi reproduksjonen av klasseposisjonar i arbeidarklassane ser vi den same tendensen. Den ufaglærte fraksjonen av arbeidarklassen vert også i noko større grad verande i den manuelle klassen enn dei med formelle kvalifikasjonar, samstundes som destinasjonen for langdistansemobilitet oppover i klassehierarkiet i langt større grad er rutinefunksjonærklassen enn serviceklassen. Dette er også tilfellet for respondentar med arbeidarklassebakgrunn frå den faglærte fraksjonen, her er det imidlertid ein større del enn i den ufaglærte delen som rekrutterast til serviceklassen. For 60-kohorten framstår arbeidarklassen som i større grad sosialt immobile enn for 55-kohorten. Sjansane for å krysse sektorgrensa over dei til ikkje-manuelle klassane søkk, spesielt

gjeld dette for mobilitet inn i serviceklassen. Særleg aukar immobiliteten for ufaglærte arbeidarar, der ein større prosentdel reproduserer fars klasse eller opplev kortdistansemobilitet til klassen for faglærte arbeidarar. For serviceklassen er nedadgåande langdistansemobilitet noko meir utbreitt, sjansen for nedadgåande kortdistansemobilitet er også vorte større.

Det konkluderast med at i motsetnaden til det som er tilfellet i toppen av klassehierarkiet reproduserast klasseposisjonane med *minst* utdanningskvalifikasjonar i større grad for arbeidarklassane, situasjonen er med dette at utdanningskvalifikasjonar går i arv på toppen medan mangelen på dette går i arv i botnen. Klassestrukturen ser med andre ord ut til å vere tett knytt til ressursar i form av utdanningskapital, slik at når Goldthorpe (2000, sjå også Goldthorpe & Erikson 1992) hevdar at mekanismane for klassestrukturert mobilitet er at ressursar formar handlingsmogelegheiter- og avgrensingar kan det tyde på foreldras ressursar i form utdanningskapital er det som i størst grad er med å forme barnas mobilitetsstratgiar for vårt utval.

Geografiske variasjonar i klassemobilitet

Dei statistiske analysane som ligg til grunn for resultatane som er presenterte i tabell 6.5 og 6.6 visar at det berre er enkelte delsamanhengar mellom respondentens klasseposisjon og fødekommune som er signifikante.¹⁴⁵¹⁴⁶ Dette må takast i betraktning når vi diskuterer resultatane under.

Den høgaste mobilitetsraten finn ein som venta i dei minst sentrale kommunane; i primærnærings- og dei blanda landbruks- og industrikommunane. Den totale klassemobiliteten i primærnæringskommunane ligg langt over gjennomsnittet på 75% i vårt utval med ein mobilitetsrate på heile 82%.¹⁴⁷ På den andre sida finn ein dei *minst* mobile respondentane i dei sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunane, med ein total mobilitet som ligg langt under gjennomsnittet ved 65%. Ein forklaring på den høge mobiliteten i dei minst sentrale kommunane kan vere at reduksjonen i talet posisjonar i bondeklassen har vore ekstra omfattande her slik at delar av den strukturelle mobiliteten kan tilskrивast *tvungen* utflyt frå primærnæringsretta yrke i denne klassen (Sørli 2003). Reduksjonen av posisjonar innanfor bondeklassen står for nesten halvparten (43%) av den totale strukturelle mobiliteten i den aktuelle kommunekategorien. Samstundes har

¹⁴⁵ Tabell 6.6 med fordelingane for 60-kohorten vert presentert i appendiks C.

¹⁴⁶ Chi-square-testane av krysstabellane mobilitetstabell 6.5 og 6.6 er basert på visar at modellen er statistisk signifikant, men at delsamanhengane mellom respondentens klasse og primærnæringskommunar, blanda landbruks- og industrikommunar, mindre sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunar og sentrale tenesteytande kommunar *ikkje* er signifikante.

¹⁴⁷ Nasjonalt ligg den totale klassemobilitet i fylgje Hjellbrekkes (2007) analysar av klassemobiliteten for 50- og 55-kohorten på 75,3%, dei same analysane av vestlandsregionen gir same mobilitetsrate som våre analysar, 75%.

auka i talet posisjonar innanfor serviceklassen vore noko større her enn i dei andre kommunekategoriene. Dette verkar imidlertid ikkje å vere heile forklaringa. Den totale tilbakegangen i arbeidarklassen har vore langt *mindre* i desse kommunane, samstundes som veksten i rutinefunksjonærklassen ikkje har vore like omfattande som den har vore i kommunar med langt mindre mobilitet. Til dømes har den prosentvise auka i rutinefunksjonærklassen i kommunekategorien som framviste den *lågaste* klassemobilitetsraten, dei sentrale blanda tenesteytande- og industrikommunane, vore på heile 740%. Vi såg i forrige kapittel at dei minst sentrale kommunane framsto som langt mindre klassestrukturerte enn dei meir sentrale kommunane då at den totale utdanningsmobiliteten var høgare og mobilitetsbarrierane svakare. Samanliknar vi respondentanes sjansar for å krysse sektorbarrierane i dei mindre sentrale kommunane med dei sentrale kommunane i klassemodellen verkar heller ikkje dette å vere forklaringa. Ein del av forklaringa kan derimot tenkjast å vere sosiokulturell og relatert til det Lindbekk (1983) refererer til som eit mindre definert sosialt system i bygdesamfunnet. Lindbekk hevdar at større valfridom og fleire referansepunkt for individet kjenneteiknar situasjonen i mindre sentrale sosiale system. Slike kontekstuelle kvalitetar kan tenkjast å internaliserast gjennom sosialiseringssprosessen i lokalsamfunnet jamfør hypotesen om lokale habitus og med dette skape større sosial mobilitet i eit samfunn som der individets posisjon *framstår* mindre tilskrive (sjå Bourdieu 2010 [1984]). Lindbekks funn i høve til yrkesmobilitet i sin studie av Trøndelagsregionen er forøvrig konsekvente med våre funn, i den grad desse funna er overførbare til analysar byggja på klasseformulerte ulikskapsmål, der han finn at korrelasjonen mellom fars og barnets yrke er større i byane enn på bygda, og at bygdesamfunnet er prega av større yrkesmobilitet. Han påpeikar samstundes verdien av den historiske svake lagdelinga i *herredskommunane* som ein forklaring på den observerte openheita (Lindbekk 1983: 97).

Om vi ser bort i frå dei ulike mobilitetsratane for kommunekategoriene som heilskap, vil det då etablerast eit mønster av systematisk reproduksjon av ulikskap på tvers av kommunekategoriene? Det kan sjå sånn ut. Det går fram av tabell 6.5 at størstedelen av respondentar med ein bakgrunn i serviceklassen er stabile i klassen. Dette er tilfellet for samtlege kommunekategoriar, og den høge intergenerasjonelle reproduksjonen av posisjonar innanfor denne klassen er påfallande konsekvent. Vi ser at prosentdelen som er stabile i serviceklassen varierer mellom kommunekategoriene, men tendensen er likevel eintydig. Der reproduksjonen er lågast, i blanda landbruks- og industrikommunar, er sannsynet for reproduksjonen 38,5%, medan sannsynet er høgast, i mindre sentrale tenesteytande kommunar, der prosentdelen som reproduserer fars klasse når denne er serviceklasse er på heile 60%.

Tabell 6.5: Krysstabell av samanhengen mellom fars klasse 1970 * respondentens fødekommune * respondentens klasse 1970. Utflyttingsprosentar med råfrekvensar i parentes. 55-kohorten. N= 1581. Chi-Square 100.609*** df.16

| | | Respondentens klasse 1990 | | | | | Total | Total mobilitet |
|--|-------------------|---------------------------|------------------|------------------|-------------------|-------------------|------------------|-----------------|
| | Fars klasse 1970 | Serviceklasse | Rutinefunksjonær | Bonde | Ufaglært arbeidar | Ufaglært arbeidar | | |
| Primærnæringskommunar | Serviceklasse | 46,2 (6) | 23,1 (3) | 15,4 (2) | 1,54 (2) | (0) | 100 (13) | 81,98% |
| | Rutinefunksjonær | 20,0 (2) | 40,0 (4) | (0) | 10,0 (1) | 30,0 (3) | 100 (10) | |
| | Bonde | 16,9 (11) | 29,2 (19) | 4,6 (3) | 29,2 (19) | 20,0 (13) | 100 (65) | |
| | Faglært arbeidar | 27,8 (10) | 27,8 (10) | 5,6 (2) | 22,2 (8) | 16,7 (6) | 100 (36) | |
| | Ufaglært arbeidar | 24,3 (9) | 32,4 (12) | 10,8 (4) | 10,8 (4) | 21,6 (8) | 100 (37) | |
| <i>Total</i> | | 23,6 (38) | 29,8 (48) | 6,8 (11) | 21,1 (34) | 18,6 (30) | 100 (161) | |
| Blanda landbruks- og industrikommunar | Serviceklasse | 38,5 (5) | 30,8 (4) | (0) | 15,4 (2) | 15,4 (2) | 100 (13) | 78,36% |
| | Rutinefunksjonær | (0) | 37,5 (3) | 25,0 (2) | 25,0 (2) | 12,5 (1) | 100 (8) | |
| | Bonde | 18,8 (13) | 27,5 (19) | 21,7 (15) | 15,9 (11) | 15,9 (11) | 100 (69) | |
| | Faglært arbeidar | 29,7 (11) | 16,2 (6) | 5,4 (2) | 16,2 (6) | 32,4 (12) | 100 (37) | |
| | Ufaglært arbeidar | 20,5 (9) | 36,4 (16) | 2,3 (1) | 22,7 (10) | 18,2 (8) | 100 (44) | |
| <i>Total</i> | | 22,5 (38) | 28,1 (48) | 11,7 (20) | 18,1 (31) | 19,9 (34) | 100 (171) | |
| Industrikommunar*** | Serviceklasse | 50,0 (22) | 29,5 (13) | 2,3 (1) | 6,8 (3) | 11,4 (5) | 100 (44) | 74,78% |
| | Rutinefunksjonær | 33,3 (8) | 45,8 (11) | (0) | 12,5 (3) | 8,3 (2) | 100 (24) | |
| | Bonde | 27,3 (15) | 21,8 (12) | 10,9 (6) | 14,5 (8) | 25,5 (14) | 100 (55) | |
| | Faglært arbeidar | 31,0 (35) | 25,7 (29) | 3,5 (4) | 21,2 (24) | 18,6 (21) | 100 (113) | |
| | Ufaglært arbeidar | 30,3 (33) | 23,9 (26) | 7,3 (8) | 16,5 (18) | 22,0 (24) | 100 (109) | |
| <i>Total</i> | | 32,8 (113) | 26,4 (91) | 5,5 (19) | 16,2 (56) | 19,1 (66) | 100 (345) | |
| Mindre sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunar | Serviceklasse | 50,0 (15) | 16,7 (5) | 3,3 (1) | 16,7 (5) | 13,3 (4) | 100 (30) | 76,88% |
| | Rutinefunksjonær | 20,0 (2) | 30,0 (3) | 10,0 (1) | 30,0 (3) | 10,0 (1) | 100 (10) | |
| | Bonde | 40,6 (26) | 26,6 (17) | 9,4 (6) | 7,8 (5) | 15,6 (10) | 100 (64) | |
| | Faglært arbeidar | 26,5 (13) | 28,6 (14) | 2,0 (1) | 20,4 (10) | 22,4 (11) | 100 (49) | |
| | Ufaglært arbeidar | 19,6 (9) | 32,6 (15) | 13,0(6) | 8,7 (4) | 26,1 (12) | 100 (46) | |
| <i>Total</i> | | 32,7 (65) | 27,1 (54) | 7,5 (15) | 13,6 (27) | 19,1 (38) | 100 (199) | |
| Sentrale, blanda tenesteytande- og industrikommunar*** | Serviceklasse | 48,5 (16) | 30,3 (10) | 3,0 (1) | 12,1 (4) | 6,1 (2) | 100 (33) | 65,35% |
| | Rutinefunksjonær | 60,0 (3) | 40,0 (2) | (0) | (0) | (0) | 100 (5) | |
| | Bonde | 18,2 (4) | 27,3 (6) | 27,3 (6) | 4,5 (1) | 22,7 (5) | 100 (22) | |
| | Faglært arbeidar | 24,2 (8) | 39,4 (13) | 9,2 (3) | 24,2 (8) | 3,0 (1) | 100 (33) | |
| | Ufaglært arbeidar | 23,5 (8) | 32,4 (11) | - (0) | 8,8 (3) | 35,3 (12) | 100 (34) | |
| <i>Total</i> | | 30,7 (39) | 33,1 (42) | 7,9 (10) | 12,6 (16) | 15,7 (20) | 100 (127) | |

| | | | | | | | | |
|--|-------------------|-------------------|-------------------|-----------------|------------------|------------------|------------------|---------------|
| Mindre sentrale tenesteytande kommunar*** | Serviceklasse | 60,0 (18) | 23,3 (7) | (0) | 3,3 (1) | 13,3 (4) | 100 (30) | 70,81% |
| | Rutinefunksjonær | 25,0 (3) | 58,3 (7) | 16,7 (2) | (0) | (0) | 100 (12) | |
| | Bonde | 40,6 (13) | 21,9 (7) | 12,5 (4) | 9,4 (3) | 15,6 (5) | 100 (32) | |
| | Faglært arbeidar | 23,4 (15) | 42,2 (27) | 1,6 (1) | 20,3 (13) | 12,5 (8) | 100 (64) | |
| | Ufaglært arbeidar | 27,7 (13) | 29,8 (14) | (0) | 17,0 (8) | 25,5 (12) | 100 (47) | |
| <i>Total</i> | | 33,5 (62) | 33,5 (62) | 3,8 (7) | 13,5 (25) | 15,7 (29) | 100 (185) | |
| Sentrale tenesteytande kommunar | Serviceklasse | 47,4 (36) | 21,1 (16) | 2,6 (2) | 15,8 (12) | 13,2 (10) | 100 (76) | 74,55% |
| | Rutinefunksjonær | 33,3 (13) | 38,5 (15) | (0) | 15,4 (6) | 12,8 (5) | 100 (39) | |
| | Bonde | 27,3 (12) | 27,3 (12) | 11,4 (5) | 18,2 (8) | 15,9 (7) | 100 (44) | |
| | Faglært arbeidar | 25,0 (29) | 35,3 (41) | 1,7 (2) | 22,4 (26) | 15,5 (18) | 100 (116) | |
| | Ufaglært arbeidar | 28,8 (34) | 33,9 (40) | 8,5 (10) | 13,6 (16) | 15,3 (18) | 100 (118) | |
| <i>Total</i> | | 31,6 (124) | 31,6 (124) | 4,8 (19) | 17,3 (68) | 14,8 (58) | 100 (393) | |

For dei resterande kommunekategoriene har om lag halvparten av alle medlem i serviceklassen også ein far i serviceklassen. Også rutinefunksjonærbarna går i størst grad til rutinefunksjonærklassen, i alle kommunekategoriene.

Med omsyn til den sterke reproduksjonstrenden som observerast for 55-kohorten i tabell 6.5 vert spørsmålet vidare kvar sjansen for oppadgåande langdistansemobilitet definert som rørsle frå manuell til ikkje-manuell sektor, ser ut til å vere størst. Og er det slik som mobilitetsforskarar som Ramsøy (1977) og Blau og Duncan (1967) hevdar i sine analysar av kohortar frå fyrste halvdel av 1900-talet at sjansane for oppadgåande mobilitet er størst i byane? Om vi studerer dette som sjansane for at respondentar med arbeidarklassebakgrunn vil finne vegen inn i dei ikkje-manuelle klassane finn vi at dei relative sjansane for dette er størst i dei sentrale tenesteytande kommunane, og i dei mindre sentrale tenesteytande kommunane.¹⁴⁸¹⁴⁹ Aller høgast er sjansane for å krysse sektorbarrieren mellom manuelle og ikkje-manuelle klassar i dei mest sentrale kommunane. Det kan med andre ord tyde på at sjansane for oppadgåande mobilitet er størst i sentrale strøk, eller der tenestenæringa er dominerande.¹⁵⁰ Denne samanhengen styrkar Lipset og Bendix' (1992 [1959])

¹⁴⁸ Sentrale blanda tenesteytande- og industrikommunar OR=1,48/0,55=2,652, Mindre sentrale tenesteytande kommunar OR=1,64/0,64=2,565, Sentrale tenesteytande kommunar OR=0,5/1,6=3,2 (ikkje-manuell/manuell).

¹⁴⁹ Eg har vald å ikkje inkludere klassen for bønder i utrekninga av oddsratar då denne gruppa er vanskeleg å definere ved same kriterier som dei øvrige, sjå øvrige skildringar av dette i kapittel 3. Ringdal (1990: 190) reknar langdistansemobilitet som mobilitet inn i service- og rutinefunksjonærklassen frå arbeidarklassen og tilsette i primærnæringane, sistnemnde inngår imidlertid i klassen for bønder i vårt utval.

¹⁵⁰ Vi hugsar frå kapittel tre at dei mindre sentrale tenesteytande kommunane antas å i større grad omfatte sentrale heller enn mindre sentrale strøk.

hypotese om bysamfunnet som det opnaste for sosial mobilitet, noko vi såg at *ikkje* var tilfellet når det gjaldt utdanningsmobilitet. Det skal imidlertid seiast at sjansen også er relativt høg i primærnæringskommunane, slik at ein slik slutning ikkje er heilt utan atterhald. Respondentar har minst sjanse for å oppleve oppadgåande langdistansemobilitet i dei blanda- landbruks og industrikommunane.¹⁵¹ Det kan tyde på at det å oppleve oppadgåande langdistansemobilitet er mindre vanleg for respondentar fødd i kommunar med industri som ein av hovudnæringsane. Det kan også sjå ut til at ein i dei blanda landbruks- og industrikommunane mekanismene for reproduksjon av mindre privilegerte posisjonar er sterkare her enn i dei andre kommunetypene, då oddsen for barn av arbeidarklassefedre for å bli værande i arbeidarklassen er langt høgare her. Når det kjem til å reprodusere dei mest privilegerte posisjonane synast derimot situasjonen å vere den motsette, då reproduksjonen i serviceklassen langt mindre her enn i dei andre kommunekategoriene.

Når det gjeld mobilitetsbanane til barn av faglærte- og ufaglærte arbeidarar gjerast dei same observasjonane her som i tabell 6.3. Rettast fokuset over på klassen for bønder og tilsette i primærnæringsklassen finn ein at utflyten frå denne klassen er den som framstår mest tilfeldig eller spreitt. Sett bort i frå i dei blanda landbruks- og industrikommunane, og i dei sentrale tenesteytande- og industrikommunane der ein like stor del går til bondeklassen som til rutinefunksjonærklassen, er utflyten i liten grad til bondeklassen sjølv av årsakar knytt til klassens avtakande storleik. For øvrig varierer utflyten av respondentar med bakgrunn i klassen for bønder veldig mellom kvar kommunekategori, men det er likevel tydeleg at denne gruppa som det store fleirtalet respondentar i modellen finn vegen inn i dei to klassane i den ikkje-manuelle sektoren. Elles ser det imidlertid ut til at respondentar med bondebakgrunn i varierende grad også ender i arbeidarklassen, utan at vi kan avdekke eit klårt mønster som kan forklare dette. Det kan mogelegeins tyde på at denne gruppa i *mindre* grad finn vegen inn i arbeidarklassen i dei sentrale eller tenesteytande kommunekategoriene. At denne klassens utflyt er så variert og utan klare mønster kan skuldast den enorme reduksjonen i posisjonar innad i denne klassen. Ramsøy (1977: 155-160) finn til dømes at barn av bønder vel så ofte gjekk til funksjonær- som industriarbeidaryrke, og at dette var knytt til den interne lagdelinga i primærnæringsrelaterte yrke og storleiken på gardsbruket. I dei forberedande analysane til denne studien observerte ein imidlertid at den interne strukturen i denne klassen i stor grad består av respondentar med bondebakgrunn, noko som også går fram av regresjonsanalysen.

¹⁵¹ Blanda landbruks- og industrikommunar OR= 1,07/0,80=1,337 (ikkje-manuell/manuell).

Så kva med den yngste kohorten, er den skildra situasjonen endra for respondentane fødd fem år seinare? Oppsummert ser det ut til at serviceklassen i noko mindre grad reproducerer seg sjølv. I primærnæringskommunane (og delvis i dei blanda landbruks- og industrikommunane) og i industrikommunane går flesteparten med serviceklassebakgrunn no til rutinefunksjonærklassen, noko som truleg kan tilskrivast kjønnsfaktoren. Store delar av utflyten er framleis til den ikkje-manuelle sektoren, men det ser også ut til at barn med rutinefunksjonærbakgrunn i større grad enn andre opplev nedadgåande langdistansemobilitet ned i arbeidarklassane. Også barn av bønder finn i større grad vegen inn i den faglærte fraksjonen av arbeidarklassen heller enn til dei ikkje-manuelle klassane enn det som var tilfellet for 55-kohorten.

Det kan tyde på at mobilitetsprosessane til respondenten ikkje varierer fundamentalt på tvers av geografisk opphav, men at ein i tråd med Goldthorpes (2000) antakingar om mekanismene bak reproduksjon av sosial ulikskap finn at mobilitetsmønstra fylgjer mykje av dei same mekanismene for reproduksjon av ulikskap. Så kva kan då effekten av å distansere seg sjølv frå tilskrivne geografiske eigenskapar vere?

Relevansen av migrasjon - klassemobilitet i lys av respondentens geografiske mobilitet

Det går fram av tabell 6.7 at den totale klassemobiliteten er høgare blant dei respondentane som har vore geografisk mobile.¹⁵² Det er med andre ord fleire som skiftar klasse blant flyttarane enn ikkje-flyttarane, samstundes som reproduksjonen av klasseposisjonar innanfor service- og arbeidarklassane er mindre hos flyttarane. For barn av fedre i bonde- eller rutinefunksjonærklassen aukar sannsynet for reproduksjon noko. Ein ser samstundes at for respondentar med bondebakgrunn er sannsynet for nedadgåande og oppadgåande kortdistansemobilitet *lågare* om han eller ho er mobil, medan sannsynet for langdistansemobilitet, meint som utflyt til serviceklassen og den ufaglærte arbeidarklassen, er *høgare* om respondenten er geografisk mobil enn om han eller ho er immobil. For respondentane med rutinefunksjonærbakgrunn er situasjonen den at færre hamnar i serviceklassen medan sannsynet for langdistansemobilitet inn i arbeidarklassen er større. Dette gjeld også 60-kohorten.

Det å vere geografisk mobil ser ut til å ha ein gunstig effekt for respondentar frå arbeidarklassen, og då spesielt for den ufaglærte fraksjonen. Coté (1997: 56-57) skildrar to moglege utfall av å vere geografisk mobil for medlem av arbeidarklassen: migrasjon bort frå fødestaden kan vere

¹⁵² Tabell 6.8 med fordelingane for 60-kohorten vert presentert i appendiks C.

karakterisert av ein *positivt* form for avstand, ein lausriv seg frå sosiale og kulturelle forpliktelsar og avgrensingar, samstundes som ein frigjerast frå den normative strukturen i familien. På denne måten kan det tenkjast at flyttehandlinga reduserer effekten av individets sosiale bakgrunn og samstundes svekkar *klasselukning* og fremmar sosial mobilitet.¹⁵³ Den same avstanden kan også tenkjast å ha ein *negativ* effekt på individets mobilitetssjansar då lausrivingsprosessen også kan føre til oppbrot av sosiale nettverk og familiær støtte. Som *framand* i ein tilflytta kommune kan flyttehandlinga tenkjast å skade individets mobilitetsprosess. Den fyrste forklaringa ser med andre ord ut til å skildre mekanismane bak den indirekte effekten av flyttehandlinga for den vestlandske arbeidarklassen.

Tabell 6.7: Krysstabell av samanhengen mellom fars klasse 1970 * respondentens klasse 1990 * respondentens geografiske mobilitet.. Utflytsprosentar og råfrekvensar i parentes. 55-kohorten. N= 1574. Chi-Square test*** df. 16

| | | Respondentens klasse 1990 | | | | | Total |
|----------------------|-------------------|---------------------------|-------------------|-----------------|-------------------|-------------------|-----------|
| | Fars klasse 1970 | Serviceklasse | Rutinefunksjonær | Bonde | Faglært arbeidar | Ufaglært arbeidar | |
| <i>Ikkje-flyttar</i> | Serviceklasse | 51,0 (50) | 25,5 (25) | 2,0 (2) | 10,2 (10) | 11,2 (11) | 100 (98) |
| | Rutinefunksjonær | 30,0 (12) | 40,0 (16) | 7,5 (3) | 12,5 (5) | 10,0 (4) | 100 (40) |
| | Bonde | 26,3 (45) | 29,8 (51) | 11,7 (20) | 17,0 (29) | 15,2 (26) | 100 (171) |
| | Faglært arbeidar | 26,3 (46) | 26,3 (46) | 4,0 (7) | 24,0 (42) | 19,4 (34) | 100 (175) |
| | Ufaglært arbeidar | 20,2 (36) | 27,5 (49) | 6,7 (12) | 16,3 (29) | 29,2 (52) | 100 (178) |
| | Total | 28,5 (189) | 28,2 (187) | 6,6 (44) | 17,4 (115) | 19,2 (127) | 100 (662) |
| <i>Flyttar</i> | Serviceklasse | 48,6 (68) | 23,6 (33) | 3,6 (5) | 13,6 (19) | 10,7 (15) | 100 (140) |
| | Rutinefunksjonær | 27,9 (19) | 42,6 (29) | 2,9 (2) | 14,7 (10) | 11,8 1(8) | 100 (68) |
| | Bonde | 27,4 (49) | 22,3 (40) | 14,0 (25) | 14,5 (26) | 21,8 (39) | 100 (179) |
| | Faglært arbeidar | 27,3 (74) | 34,7 (94) | 3,0 (8) | 19,6 (53) | 15,5 (42) | 100 (271) |
| | Ufaglært arbeidar | 30,7 (78) | 33,1 (84) | 6,7 (17) | 13,0 (33) | 16,5 (42) | 100 (254) |
| | Total | 31,6 | 30,7 (280) | 6,2 (57) | 15,5 (141) | 16,0 (146) | 100 (912) |

Det å vere geografisk mobil i serviceklassen ser derimot ut til å vere korrelert med *fallande* langdistansemobilitet inn i klassene for faglærte arbeidarar og bønder, medan sjansen for nedadgåande kortdistansemobilitet reduserast. Flyttehandlinga ser også ut til å slå negativt ut i høve

¹⁵³ Sjå t.d Flemmen (2009) for ei skildring av omgrepet *klasselukning*.

til å reprodusere fars klasseposisjon, reduksjonen er beskjeden på 2,4 prosentpoeng, men likefullt tilstades. Sjølv om Cotê (1997) i utgangspunktet skildrar samanhengen mellom sosial bakgrunn og migrasjon for medlem av *arbeidarklassen* kan det tyde på at den andre forklaringa kan nyttast til å skildre mekanismane bak dei tilsynelatande negative implikasjonane av serviceklassens geografiske mobilitet. For 60-kohorten ser imidlertid flyttinga ut til å ha ein langt meir positiv effekt for barn frå serviceklassen ved at fars klasse reproduserast i større grad, samstundes som langdistanse- og sektorintern mobilitet oppstår sjeldnare. Det kan altså tyde på den negative effekten vi observerer for 55-kohorten er avtakande.

Oppsummert kan det sjå ut til at flyttehandlinga for 55-kohorten er positivt korrelert med høgare plasserte posisjonar for arbeidarklasserespondentane, og då spesielt for den ufaglærte fraksjonen der den relative reduksjonen i odds for å reprodusere fars klasseposisjon er på 55% når respondenten er geografisk mobil, framfor når respondenten har vore immobil.¹⁵⁴ Samstundes finn ein at der den relative sjansen for å oppnå oppadgåande langdistansmobilitet inn i serviceklassen framfor å reprodusere fars klasseposisjon er heile 123,7% for flyttarane, er sjansen for at ikkje-flyttarane gjer det same nesten 40% *mindre* enn sjansen for at dei reproduserer fars klasseposisjon.¹⁵⁵ Altså er potensialet i flyttehandlinga stort for denne gruppa. Der Blau og Duncan hevda at flyttehandlinga føra til betre mogelegheit for *status attainment*, betrast mogelegheitane for sosiale mobilitet og sjansane for å oppnå høgare posisjonar i vårt utval - for arbeidarklassen det er. For serviceklassen er situasjonen den motsette, i alle fall for den eldste kohorten. Effekten av å vere flytta ser uansett ut til å vere sterkare positivt korrelert med mindre reproduksjon av klassenivå for arbeidarklassane, i høve til oppadgåande langdistansmobilitet er funna noko ambivalente. Hos den eldste kohorten ser nærleik til familiens ressursar ut til å til ein viss grad betre medlemmas høve for å oppnår høgare plasserte klasseposisjonar, medan avstand til *mangel på ressursar* ser ut til å slå positivt ut for arbeidarklassane. Flytteprosessen ser generelt ut til å moderere effekten av sosial bakgrunn, då reproduksjonen er lågare for topp og botn i klassehierarkiet, samstundes som sjansen for langdistansmobilitet definert som å krysse sektorbarrieren mellom manuelle og ikkje-manuelle klassar er større. Hos 60-kohorten ser vi imidlertid at mobile individ i større grad reproduserer fars utdanningsnivå i den ikkje-manuelle sektoren og hos bøndene, dog ikkje i arbeidarklassane. Det er imidlertid antatt at det finnast store skilnader i effekten av flyttehandlinga langs den geografiske dimensjonen, og at tilflyttingsstad også er ein relevant faktor. Som vi hugsar frå kapittel 2 hevdar

¹⁵⁴ Reduksjon i odds: $OR=0,198/0,442=0,44-1=0,55$.

¹⁵⁵ $OR=$ same posisjon som far/ikkje same posisjon som far: Ikkje-flyttarar: $OR=0,253/0,412=0,614$, Flyttarar: $OR=0,443/0,198=2,237$.

Rye (2006a: 64) blant anna at rural til urban migrasjon hos den øvre sosiale klassen i rurale strøk er gunstigare enn for andre sosiale klassar, ein konklusjon som impliserer at dei mønstera som er avdekka i våre analysar kan ha geografiske variasjonar, der situasjonen for serviceklassen kan vere den motsette om vi hadde korrigert for respondentens fødekommune. Dette har vi diverre ikkje høve til å studere fullt ut i den føreliggjande studien.

6.4 Oppsummering av funn og konklusjon

Når det kjem til å svare på den fyrste problemstillinga (9) er det i hovudsak tre konklusjonar som må dras. For det fyrste har reproduksjonen av sosiale posisjonar i serviceklassen vore omfattande. For det andre ser ressursar i form av utdanningskapital ut til å ha spelt ein sentral rolle i respondentanes formasjonar av mobilitetsstrategiar, samstundes som respondentens eigen utdanning har hatt ein direkte og sterk effekt på klassestatus. For det tredje vert det tydeleg at barrierane mot fallande langdistansemobilitet for barn av fedre i serviceklassen har vore svært sterke. Samstundes framstår også barrierane mot langdistansemobilitet for barn med arbeidarklassebakgrunn i den ufaglærte fraksjonen til å finne vegen inn i serviceklassen å ha vore langt sterkare enn kva som er tilfellet for respondentar med bakgrunn i den faglærte fraksjonen av arbeidarklassen. Desse funna har vore knytt opp mot Goldthorpes (2000) teori om mobilitetsstrategiar. Vidare har vi sett at klassestrukturen er vorte meir middelklasseprega hos barnegenerasjonen, ved at innflyten til dei ikkje-manuelle klassane har vore omfattande og samanfallande med ein sterk reduksjon i arbeidarklasseposisjonar og posisjonar knytt til primærnæringane her representert ved bondeklassen. Vi såg likevel at bondeklassen framleis var ein svært homogen gruppe, det same verkar å vere tilfellet for serviceklassen. Ein mogleg forklaring på den omfattande reproduksjonen innad i serviceklassen er at dette har vore relatert til mekanismar knytt til det omtala skifte i økonomi- og marknadsstrukturen med omsyn til primærnæringas svekka rolle i økonomien i den aktuelle tidsperioden. I fylgje Ramsøy (1977: kap.8) handlar det i stor grad om å kunne tilpasse seg den nye service- og tenestorienterte økonomien. For respondentar med bakgrunn frå dei ikkje-manuelle klassane er dette kjend territorium og denne gruppen kan med dette ha ein fordel samanlikna med respondentar med bakgrunn i klassane der kjende miljø og arbeidstilbod stadig skrumpar inn.

Det går også fram av dei empiriske analysane at klassestrukturen per 1990 er svært kjønnsesifikk, og at kvinners aukande sysselsetting truleg står for store delar av den framviste mobiliteten. Blant anna finn Ringdal (1990: 210) at kvinner uavhengig av klasse har ein tendens til å samle seg i klassen for rutinefunksjonærar. Slik at kjønnskilnadane ser ikkje ut til verte mindre, heller kan det

tyde på at kvinner i stor grad samla seg i enkelte grupper (sjå t.d Ringdal 1990: 57). Vi fann også at fars utdanning ikkje har ein signifikant effekt på respondentens utdanning i vårt utval. Grunnen til dette er usikkert, men ein mogleg forklaring kan vere knytt til den statistiske formuleringa av parameterestimater og standardfeil og det at modellen har eit vesentleg mengd tomme cellar. Eller så er det rett og slett slik at effekten av fars utdanning forsvinn når vi kontrollerer for respondentens eigen utdanning.

På bakgrunn av dei empiriske analysane konkluderast det med at sosiale klassar vert reproduisert intergenerasjonelt i utvalet. Tek vi for oss utviklinga frå den eldste til den eldste kohorten finn vi også at tendensen er aukande. Blant anna fann vi at arbeidarklassens sjansane for å krysse sektorgrensa over til ikkje-manuelle klassar minkar fram mot den yngste kohorten, spesielt gjeld dette for mobilitet inn i serviceklassen, samstundes som denne klassen i større grad er sosialt immobile. Dei observerte tendensene og mønstra teiknar seg i stor grad som forventeta, og samsvarar på lang veg med funna som er gjort i forskingslitteraturen det er referert til i denne studien. Klassestrukturane ser også ut til å vere relativt stabile, om vi ser bort i frå den mobiliteten som kan tilskrivas den gjensidig forsterkande tendensen med primærnærings svekka rolle og tertiærnærings vekst.

I høve til analysens tredje (11) og fjerde (12) problemstilling må vi starte med å fastslå betydninga av at fødekommune hadde ikkje ein signifikant effekt på respondentens klasse i regresjonsmodellen, og at heller ikkje krysstabellane støtta opp under fødekommunens relevans for respondentens klasseposisjon. I høve til krysstabellane kan vi likevel vere tilbøyelege til å tileigne resultatane substansiell verdi, då den totale samanhengen i modellen var signifikant.

Den overordna konklusjonen er at mobilitetsmønstra har vore relativt stabile og mobilitetsbanane og -barrierane mykje dei same langs den geografiske dimensjonen. Det framgår også at regionen i etterkrigstida og fram mot starten av 1990-talet har vore prega av systematisk ulikskap i livssjansar. Det er tydeleg at ulik komposisjon og mengd ressursar i respondentens familiebakgrunn avgjer kvar ein har enda opp i det sosiale systemet, spesielt i det høve at reproduksjonen av dei mest privilegerte klasseposisjonane har vore omfattande. Det er imidlertid usikkert i kva grad vi kan bekrefte Blau og Duncans (1967) teori om universalisme og industrialisme. Sett bort i frå enkelte tilsynelatande tilfeldige eller strukturspesifikke tilfelle, tydar analysane av samanhengen mellom klassebakgrunn, eigen klasse og fødekommune på at det har vore liten variasjon i mobilitetsmønstra mellom dei ulike kommunekategoriene. Det kan sjå ut til at respondentens oppvekstkonteksten *ikkje* fortøner seg

som ein stratifiserande mekanisme på klasse i form av sin sosiokulturelle og strukturelle eigenart då mobiliteten ser ut til å formast ved den same logikken uansett geografisk opphav i det aktuelle tidsrommet. Goldthorpe og Erikson (1992) finn også at dei relative mobilitetssjansane er stabile over tid og forklarar dette som vi har innom tidlegare med at individet legg mobilitetstrategiar som er forma av ressursgrunnlaget i familien, slik at den relative mobiliteten og mobilitetsmønstra vil vere tilnærma like og stabile over tid i alle industrialiserte samfunn.

På tross av dette observerast store variasjonar i den totale sosiale mobiliteten på tvers av kommunekategoriene. Som diskutert over kan mykje av dette tilskrivas karakteren av dei strukturelle endringane, men ikkje all variansen synast å kunne forklarast i strukturelle høve. Delar av denne trenden antas å kunne tilskrivas sosiokulturelle tilhøve i dei ulike kommunekategoriene og den historiske arven som karakteriserer ulike samfunnstypar, som skildra i høve til den omfattande mobiliteten i dei minst sentrale kommunane. På den andre sida fann vi at sjansane for å krysse sektorenbarrieren mellom dei manuelle og ikkje-manuelle klassane har vore høgast i dei mest sentrale kommunane eller der tenestenæringa er dominerande, og at sjansane for dette var minst i dei blanda- landbruks og industrikommunane. På denne måten kunne det sjå ut til at hypotesen til Lipset og Bendix (1992 [1959]) om det opne bysamfunnet kunne bekreftast, det viste seg imidlertid at sjansane for oppadgåande langdistansemobilitet også var høge i primærnæringskommunane slik ein slik konklusjon likevel ikkje kunne dras med særleg tyngde på bakgrunn av resultatane frå våre analysar. Sjansane for oppadgåande mobilitet og høva for å oppnå klasser høgt oppe i klassehierarkiet framstår med dette som forventa å vere best i sentrale strøk, men dette er som nemnd ein konklusjon med visse atterhald.

Avslutningsvis fann vi at migrasjon var positivt korrelert med høgare klassestatus og høgare sosial mobilitet. Det kan også tyde på at flyttehandlinga til har moderert effekten av sosial bakgrunn, og for 55-kohorten gjeld dette spesielt i ytterkantane av klassehierarkiet. Flyttehandling har med andre ord hatt ulik effekt alt etter kva klassebakgrunn respondenten har hatt. Respondentar med arbeidarklassebakgrunn har også i fylgje tabell 6.7 flytta i langt større grad enn respondentar frå dei ikkje-manuelle klassane, slik at det kan tyde på at migrasjon for mange indirekte har vore ein kjelde til sosial mobilitet. Det er imidlertid usikkert om det kan hevdast at flyttehandlinga har vore utjamnande for sosial ulikskap som hevda frå Blau og Duncan (1967). Som for utdanning er vert det klart at sjølv om flyttehandlinga til ein viss grad har moderert effekten av sosial bakgrunn har dei same klassebarrierane og -banane vore tydelege også for flyttarane.

7 Avslutning

Denne oppgåva har hatt som mål å studere samanhengane mellom sosial bakgrunn, geografisk opphav, geografisk mobilitet og sosial posisjon. Den sosiale ulikskapen har vorte studert gjennom tre dimensjonar: *utdanning*, *klasse* og *geografisk opphav*. Dei to fyrstnemnde har vore definert som hierarkisk ordna system, der mobilitet oppover og nedover i den sosiale strukturen har vore det analytiske fokuset. Den sistnemnde dimensjonen har vorte vurdert som ein stratifiserande mekanisme for den sosiale og geografiske mobiliteten i dei sosiale strukturane.

Tre generelle problemstillingar har lege til grunn for denne studien: (1) I kva grad kan ein hevde at sosiale posisjonar er eit resultat av tilskrivne eller oppnådde prestasjonar for individ fødde og busette i Vestlandsregionen? (2) Kva betydning har flyttehandlinga for respondentens sosiale posisjon, og er flytting klassestrukturert? (3) Finn ein ulike mønstre i sosial og geografisk mobilitet langs den geografiske dimensjonen? For å besvare desse spørsmåla har det vore nytta logistisk regresjonsanalyse og krysstabellanalyse, der spørsmåla har vore tilnærma gjennom tre analysekapittel som har teke for seg høvesvis geografisk-, utdannings- og klassemobilitet. Det vart også formulert eit sett meir spesifikt definerte problemstillingar for kvart analysekapittel, tretten totalt. I dette kapitlet vil funna frå desse analysane oppsummerast og dei teoretiske og samfunnsmessige implikasjonane av funna vil deretter bli diskutert. Vidare vil det føreliggje ei kort drøfting av svake sidar ved studien der eg vil peike på eventuelle endringar som potensielt kunne ha styrka studiens forklaringskraft, før det avslutningsvis vert formulert spørsmål som kan gjerast til gjenstand for vidare forskning.

7.1 Hovudfunn

Den selektive flyttehandlinga som geografisk og sosial strukturert

Forventinga om at den selektive flyttehandlinga er klassestrukturert vert styrka med resultatata frå kapittel 4 der vi såg at sjansane for å vere flytta *ikkje* fordelte seg likt på respondentane i utvalet. Hypotesen om den klassestrukturerte flyttehandlinga bekreftast på lang veg. Samstundes vart det som venta klart at kvinner totalt sett hadde langt høgare sjansar for å vere geografisk mobile enn menn. Det vart avdekka tydelege geografisk bestemte skilnader i flyttesjansar, slik at der sjansane for å vere flytta generelt var høgast for barn av lågt utdanna fedre og barn frå arbeidarklassen, avdekka dei vidare analysane at dette i hovudsak var tilfellet i dei sentrale og tenesteytande kommunane. Med eitt unntak var tendensen elles at flyttesjansane hadde auka med aukande utdanningsnivå hos far. Det same mønsteret var tydeleg også når det gjald klassebakgrunn - barn frå

dei *mest* privilegerte klassebakgrunnane var i størst grad mobile på bygda (den ikkje-manuelle klassesektoren), og i industrikommunane, medan det var barna med dei *minst* privilegerte klassebakgrunnane (den manuelle klassesektoren) som var mest mobile i byane. Her peika resultata imidlertid på at det klassestrukturerte flyttemønsteret var korrelert med utdanningsnivået i klassane, og at flyttepraksisen var tett knytt til dette.

Desse funna styrka også hypotesen om heterogene geografiske mønster i klassestrukturerte sjansar for å vere geografisk mobil. Større grad av urbanisering og modernisering var imidlertid ikkje analogt med mindre klassekilnader - tvert imot tyda det på at det respondentar med opphav i dei *minst* sentrale kommunane hadde størst sjanse for å vere geografisk mobile, og det kan også sjå ut til at bygdene var meir egalitære enn byane, spesielt om den sosiale ulikskapen i flyttesjansar studerast ut i frå klassesjansane. Den utdanningsrelaterte flyttestrukturen ser ut til å ha vore knytt til den geografiske skeivfordelinga av utdanningsinstitusjonar, og ulik utdanningspraksis hos respondentar av ulikt opphav. Analysane viste også at geografisk mobilitet var sterkt korrelert med respondentens *utdanning* - som forventet gav høgare utdanning høgare sjansar for å vere flytta.

Den sosialt og geografisk strukturerte utdanningsmobiliteten

I kapittel 5 fann vi som venta at sjansen for å velje høgare utdanning hadde auka i alle klassar, og at det hadde vore ein generell auke i etterspurnaden etter høgare utdanning i den aktuelle tidsperioden. Dei relative utdanningssjansane var likevel tydeleg klassestrukturerte - utdanningsposisjonar vart reproduisert intergenerasjonelt og som vi forutsåg var det også slik at dess høgare opp i utdanningshierarkiet ein kom, dess høgare sjansar hadde barnet for å ta høgare utdanning. Det vart også tydeleg at sjansane for at respondenten hadde avslutta utdanningsløpet etter den obligatoriske skulegangen fall gradvis dess lenger opp i klassehierarkiet ein kom, og at barrierane mot fall frå det høgaste nivået i utdanningshierarkiet til det lågaste nivået var svært sterke. Samstundes avvisast hypotesen om det opne bysamfunnet. Det konkluderast med at det i den aktuelle tidsperioden *er* strukturelle skilnader i mønster for reproduksjon av utdanningsnivå og utdanningsmobilitet for ulike geografiske kontekstar i Vestlandsregionen, men at det er vanskeleg å gje klare definisjonar av kva dei interne mobilitetsmønstra reflekterer i form av strukturelle og kulturelle skilnader då resultata tidvis er noko ambivalente. Ein overordna konklusjon dras imidlertid; utdanningsmobiliteten i dei minst sentrale kommunane var både meir omfattande og til dels mindre klassestrukturert enn kva som var tilfellet i dei meir sentrale, eller tenesteytande kommunane,

Resultata frå dei empiriske analysane tyda også på at dei geografisk mobile respondentane samla sett har oppnådd høgare utdanningsposisjonar enn dei immobile respondentane. Her var imidlertid kausaliteten i funnet usikker slik at det er ikkje klart om dette var ein effekt av at høgare utdanna individ i større grad er mobile *før* fullført utdanning, eller om dei i større grad er mobile *etter* fullført utdanningsløp. I mobilitetstabellane vart det dessutan synleg når flyttarane og ikkje-flyttarane vart sett opp mot kvarandre at flyttehandlinga også ser ut til å ha hatt ein medierande effekt på sosial bakgrunn, men at dei relative ulikskapsstrukturane forblir nokså uendra.

Den sosialt strukturerte intergenerasjonelle klassemobiliteten

Vi dro fleire viktige konklusjonar om intergenerasjonell mobilitet i kapittel 6. Oppsummert fann vi at sosiale klassar vart reproduisert intergenerasjonelt, dette såg også ut til å ha vore ein aukande tendens. Spesielt var reproduksjonen av sosiale posisjonar i serviceklassen omfattande, og det såg ut til å eksistere sterke barrierar mot nedadgåande langdistansemobilitet for barn av fedre i serviceklassen. Det var samstundes klart at respondentens utdanning har hatt ein direkte og sterk effekt på klasseposisjon, og at eigne og arva ressursar i form av utdanningskapital ser ut til å spele ein sentral rolle i respondentanes mobilitetsstrategiar.

Klassestrukturen har frå fedregenerasjonen til barnegenerasjonen vorte meir middelklasseprega, slik at utflyten til dei ikkje-manuelle klassane har vore omfattande og samanfallande med ein sterk reduksjon i arbeidarklasseposisjonar og posisjonar knytt til primærnæringane. Det går også fram av analysen at klassestrukturen i barnegenerasjonen var tydeleg kjønnsespesifikk, då kvinner uavhengig av klasse hadde ein tendens til å samle seg i klassen for rutinefunksjonærar. Når det gjeld respondentens geografiske opphav er den overordna konklusjonen den at på tross av at regionen var tydeleg prega av systematisk ulikskap i livssjansar, var det liten variasjon i mobilitetsmønstra mellom dei ulike kommunekategoriene. Respondentens oppvekstkontekst såg *ikkje* ut til å fortone seg som ein stratifiserande mekanisme på klasse i form av sin sosiokulturelle og strukturelle eigenart, då mobiliteten ser ut til å ha vorte forma ved den same logikken uansett geografisk opphav. Det var imidlertid slik at sjansane for oppadgåande langdistansemobilitet i klassehierarkiet såg ut til å ha vore best i dei sentrale strøka eller i område som var dominert av tenestesektoren. På tross av dette var det store variasjonar i den totale klassemobiliteten på tvers av kommunekategoriene, der noko av variasjonen vart tilskrive sosiokulturelle skilnader mellom ulike sosiale system.

Avslutningsvis fann vi at migrasjon var positivt korrelert med høgare klasseposisjonar og høgare sosial mobilitet. Det kan også tyde på at flyttehandlinga til ein viss grad har moderert effekten av

sosial bakgrunn, og då spesielt i for arbeidarklassane. Flyttehandlinga har med andre ord hatt ulik effekt alt etter kva klassebakgrunn respondenten har hatt. Som for utdanning vert det klart at sjølv om flyttehandlinga til ein viss grad har moderert effekten av sosial bakgrunn har dei same klassebarrierane og -banane vore tydelege også for flyttarane.

7.2 Teoretiske implikasjonar

Denne studien har utfordra Blau og Duncans (1967) liberale hypotese om sosial mobilitet og aukande universalisme i det post-moderne industrialiserte samfunnet både teoretisk og empirisk. Gjennom Goldthorpes (2000) *rasjonell-aktør teori* om reproduksjon av sosial ulikskap, kulturelle og strukturelle teoriar om geografiske skilnader i sosial mobilitet representert ved Lipset og Bendix' (1992 [1959]) teori om *community of orientation* og Rokkans (1987 [1966]) skildringar av kulturelle konfliktliner i det norske samfunnet, har oppgåva hatt som mål å avdekke sosiale og geografiske skiljeliner og ulikskap i Vestlandsregionen, og med dette svekke den liberale hypotesen. Også Bourdieus (2010 [1984], 1992) kulturelle teori om *habitus* og *sosiale felt* har vorte nytta for å skildre mekanismane bak sosialt strukturerte handlingar.

Vi har gjennom våre empiriske analysar demonstrert at sosial bakgrunn framleis er av relevans når ein skal studere sosial ulikskap i Noreg i ein etterkrigstid prega av velferdsauke, økonomisk vekst og utdanningseksponasjon. Konklusjonen er at sosial arv har vore ein sentral determinant for kvar i det sosiale hierarkiet respondentane i vårt utval har enda opp, både gjennom dei direkte effektane av sosial bakgrunn, og indirekte effektar som eigen utdanning og migrasjon. Spesielt har Goldthorpes teori om mobilitetsstrategiar vist seg å vere føremålstenleg for å studere sosial ulikskap, då dei empiriske analysane visar at det i stor grad er dei same mekanismane som genererer ulikskap på tvers av geografisk opphav, sjølv om det kan sjå ut til at enkelte samfunn har vore noko mindre prega av rigide klassestrukturar enn andre, noko som kan tilskrivas strukturelle og delvis kulturelle eigenskapar ved den geografiske konteksten. Respondentens rørsler ser i stor grad ut til å kunne forklarast ut i frå mekanismane bak teorien om relativ risikoaversjon, og ressursnivået i respondentens familie. Konklusjonen er at ein framleis bør snakke om sosial ulikskap som hefta med klasse. Dette hevdast då analysane av 1955- og 60-kohortane i Vestlandsregionen har illustrert at sosial ulikskap på tross av den generelle moderniseringa og velferdsauka i eit tilsynelatande egalitært og meriokratisk Noreg i etterkrigstida har vore hefta med klasseskilnader. Utdanning ser imidlertid ut til å samla sett å ha vore den sterkaste forklaringsvariabelen. Sosial bakgrunn, og då spesielt utdanningsbakgrunn, har for barna som vaks opp på 60- og 70-talet hatt stor betydning for kvar desse barna har hamna i utdanningshierarkiet. Når det kjem til dei kulturelle og strukturelle

faktoranes evne til å skildre sosiale skiljelinjer mellom geografisk definerte sosiale system er konklusjonen at desse teoriane til ein viss grad har vore eigna til å skildre mekanismane bak skilnader i den sosiale ulikskapsstrukturen. Lipset og Bendix' (1992 [1959]) *community of orientation* teori tilsa at bysamfunnet, eller det urbaniserte samfunnet, burde vore den opnaste samfunnet med høgast førekomst av sosial mobilitet, men denne hypotesen avvisast gjennom våre analysar. Som nemnd over fann vi imidlertid at klassemobiliteten var høg i dei sentrale kommunane, men at dette også var høvet i primærnæringskommunane, slik at vi ikkje kunne dra slutninga at bysamfunn var opnare for klassemobilitet enn bygdesamfunna. Mekanismane bak den geografisk definerte ulikskapen som vert avdekka kan likevel tenkjast å overførast til våre funn, det tydar imidlertid på at det er andre faktorar som har hatt innverknad på korleis den sosiale mobiliteten vert frambrakt. Rokkans (1987 [1966]) skildringar av kulturelle skiljelinjer ser ikkje ut til å forklare den ulikskapen som er avdekka på tvers av kommunekategoriene i nemneverdig grad. Dette kan indikere at dei konfliktlinene som dras av Rokkan ikkje lenger eksisterer i den formen det går fram av dette teoretiske rammeverket i tidsrommet vi har studert. Det skal også nemnast at Rokkans kulturelle skiljelinjer fyrst og fremst er meint å skildre partipolitisk strid og politisk ulikskap og konflikter mellom sentrum og periferi, og at det er mogeleg at dei konfliktlinene som dras ikkje er like høvelege til å skildre geografisk definerte sosiale skilnader. Det kan imidlertid sjå ut til at individets geografiske, men også til dels sosiale, mobiltet har vorte forma av lokal praksis, noko som potensielt kan forklarast ut i frå i sosiokulturelle skilnadar mellom bygd og by.

Det kan sjå ut til at samfunnsutviklinga har gått i retning av ein viss kulturell konvergens på tvers av lokale kontekstar, men at dei strukturelle skiljelinjene framleis har spelt ein sentral rolle i å forme individets geografiske og sosiale mobilitet. Sjølv om det vart avdekka heterogene mønster for sosial mobilitet kan det altså sjå ut til at ein har gått mot ein viss geografisk konvergens, medan ein ikkje kan påstå det same om den sosiale strukturen.

I høve til hypotesen om sosial utjamning som fylgjer av aukande industrialisme kan det faktisk sjå ut til at mobilitetsratene stagnerer noko i samfunn som i høgare grad er urbaniserte og moderniserte. Slik at det vi tilsynelatande finn er at respondentar frå dei samfunna som har vore sterkast prega av tradisjonelle næringar og kultur ser ut til oppleve større grad av både geografisk og sosial mobilitet enn kva respondentar frå samfunn som har kome lenger i moderniseringsprosessen har, altså kommunane som er dominert av tenestesektoren, og dei mest sentrale kommunane.¹⁵⁶

¹⁵⁶ Sjå t.d. Hjellbrekke (2007) for liknande resonnement.

